



Universitetet  
i Stavanger


FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG  
HUMANIORA

# MASTEROPPGÅVE

**Studieprogram:** Lektorutdanning for trinn 8-13  
med fordjuping i nordisk- og lesevitenskap

Vårsemesteret, 2021  
Open

**Forfatter:** Olav Fransson Drangeid

  
(signatur forfatter)

**Rettleiar:** Bjørn Kvalsvik Nicolaysen

**Tittel på masteroppgåva:** Koronadiskursen. Korleis gjekk han så bra? Ein kommunikasjonsanalyse av tre pressekonferansar frå då landet stengde ned

**Engelsk tittel:** Norway's Corona-discourse. How did it go so well? A discourse study of three press conferences from when Norway closed down

**Emneord:**

Retorisk strukturteori (RST)  
Klarspråk  
Koronapandemien 2020  
Retorikk  
Kommunikasjonsanalyse  
Diskursanalyse

**Tal på sider:** 75 (ekskludert framside, samandrag, føreord, innhaldsliste, figuroversikt, figurar, blanke sider, litteraturliste og vedlegg)

+ **vedlegg/anna:** 168

Stavanger, 10.05.2021

**Dato/år**

## SAMANDRAG

Avhandlinga er ei utforsking av dei kommunikative strategiane til Regjeringa, HD og FHI under den innleiande fasen av pandemien våren 2020. Eg har nytta *retorisk strukturteori* som metode i ein klarspråktematisk analyse av tre transkriberte pressekonferansar: *Landet stenger ned* frå 12.03.2020, *Skjerpande tiltak* frå 19.03.2020 og *Oppmjuking* frå 07.04.2020.

I ein førebuande del blir det gjort ein analyse av *den retoriske situasjonen* tekstane opererer innanfor, dette for å etablere ei forståing av kva omgjevnader og intensjonar som er gjeldande for materialet. I dei følgjande RST-analysane blir tekstane studerte med å sjå på tilhøva mellom tekstsegment, og i vurderingar av kva funksjonar som ligg nedfelt i desse relasjonane. RST-metoden har vist seg som særskild nyttig i å gjere elles omfattande materiale oversiktleg og heilskapleg gjennom visuelle strukturmodellar, og opna for å studere uttrykk for kommunikative strategiar på ei hand, og klarspråkspraksis på anna.

Utanfortekstlege retoriske dimensjonar blir løfta ut av RST-metoden, og drøfta i eit kapittel for seg.

## FØREORD

Ein kan trygt seie at mitt (førebels) siste studieår blei noko utanom det vanlege. ‘’Amputert’’ er eit høveleg ord. Førelingar har hoppa uregelmessig mellom det digitale og det fysiske, med vekslande hell. Medstudentar har blitt eit heller sjeldan skode. Frå tidlegare å ha arbeidd frå lesesal med fri tilgang til bibliotek, har det meste av arbeidet av avhandlinga blitt skriva ved stovebordet. Nett difor er det tydelegare enn noko gong nett kva det betyr å ha god hjelp og støtte, og eg er særst takksam for at eg ikkje har vore aleine – verken i arbeidet eller i det daglege.

Først ein takk rettleiaren min, *Bjørn Kvalsvik Nicolaysen*. Du har vist tolmod, og har gitt meg mange gode råd eg neppe ville klart meg utan. Du veit å vere kritisk når det høver seg, men du sparar heller ikkje på oppmuntrande ord når du er nøgd! Diskusjonane har vore mange, og nokre naudsynte revisjonar har det også blitt. Sjølv synsinga innimellom har eg sett umåteleg stor pris på. Takk for du har vore tilgjengeleg, trass alt, og for at du har leia meg inn i det ordentlege akademien.

I eit anna liv ville eg nok budd aleine i ein liten studenthybel på fem kvadrat, med berre meg sjølv som selskap. Eg er utruleg takksam for at dette ikkje er tilfellet, og vil rette ein stor takk til *Joakim* og *Maria* for selskap, sosialisering, diskusjonar og trøyst gjennom pandemien!

*Bror*, *søster*, og alle fantastiske *onkelungar* fortener også ein stor takk for støtte og tolmod. Snart kan me ta igjen litt av den tapte tida, og eg gler meg veldig! Og takk Pappa, for «ørkenvandringa av eit korrekturarbeid»!

*Medstudentar* og *venar* kunne eg heller ikkje klart meg utan. Takk for dei få gongene me har hatt høve til å treffast, og til *Bryne-gjengen* for mange avlastande speletimar og digitale treff. Dokker har gitt meg fri og glede i ein elles travel, og uvanleg dyster, pandemikvardag.

Takk!

# INNHALDSLISTE

<b>1 INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
<b>1.1 PRESENTASJON AV PROSJEKTET</b>	<b>2</b>
<i>Oppgavas framferd</i> .....	2
<i>Om klarspråksfeltet</i> .....	4
<i>Klarspråk i dag, og relevans for oppgåva</i> .....	6
<b>2 TEORI, MATERIALE OG METODE.....</b>	<b>9</b>
<b>2.1 TEORETISKE PERSPEKTIV</b>	<b>9</b>
<i>Kva er ein tekst?</i> .....	9
<i>Tekst og kontekst</i> .....	10
<i>Multimodalitet</i> .....	11
<i>Det retoriske perspektivet</i> .....	12
<i>Meining som forhandling</i> .....	16
<i>Retorisk strukturteori</i> .....	18
<b>2.2 MATERIALET</b>	<b>20</b>
<b>2.3 TEKSTHANDSAMINGA</b>	<b>21</b>
<b>2.4 METODOLOGISKE REFLEKSJONAR</b>	<b>24</b>
<b>3 ANALYSE AV PRESSEKONFERANSAR.....</b>	<b>27</b>
<b>3.1 DEN RETORISKE SITUASJONEN</b>	<b>27</b>
<i>Problemet</i> .....	28
<i>Publikummet</i> .....	29
<i>Tvingande omgjevnader</i> .....	32
<i>Situasjonen endrar seg: «Skjerpande tiltak» og «Oppmjuking»</i> .....	35
<b>3.2 A1 - STRUKTURANALYSE AV «LANDET STENGER NED»</b>	<b>37</b>
<i>Statsminister Erna Solberg (A1.1)</i> .....	38
<i>Helse- og omsorgsminister Bent Høie (A1.2)</i> .....	44
<i>Helsedirektør Bjørn Guldvog (A1.3)</i> .....	47
<i>Direktør Camilla Stoltenberg (A1.4)</i> .....	48
<i>A1 under eitt</i> .....	49
<b>3.3 A2 – STRUKTURANALYSE AV «SKJERPANDE TILTAK»</b>	<b>51</b>
<i>Justis- og beredskapsminister Monica Mæland (A2.1)</i> .....	53
<i>Helse- og omsorgsminister Bent Høie (A2.2)</i> .....	56
<i>Fungerande assisterande direktør i Helsedirektoratet, Espen Nakstad (A2.3)</i> .....	59
<i>Avdelingsdirektør i Folkehelseinstituttet, Line Vold (A2.4)</i> .....	61
<i>A2 under eitt</i> .....	63
<b>3.4 A3 – STRUKTURANALYSE AV «OPPMJUKING»</b>	<b>64</b>
<i>Statsminister Erna Solberg (A3.1)</i> .....	65
<i>Helse- og omsorgsminister Bent Høie (A3.2)</i> .....	72
<i>Kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby (A3.3)</i> .....	79
<i>A3 under eitt</i> .....	81
<b>4 FORBI RST: DUGNAD OG HELTAR.....</b>	<b>85</b>
<b>4.1 DEI «NORSKE» FØRESETNADENE</b>	<b>85</b>
<i>Det store vi-et</i> .....	86
<i>Velferdspremissen</i> .....	87
<i>Kvifor var dugnadsappellen så effektiv?</i> .....	88
<i>Dugnadens etterspel</i> .....	89
<b>4.2 HELTANE, OG KVA SOM SKAPTE DEI</b>	<b>90</b>
<i>Han som snakkar sakte</i> .....	91
<i>Andletet på ein pandemi</i> .....	92
<i>Den stoiske kunnskapsformidlaren</i> .....	94
<i>Eit truverdig samspel</i> .....	95
<b>5 AVSLUTNING.....</b>	<b>97</b>
<b>6 LITTERATURLISTE.....</b>	<b>99</b>
<b>7 VEDLEGG.....</b>	<b>107</b>

# FIGUROVERSIKT

FIGUR 1: MODELL FOR AUTOPOIESIS .....	17
FIGUR 2: DØME PÅ RELASJON MELLOM SATELLITT OG KJERNE.....	19
FIGUR 3: DØME PÅ RELASJON MELLOM TO KJERNAR .....	19
FIGUR 4: FRAMSTILLINGSMODELL, MATERIALKATEGORI A .....	20
FIGUR 5: RETORISKE RELASJONAR, FØRT OVER OG DEFINERT ETTER MANN & TABODA (2005-2018).....	24
FIGUR 6: SKJERMDUMP FRÅ «KORONASITUASJONEN: PRESSEKONFERANSE OM NYE TILTAK FOR Å BEKJEMPE KORONAVIRUSET» .....	33
FIGUR 7: SKJERMDUMP FRÅ: «KORONASITUASJONEN: PRESSEKONFERANSE OM HÅNDTERING AV KORONAEPIDEMIEN».....	35
FIGUR 8: SKJERMDUMP FRÅ «KORONASITUASJONEN: PRESSEKONFERANSE OM KORONA-TILTAK» .....	36
FIGUR 9: GLOBALT NIVÅ (A1).....	37
FIGUR 10: A1.1 - RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	38
FIGUR 11: A1.1 - SEGMENTFORLØP 3-25 .....	39
FIGUR 12: A1.1 - SEGMENTFORLØP 15-25 .....	40
FIGUR 13: A1.1 SEGMENTFORLØP 26-35 .....	41
FIGUR 14: A1.1 SEGMENTFORLØP 36-46 .....	43
FIGUR 15: A1.1 SEGMENTFORLØP 47-66 .....	43
FIGUR 16: A1.2 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	44
FIGUR 17: A1.2 SEGMENTFORLØP 11-22 .....	46
FIGUR 18: A1.3 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	47
FIGUR 19: A1.4 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	48
FIGUR 20: A1.4 - DØME PÅ OPPSUMMERING.....	49
FIGUR 21: GLOBALT NIVÅ (A2).....	51
FIGUR 22: A2.1 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	53
FIGUR 23: A2.1 SEGMENTFORLØP 1-8 .....	53
FIGUR 24: A2.1 SEGMENTFORLØP 15-72 .....	54
FIGUR 25: A2.1 SEGMENTFORLØP 18-33 .....	55
FIGUR 26: A2.2 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	56
FIGUR 27: A2.2 SEGMENTFORLØP 45-67 .....	56
FIGUR 28: A2.3 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	59
FIGUR 29: A2.3 SEGMENTFORLØP 24-29 .....	60
FIGUR 30: A2.4 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	61
FIGUR 31: A2.4 SEGMENTFORLØP 24-28 .....	62
FIGUR 32: GLOBALT NIVÅ (A3).....	65
FIGUR 33: A3.1 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	65
FIGUR 34: A3.1 SEGMENTFORLØP 5-13 .....	66
FIGUR 35: A3.1 SEGMENTFORLØP 14-20 .....	67
FIGUR 36: A3.1 SEGMENTFORLØP 17-20 .....	67
FIGUR 37: A3.1 SEGMENTFORLØP 25-90 .....	68

FIGUR 38: A3.1 SEGMENTFORLØP 27-29 .....	69
FIGUR 39: A3.1 SEGMENTFORLØP 33-35 .....	69
FIGUR 40: A3.1 SEGMENTFORLØP 36-48 .....	70
FIGUR 41: A3.1 SEGMENTFORLØP 83-90 .....	72
FIGUR 42: A3.2 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN).....	72
FIGUR 43: A3.2 SEGMENTFORLØP 1-12 .....	73
FIGUR 44: A3.2 SEGMENTFORLØP 13-19 .....	74
FIGUR 45: A3.2 SEGMENTFORLØP 23-32 .....	75
FIGUR 46: A3.2 SEGMENTFORLØP 33-41 .....	76
FIGUR 47: A3.2 SEGMENTFORLØP 59-68 .....	77
FIGUR 48: A3.2 SEGMENTFORLØP 69-76 .....	77
FIGUR 49: A3.2 SEGMENTFORLØP 77-81 .....	78
FIGUR 50: RETORISK STRUKTUR (OVERSYN) .....	79
FIGUR 51: A3.3 SEGMENTFORLØP 2-7 .....	80
FIGUR 52: A3.3 SEGMENTFORLØP 8-17 .....	80
FIGUR 53: A3.3 SEGMENTFORLØP 58-60 .....	81

# 1 INNLEIING

«Han snakkar med så korte setningar.» sa ein ven av meg ein aprilkveld i 2020, etter å ha sett Bent Høie på pressekonferanse tidlegare på dagen. Ein enkel observasjon. Ikkje noko han eigentleg reflekterte over. Kommentaren fekk meg derimot til å undre, og i ettertid må eg seie at eg blei særskild merksam på korleis helseministeren kommuniserte. Det slo meg raskt at han berre var ein del av ei større kommunikatív eining.

Regjeringa og helseministeren hadde rolle som politiske figurar med mål om å overtale, motivere og forsikre. På anna hald stod Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet. Folkehelseinstituttet, ved Camilla Stoltenberg, slo meg som ei fagleg røyst med vekt på å formidle talmateriale og forskning med ein sakleg og presis rasjonalitet. Helsedirektoratet ved helsedirektør Bjørn Guldvog, og seinare fungerande assisterande helsedirektør Espen Nakstad, formidla forståeleg råd og rettleiande informasjon til befolkninga, og gjorde med dette til dels omfattande informasjon forståeleg for folk flest.

Eg var frå byrjinga av usikker på om ei slik tredeling av krisekommunikasjonen var føremålstenleg. Mange vil argumentere for at oppstykking av kommunikasjon skaper grunnlag for konflikt og forvirring, med uklare rollefordelingar og ansvarsområde. Eg blei difor positivt overraska av å få inntrykk av at myndigheitene evna å samle Noreg i kampen mot viruset, og av at dei tre institusjonane klarte å uttrykke kontroll og samspel trass ein komplisert og uavklart situasjon.

Dette verka aldri gitt. Vekene før stenginga var prega av høglytt debatt. På ei side hadde ein dei som såg på stenging som naudsynt. På anna side svor dei til ei bremsing av viruset med von om ein følgjande flokkimmunitet. Andre himla med auga og såg på det heile som overdrive. Etter kvart synt det seg eit liknande meiningskilje mellom Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet. Helsedirektoratet ville slå ned, medan FHI ville bremse. Regjeringa valde å føre fram det strengaste alternativet, men tok det samstundes lenger enn det var fagleg grunnlag for.

Det er inga sjølvfølgje at open meiningsbryting leier til positive kommunikative verknader. Mange vil seie at slik framferd legg til rette for lite eintydig informasjon og eit uklart språk. Kva faktorar i krisekommunikasjonen var det som likevel samla landet til ein felles forståing av kva som måtte gjerast? Dette er eit spørsmål prosjektet søkjer svar på. Avhandlinga har som overordna mål å undersøkje dei kommunikative strategiane til helsemyndigheitene med følgjande problemstilling til grunn:

*Kva kommunikative strategiar syner seg i kommunikasjonen til Regjeringa, Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet i eit utval pressekonferansar, og kva kan seiast om verknadene av desse?*

Analysereiskapen eg har nytta meg av er retorisk strukturteori (RST). Dette er ein teori om tekststruktur, med føremål om å syne og utforske einingane ein tekst består av, og kva funksjonar desse innehar i relasjonar til andre teksteiningar (Mann & Taboada, 2005). Det er ein føresetnad at einingane er relaterte til kvarandre, som ein del av ein samanhengande heilskap. Berre slik vil ein kunne oppfatte ein tekst som meiningsfull. I høve til avhandlinga er målet å utforske desse relasjonane, og kva funksjonar dei intenderer. Tekststrukturane blir vidare tolka som uttrykk for bestemte kommunikative strategiar, som intendererte av avsendarar. RST vil også skape grunnlag for ei vurdering av klarspråkspraksisen til tekstane. Til dømes vil veikskap i heilskapane og enkelte relasjonar kunne indikere eit språk som er mindre tydeleg og klarspråkleg enn høveleg, medan tydelege og føreseielege strukturar kan vil vere uttrykk for klar språkbruk.

## **1.1 PRESENTASJON AV PROSJEKTET**

### **OPPGÅVAS FRAMFERD**

I det følgjande vil eg gjere greie for disposisjonen til oppgåva, medan eg også vil introdusere to hypotesar som er knytte til analysane. Etter ein presentasjon av oppgåvas framferd vil eg sjå på tidlegare forskning frå klarspråksfeltet, og presisere kva forskning som er av høgast relevans for avhandlinga. Andre kapittel vil gi ei innføring i dei teoretiske perspektiva eg har nytta i arbeidet med avhandlinga, og vidare greie ut om metode og handsaming av materialet. Teori og metode er samanfatta i same kapittel. Målet med valet er å skape ein oversiktleg struktur med ein kompakt, førebuande del av avhandlinga, som igjen gir meir plass til dei faktiske analysane, og drøftingane av desse.

Analysane av pressekonferansane er samanfatta i eitt og same kapittel, kapittel 3, kor eit førebuande delkapittel er vigd til å analysere den retoriske situasjonen. Ein slik innleiande del vil vere med på å danne eit bilete av intensjonen til tekstane, og slik skape gode føresetnader for dei faktiske RST-analysane. Kvar tekst blir analysert og drøfta for seg. Kapittel 4 tek steget ut av den retoriske strukturteorien, for å supplere analysane med drøftingar av element som er vanskelege å utforske innanfor rammene av RST. I kapittel 5 blir trådane samla i ein avsluttande del.



Det overordna målet til analysane er å undersøkje tekstane etter teikn til kommunikative strategiar, men i dette arbeidet vil det også vere av interesse å utforske skilnader i kommunikasjonsstrategiane til dei ulike institusjonane og aktørane, drøfte verknadene av desse, og å sjå etter eventuelle endringar frå ein tekst til annan. I dette høvet har eg nytta to hypotesar som supplement til problemstillinga, som blir konfronterte i analysane. Desse er:

*1) Medviten og klar språkbruk spelte ei rolle i korleis Regjeringa, HD og FHI stod fram som truverdige og samlande, trass usemje og utryggje i kulissane*

*2) Dei kommunikative strategiane endra seg synleg i perioden 12. mars til 7. april, som følgje av endringar av situasjonen*

Når eg forventar å finne teikn til medviten klarspråkspraksis, er det viktig å gjere greie for kva eg legg i klarspråksomgrepet. Det er til god hjelp at International Plain Language Working Group (IPLWG) nyleg lanserte deira første internasjonale definisjon av omgrepet. På norsk lyder definisjonen slik: «Klarspråk er kommunikasjon med så tydeleg ordlyd, struktur og visuell utforming at lesarane i målgruppa finn informasjonen dei treng, forstår han og kan bruke han.» (*Plain Language | International Plain Language Federation, 2020*). Dette er ein definisjon Språkrådet etablerte allereie i 2016 (*Språkrådet, Klarspråk – hva og hvorfor?, 2020*). Elles kan nemnast at denne forståinga av omgrepet byggjer på tidlegare forskning, som langt på veg har vore samstemt i forståinga av at klarspråk må ha å gjere med meir enn å skape lettleslege tekstar med aktive verbkonstruksjonar. Ein må ha eit heilskapleg kommunikasjonssyn til grunn i arbeidet med klarspråk i dag, med særleg vekt på mottakartilpassing.

I mitt tilfelle var det ikkje aktuelt å studere grad av forståing hjå faktiske mottakarar. Avhandlinga stiller seg difor til mottakarar som teoretiske skikkelsar, som intenderte i tekstane. RST-analysane vil søkje å syne korleis tekstane intenderer mottakarar, og i kva grad dei kan tenkjast å treffe med desse intensjonane. I høve kor det er vanskeleg å analysere teksten, eller ein enkel relasjon mellom to segment, vil det truleg vere vanskeleg for ein faktisk mottakar. At visse delar av tekstane er vanskelege å analysere vil såleis kunne vere interessant i seg sjølv, som teikn på at den indre samanhengen er svak, og at tekstane er mindre klare enn høveleg. Slik vil RST bli nytta som ein reiskap i utforskinga av tekstane frå eit klarspråksperspektiv.

Ikkje alle delar av dei kommunikative strategiane kan bli analysert med RST som metode. Tekstane har fleire utanfortekstlege nivå, som krev å bli utforska utanfor dei tekstlege rammene RST opererer innanfor. Kapittel 4 er difor eit supplement, som kompenserer for grensene til metoden, og drøftar delar av det kommunikative uttrykket RST ikkje har høve til å utforske.

## OM KLARSPRÅKSFELTET

*Klarspråk - hva er det? En kvalitativ studie av klarspråk og klarspråksarbeid i Norge og Sverige* av Kaja Falck-Ytter (2009) står seg som startskotet for klarspråksforskning i norsk samanheng. Avhandlinga gjekk omgrepet i saumane, medan Falck-Ytter også gjorde greie for utviklinga av klarspråkspraksisar i det offentlege Noreg og Sverige frå byrjinga av klarspråksprosjekta på midten av 1900-talet. Under eitt er oppgåva ei kjelde til forståing. Blant anna greier avhandlinga ut om korleis klarspråksarbeidet i Norden har utarta seg, sjølv om mykje og har skjedd på feltet sidan oppgåva blei publisert i 2009.

Avhandlinga til Falck-Ytter var ei metaundersøking av fagområdet og det dåverande klarspråksprosjektet i staten. Det kjem fram i avhandlinga at klarspråksarbeidet hadde det same grunnlaget i Noreg som i Sverige; ei forståing av korleis forvaltningsspråket i 1960-åra var knotete og udemokratisk. Falck-Ytter konkluderer blant anna med at prosjektet har hatt betre vilkår i Sverige enn i Noreg, då ein i Sverige systematiserte klarspråksarbeidet langt tidlegare (2009, s. 52–53). Til samanlikning blei det ikkje etablert eit eige studium for klarspråkskonsulentar i Noreg før i 2019, som skrive om i artikkelen «UiO starter landets første bachelorprogram i klart språk» (Baarøy, 2019) på nettsida til Universitetet i Oslo. Samstundes ser ein allereie hjå Falck-Ytter ein tendens til at klarspråksomgrepet var for språkfiksert, og ho konkluderer med at det vidare klarspråksarbeidet med fordel burde forankrast i eit meir heilskapleg syn på kommunikasjon, kor mottakartilpassing bør vere sentralt:

Til syvende og sist handler klarspråk om at teksten er mottakertilpasset – på alle tekstlige nivåer. Alt fra ordforråd til strukturen i teksten skal være nøye gjennomtenkt i forhold til hva man anser som mest tilpasset mottakeren (Falck-Ytter, 2009, s. 53).

Ein liknande kritikk blei retta av Ida Seljeseth, i avhandlinga hennar frå 2013. Ho undersøkte klarspråksarbeidet i NAV, og fann blant anna at prosjektet blei tydeleg avgrensa av anna enn sjølv tekstproduksjonen. Tidlegare vedtak, strukturar i organisasjonen og tekniske løysingar blei løfta fram som område som hadde negative verknader på slagkrafta til klarspråksarbeidet

(Seljeseth, 2013, s. 112). Ho konkluderte med at innhald og form på breva var forankra på eit høgare nivå enn hjå tekstbehandlarane, og at skribentane difor hadde lite å bidra med, anna enn å operere innanfor rammene dei blei tildelte. I den grad ho stilte seg kritisk, retta ho kritikken mot den overordna klarspråksdiskursen.

Denne var leia av Språkrådet og Difi, som ein del av klarspråksprosjektet «Klart språk i staten». Prosjektet blei avslutta i 2012 og vurdert i rapporten *Klart vi kan! Evaluering av effektene av prosjektet «Klart språk i staten»* (Dahle & Ryssevik, 2013). Evalueringa samsvarar i stor grad med funna til Seljeseth, og peikte framover på korleis ressursar og ein sterkare forankring av klarspråksarbeidet må sjåast på som ein føresetnad i vidareutviklinga av klarspråksarbeidet.

I samsvar med prosjektevalueringa argumenterte Seljeseth for at klarspråksdiskursen opererte med eit språksyn som var for smalt, og at dette synet fekk klarspråksarbeid til å bli oppfatta som lite meir enn språkvask. Vidare gjekk ho inn på korleis klarspråkskompetanse med fordel bør sikrast i ein høgare del av organisasjonsordenen, slik at klarspråksomsyn i større grad blir teke til vurdering i arbeidet med, og endringar av, organisasjonane. Slik, hevda Seljeseth, vil klarspråk i større grad bli vektlagt under utformingar og endringar av alt frå rutinar, tekniske rammer og regelverk. Under eitt, og over tid, ville dette kunne leie klarspråksarbeidet til å bli forankra i organisasjonen som heilskap, frå topp til botn. Slik ville ein kunne sikre at brukarane drar nytte av gjennomgåande god formidling frå det offentlege, og at klarspråksomsyn blir ytra i alle organisasjonsinstansar som kan ha noko å seie for korleis kommunikasjonen med brukarane utartar seg (Seljeseth, 2013, s. 114–115).

Språkrådet har sidan utvikla klarspråksomgrepet i ei retning som svarar på kritikken. I 2016 gjekk Språkrådet frå definisjonen «korrekt, klart og brukertilpasset språk i tekster fra det offentlige» til «klarspråk er kommunikasjon med så tydelig ordlyd, struktur og visuell utforming at leserne i målgruppen finner informasjonen de trenger, forstår den og kan bruke den» (Heggedal, 2016, s. 4–5). Denne definisjonen er enno gjeldande, og har i løpet av 2020 blitt internasjonal etter arbeidet med defineringsav International Plain Language Working Group (*Plain Language | International Plain Language Federation*, 2020). IPLF er ein internasjonal klarspråksorganisasjon, kor også Noreg er representert.

Under eitt ser ein at omgrepsavklaringa tek eit steg ut av det tekstlege fokuset. Dette opnar for bruk av eit utvida tekstomgrep i klarspråksarbeidet, og for at retoriske og multimodale perspektiv kan brukast som eit supplement i klarspråksarbeid -og forskning. Den nye forståinga

av klarspråksomgrepet kan såleis sjåast på som ein premiss for dei teoretiske og metodologiske perspektiva prosjektet mitt nyttar seg av. Det er *heilskapen* i kommunikasjonen som er sentral, og avhandlinga vil etter beste evne spegle denne forståinga. Dette vert greidd ut om i neste kapittel.

## **KLARSPRÅK I DAG, OG RELEVANS FOR OPPGÅVA**

Klarspråksfeltet har vakse mykje dei siste åra. Frå å ha teke føre seg formelle dokument og vedtakstekstar har ein byrja sjå klarspråksarbeidet frå eit vidare perspektiv. Av tematisk relevans kan nemnast *Klarspråk – fra prosjekt til daglig drift. En studie av klarspråksarbeidet i Helfo* av Jamina Heggedal (2016). Heggedal studerte blant anna korleis organisatoriske strukturar i Helfo skapte verknader i klarspråksarbeidet til den same organisasjonen. Heggedal, som Seljeseth, konkluderer med at klarspråksarbeid blir avgrensa av manglande mandat i organisasjonar:

Vi har imidlertid sett at klarspråkgruppen begrenses av manglande mandat og innflytelse, og at dette får betydning for deres arbeidsutførelse. Deriblant i arbeidet med å sikre klarspråklig tekst i det nye saksbehandlersystemet, og formidle verdien av klarspråk i de ulike fagmiljøene (Heggedal, 2016, s. 55)

Funna til Heggedal har vore viktige å ta med inn i mitt eige arbeid, ikkje minst fordi Helfo er ein del av helsemyndigheitene prosjektet mitt utforskar. Sjølv om prosjekta skil seg på metode, er det eit sterkt tematisk samanfall, og det har vore nyttig med eit innblikk i korleis organisering skaper verknader for klarspråksarbeid.

Ein ser også at klarspråksfeltet tek føre seg multimodalt og digitalt språk i aukande grad. Allereie i 2010 publiserte det svenske Språkrådet rapporten *En språkpolitik för internet* (Domeij & Språkrådet (Sweden), 2010), som gjekk langt i å fremje den digitale arenaen som framtida for offentleg språkføring. Fleire avhandlingar og artiklar speglar den same dreinga, og den meir opne definisjonen av omgrepet understrekar korleis språkforståinga har blitt utvida.

I artikkelen «Klarspråk och klarspråksarbete – ett tema i tiden» blir statusen for klarspråksarbeidet i Norden gjort greie for, og digitaliseringa blir vektlagt som ein viktig føresetnad for utviklinga som no skjer (Tønneson et al., 2015). Digitale service-løysingar (Lütcherath, 2019) og elevars navigering på nett (Frønes, 2017) er to døme på korleis

klarspråksforskinga har etablert nye perspektiv. Samstundes peiker den same artikkelen på korleis klarspråksfeltet er i ferd med å etablere seg internasjonalt, under omgrepet *plain language*, og alt tyder på at dette er ei utvikling som vil halde fram.

Prosjektet mitt legg seg på linje med utviklingstendensane. Analyseobjekta er til dels uortodokse, og har eit multimodalt opphav som rikskringkasta pressekonferansar. Frå ein metodologisk ståstad er ikkje avhandlinga eit nyfunn, ei heller i norsk samanheng.

*‘Generelt høyt fokus på null skadelige utslipp’ – en kvalitativ undersøkelse av og med retorisk strukturanalyse som klarspråksverktøy* av Henrik Mathias Nergaard (2019) er ei avhandling som utforskar potensialet til RST som klarspråksreiskap. I prosjektet tek han føre seg teksten *Vedtak om tillatelse til boring av letebrønn 35/10-4S Stålull*, kor Miljødirektoratet gir Equinor løyve til å bore ein letebrønn med namn Stålull. Nergaard legg til grunn at klarspråksarbeidet neglisjerer tekstlege strukturar og kontekst. Svaret til Nergaard på denne kritikken er å nytte seg av resepsjonsteoriens modell-lesaromgrep (Eco, 1981) og idear om språkets stilling i høve til ulike former for kontekst, som er ein grunntanke bak *systemisk funksjonell lingvistikk* (Halliday, 1998).

Han fann at det er både fordelar og ulemper med bruk av RST, og peiker blant anna på at ei god forståing av intensjonen til teksten er ein premiss for at analysen skal bli føremålstenleg. Samstundes fann han at RST kan vere eit bra klarspråksreiskap, både for å avdekke uklart språk, men også får å rekonstruere tekst med større grad av samanheng. Nergaard konkluderer også med ei åtvaring, kor han presiserer at bruk av RST på lengre tekstar krev god evne til overblikk (Nergaard, 2019, s. 92–93).

Det er likevel store skilnader på prosjekta våre. Kor Nergaard tek føre seg formell og skriven tekstkorresponsanse tek prosjektet mitt føre seg eit større materialutval, transkribert frå tale. Ein kan argumentere for at eg trassar åtvaringa til Nergaard med å ta føre meg eit breitt utval tekst, men dette er ei feilkjelde eg er medviten. Det skal også nemnast at mine eigne analysar har eit anna mål. Avhandlinga mi skal ikkje rekonstruere tekstane, men nytte RST-metoden for å gjere synleg spor av kommunikasjonsstrategiar i strukturane og dei indre samhengane i tekstane, og deretter drøfte desse kor det er høveleg. Slik har eg kunna nytte utsnitt av strukturmodellane kor det er relevant, og unngått mindre relevante delar av elles omfattande strukturtre.

RST som reiskap i klarspråksanalysar er framleis nytt, og ein vil difor kunne dra nytte av å bekrefte svake og sterke sider ved metoden. Berre slik vil ein kunne kartleggje nye bruksområde og manglar.

## 2 TEORI, MATERIALE OG METODE

### 2.1 TEORETISKE PERSPEKTIV

Tradisjonelt sett har klarspråksfeltet teke føre seg skriven tekst, ofte i form av vedtaksbrev, informasjonsskriv og andre formelle dokument. Mitt eige prosjekt skil seg difor ut, då det meste av materialet har opphav i tale. Ei avklaring av tekstomgrepet er difor ein naturleg stad å byrje, då det må romme det talte, det skrivne, og til dels det multimodale.

#### KVA ER EIN TEKST?

Ei utvida forståing av tekstomgrepet finn ein hjå Michael Halliday. Han skriv dette om kva tekst er for noko: «[...] et hvert eksempel på levende språk som spiller en rolle i situasjonskonteksten, for tekst. Det kan være muntlig eller skriftlig, eller i et hvilket som helst annet medium som vi kan tenke oss» (1998, s. 74). Dette er ei forståing av tekst som med naudsyn må sjåast i samanheng med den *systemisk-funksjonelle lingvistikken*, som går langt i å kople tekst og språk til dei til kvar tid gjeldande kontekstane. Den systemisk-funksjonelle språkforståinga blir hjå Eva Maagerø uttrykt som ei språkforståing med mål om å seie noko om språk produsert av autentisk og sosial samhandling (2005, s. 21). Det er difor *kontekst* er eit sentralt omgrep hjå Michael Halliday, og dette er eit område av den system-funksjonelle lingvistikken som vil bli gått nærare inn på sidan.

Hallidays forståing av tekst er vid, og det kan difor bli vanskeleg å skilje tekst frå daglegdagse ytringar. Dette er på mange vis ei hypotetisk utfordring, då det er liten grunn til å tenkje på dei utvalde pressekonferansane som spontane ytringar med manglande kontekst, men det er likevel høveleg å avgrense omgrepet noko. I Noreg har Kjell Lars Berge (2002, s. 236) skrive følgjande definisjon:

Tekster er ytringer som deltakerne i en viss kultur gir en spesielt avgrenset status eller verdi, der det i kulturen er utviklet tekstnormer som avgjør hvilke ytringer i som gir takstverdi, og hvordan slike tekster ordnes

Definisjonen til Berge er noko meir avgrensa enn hjå Halliday, medan han likevel opnar for ei liknande forståing av korleis *tekst* famnar om meir enn det skrivne. Samstundes blir det kontekstuelle og kulturelle rundt tekstomgrepet fremja som ein sentral premiss: Tekstar er berre tekstar viss dei blir oppfatta som det i kulturen dei opptrer i. Dette eg har valt å stille meg bak.

Omgjevnader gjer seg til ei kvar tid gjeldande, og er eit styrande rammeverk i mest all kommunikasjon. I samband med tekst kallar ein det ofte for *kontekst*, og i følgje Jan Svennevig, kan ein forstå kontekst som «[...] den sammenheng eller de «omgivelser» som en ytring inngår i» (2020, s. 25).

Svennevig legg seg opp til Halliday og den systemisk-funksjonelle lingvistikken i synet sitt på kontekst, men spesifiserer det ytterlegare ved å dele det i tre: *Tekstuell kontekst*, *situasjonskontekst* og *kulturkontekst*.

## TEKST OG KONTEKST

I utgreiinga om den *tekstuelle konteksten* byggjer Svennevig vidare på forståinga til Halliday av kontekst som «[...] ordene og setningene som kommer før og etter den spesielle setningen som blir studert.» (1998, s. 70). Det er med andre ord snakk om ein kontekst etablert i ledd av ei tekstkjede som er før eller etter den aktuelle ytringa (Svennevig, 2020, s. 27). Den tekstuelle konteksten kjem i stor grad til syne i RST-analysane, då RST er ein analysereiskap med mål om å utforske nett desse tekstkjedene, og relasjonane mellom dei ulike segmenta desse består av.

*Situasjonskonteksten* er eit steg vidare frå den tekstuelle. Svennevig beskriv omgrepet som «(...) et sett med *deltakere* som er engasjert i en kommunikatív *oppgave* i visse fysiske *omgivelser* gjennom et visst *medium*» (Svennevig, 2020, s. 27–28). Med ei slik forståing til grunn må ein tre ut av det tekstlege, og sjå på kva dei fysiske og sosiale dynamikkane har å seie for korleis ein oppfattar meining. Desse omgjevnadene og dynamikkane blir av Halliday delte inn i ytterlegare tre delar: *feltet*, *relasjonen* og *medieringa* (1998, s. 76). Kort forklart vil ein måtte sjå på 1) kva type sosial handling som blir utført, 2) relasjonstilhøvet mellom avsendarar og mottakarar og 3) rolla til kommunikasjonsformatet. Dette perspektivet blir nytta i analysen av den retoriske situasjonen, som ein førebunde del i kapittel 3.

*Kulturkonteksten* er det vidaste av dei tre kontekstomgrepa, og tek føre seg «(...) de konvensjonelle ressursene og begrensningene deltakerne har som deltakere i ulike kulturer» (Svennevig, 2020, s. 28). For at mottakarar skal kunne hente ut meining som intendert, er det ein fordel at tekstane opererer med kulturelle mønster mottakarane kjenner att og er ein del av. Det er i vurderinga av slike tilfelle omgrepet *kulturkontekst* er aktuelt, som ein type kontekst som er meir abstrakt enn dei to førre, og som strekkjer seg forbi tekstane og aktiviteten.



Under eitt vil dette spesifiserte synet på kontekst gi det overordna retoriske perspektivet struktur, medan det også er med på å avgrense det elles flytande situasjonsomgrepet<sup>1</sup>.

Vidare vil eg også gjere kort greie for omgrepet *multimodalitet*, som eit teoretisk bidrag med mål om å utvide forståinga av kva som kan tolkast som meningsskapande i kommunikasjonssituasjonane.

## MULTIMODALITET

I *The Routledge Handbook of Multimodal Analysis* (Jewitt, 2009, s. 1) blir det forklart korleis multimodalitet er ei forståing av kommunikasjon som noko meir enn språk. I følgje dette perspektivet vil ei kvar ytring ta i bruk ein eller fleire modalitetar, som i ulik grad og i ulike høve byggjer opp under ei heilskapleg mening. Modalitet blir av Gunther Kress definert som "(...) a socially shaped and culturally given resource for making meaning." (2009, s. 54), som igjen omfattar alt av meningsberande element i ein gitt kommunikasjonssituasjon. Språk, bilete, musikk og kroppsspråk er alt døme på kva som kan sjåast på som kommunikative byggjeklossar – ulike modalitetar.

I forståinga av det multimodale perspektivet må ein ta føre seg ei rekkje føresetnader, som til dømes at ulike modalitetar innehar ulike kommunikative kvalitetar, som alle er kulturelt, historisk og sosialt forankra (Jewitt, 2009, s. 14–16). Sjølv om pressekonferansane eg har analysert er transkriberte, blei dei til i ein situasjon med fleire modalitetar. Det er i utforskinga av dette opphavet at det multimodale perspektivet vil gjere seg gjeldande. Det multimodale synet på meningssskaping opnar for å syne kvar modalitet, men også for å drøfte samspelet mellom dei og å utforske verknadene deira.

I norsk samanheng ser ein at det multimodale får god plass innafor moderne systemisk-funksjonell lingvistikk. Både Svennevig (2020, s. 40–71) og Maagerø (2005, s. 28–33) tek føre seg det multimodale perspektivet som ein føresetnad i deira utgreiingar om Hallidays sosialemiotikk. *Semiotikk* er eit omgrep knytt til ideen om at mening blir til gjennom teikn

---

<sup>1</sup> Kontekstomgrepa til Svennevig må med naudsyn sjåast i samanheng med språkfunksjonane han opererer med; den ekspressive, referensielle og mellommenneskelege funksjonen (Svennevig, 2020, s. 20–24), som igjen er ei vidareutvikling av dei tre metafunksjonane til Halliday; den ideasjonelle, den mellompersonlege og den tekstuelle (Berge, 1998, s. 38–63; Maagerø, 2005, s. 97–99)

sett i system. I følgje Michael Halliday er denne meiningskapinga sosialt styrt, og det er difor han er å rekne som sosialemiotikar (Berge, 1998, s. 21–25).

Både Svennevig og Maagerø innlemmar multimodalitet som ein del av det teoretiske grunnlaget i deira systemisk-funksjonelle innføringar, då det i dag er få tekstar som *ikkje* reknast som multimodale. Sjølv enkle skriv i papirform (i den grad desse framleis eksisterer) kan seiast å vere multimodale, til dømes gjennom skrift- og strukturval. I mitt høve blir det enno tydelegare, med materiale henta frå nettopptak av direktesende pressekonferansar. Dei har eit opphavelig formidlingsuttrykk kor det multimodale har stor plass, og kor meining blir til i samspelet mellom fleire og ulike modalitetar.

Det multimodale perspektivet vil i hovudsak supplere det retoriske, som aleine er noko avgrensa i moglegheitene til å syne multimodale samspel.

## DET RETORISKE PERSPEKTIVET

Under eitt er retorikk eit breitt fagområde, kor fleire ulike retningar gjer seg gjeldande. Grunntanken er likevel tydeleg, om korleis retorikk er å påføre verda endring gjennom å appellere til andre og oppmode til handling. Kort sagt handlar retorikken om å overtyde, og å kanalisere endringar *gjennom* eit publikum (Bitzer, 1968, s. 4; Svendsen & Grue, 2019). Utover retorikkens grunnsyn tek faget føre seg eit utal teoriar på korleis denne overtydinga skjer, og kva råd som er mest føremålstenlege. Eit viktig skilje i mitt høve, går mellom den sofistiske og den stoiske retorikken.

Etter Sokrates og Platon har ein det med å sjå på sofistane (frå greske *sofistes*, som tyder 'tenkjer, vismann') som opportunistiske (Svendsen & Fossheim, 2019). Dette syner seg også i den sofistiske retorikken, i korleis ein blir oppmuntra til å tilpasse seg frå ein situasjon til ein annan for å best overtale publikum. I dag er det nærliggjande å dra parallellar til populistiske politikarar, som snur og vender seg etter strøymingar i opinionen. Politiske talar er ein av dei retoriske sjangrane kor sofistisk retorikk har eit sterkt fotfeste (Grue, 2018c), og i høve kor målet er å overtale nye veljarar, vil det ofte vere ein fordel å tillate fleksibilitet i den retoriske framgangsmåten.

*Stoisisme*, opphav frå greske 'stoikos' med tyding søylegang («stoisisme», 2021), står i kontrast til den sofistiske retninga. Stoisisme er ei filosofisk retning frå 300 fvt., og hadde lukke som mål. I følgje stoikarar kan lukke berre sikrast gjennom dygd. For å leve eit dygdig liv, må ein finne og halde på *apatī*, ein fast sinnsro, som ein føresetnad for å heve seg over *adīafora*, «det

likegyldige» («stoisk filosofi», 2020). «Den gylne middelvegen» er såleis eit stoisk uttrykk, og peiker på korleis ein med fordel kan erkjenne verdas gang, og ikkje gi etter for blinde emosjonar i møte med ufråvikelege og naturlege hendingar og utfordringar. Ein må ha sjølvkontroll, og navigere livet på livets eigne premissar gjennom det naturlege menneskevitet. Raseri, begjær og frykt er kjensler ein med naudsyn på halde i sjakk, då slike emosjonar er dyriske, og går ut over evna til å handle med menneskeleg rasjonalitet (Van Natta, 2013; Weaver, 2020).

Sagt annleis handlar ikkje «stoisk ro» om å vere apatisk eller fatalistisk, men om å erkjenne at det finst noko i verkelegheita ein ikkje kan gjere noko med, og å finne sin stad i det uforanderlege. Slik vil ein kunne forsvare eigen posisjon, utan å bli overvelda av eigne kjensler eller eksterne krav og oppfatningar. Berre ved å seie «slik er det», og erkjenne verda for det ho er, vil ein kunne bevare kontrollen i kritiske situasjonar. Den stoiske retorikken er difor oppteken av sjølvforsvaret, og at ein uttrykkjer seg slik at ein unngår å bli villeidd. Ein skal vere konsekvent, måtehalden, og stå på sitt over tid. Difor forstår ein til dømes stoikarar som skeptiske til sex. Det er bra å ha i seg mat, og det er bra å reprodusere seg, men for mykje er skadeleg. Det er vanleg å seie at denne haldninga hadde påverknad på kristendommen.

Stoisk retorikk syner seg i nett helse- og medisindiskursar, kor til dømes død blir møtt som noko grunnleggjande ufråvikeleg, utan at ein slik føresetnad tyder at ein skal la vere å motverke død kor det er rom for det. Også i den forensiske sjangeren vil den stoiske retorikken kunne syne seg (Grue, 2018a), der ein i rettslege samanhengar med naudsyn må halde på eit objektivt og balansert syn i handsaminga av det som har skjedd, og unngå emosjonell påverknad som kan øydeleggje for ei sann tolking av fortida. I høve til avhandlinga og materialet, skal ein sjå at eit stoisk ideal er føremålstenleg også i handteringa av krisekommunikasjon.

## DEN FLEIRSIDIGE TOPOSLÆRA

*Topos*, som etymologisk stammar frå ståstad frå gresk og tyder ‘stad’ (Grue, 2019b), er eit anna sentralt omgrep i avhandlinga.

Omgrepet er knytt til tanken om at eit fellesskap eller publikum har tilgang til ei rekkje stadar og kulturelle mønster dei er kjende med, som metaforar, argumentasjonsmønster og faste uttrykk. I *Topik – Ekskursjoner i retorikkens toposlæra* av Jonas Gabrielsen (2008) blir omgrepet gått i saumane, og Gabrielsen byrjar med å peike på ein observasjon han har gjort seg om korleis kollegar ser på topikken som ein komplisert del av retorikkfeltet. Grunnen til dette meiner han å finne i det metaforiske med omgrepet sjølv: «Topikken, hedder det typisk,

er en samling af ‘steder’, der rummer stof, argumenter og tankemønstre. Men det forklares sjældent, hvad et ‘sted’ mere præcist er, eller hvordan et ‘sted’ kan siges at ‘rumme’ stof, argumenter og tankemønstre.» (Gabrielsen, 2008, s. 11). Nett difor er det viktig å gjere klart kva eg legg i omgrepet. Når eg har valt å følgje Gabrielsen i synet på topikken, er det fordi han skil ei retning frå anna, og er tydeleg på at topikken opererer med fleire perspektiv.

Gabrielsen deler topikken i fire, basert på kva forståingsgrunnlag som ligg til grunn for dei ulike retningane. Den *heuristiske* retninga (Gabrielsen, 2008, s. 23–37) må sjåast i samheng med *inventio*, frå latinske *invenire*, som tyder ‘å finne’ (Grue, 2019c). *Inventio* er ein av dei fem arbeidsfasane i retorikken, og handlar om å finne fram til det stoffet og innhaldet som er naudsynt for å skape ein god tale. I ei slik forståing er toposar fast inventar i lister, som ein talar kan ta føre seg i arbeidet med å finne fram til stoff som er relevant, etablert og prøvd. Ein kan syne toposar med ein heuristisk funksjon i til dømes brevmalar og sjangerlister, i form av særskilde sjangerkrav og ‘oppskrifter’ på korleis ein skal svare på desse – tommelfingerreglar.

Den andre forståinga som Gabrielsen skisserer er den *kollektive*, knytt til ideen om toposar som ein del av eit kollektivt inventar som med fordel kan brukast om att (2008, s. 37–46). I ei slik forståing vil eit samfunn, eit kollektiv, ha toposar nedfelte i kulturen. Desse kan bli nytta av ein talar for å byggje bru mellom talen og dei kulturelle omgjevnadene til publikummet. Å bruke desse mønstra – toposane – vil difor hjelpe med å kople seg opp mot eit publikum. På anna hand vil bruk av ukjende toposar ha motsett effekt, og kunne skape større avstand mellom avsendaren og mottakaren av ei retorisk handling. Kollektive toposar har i seinare år blitt kalla *loci communes* i romersk retorikk, og for *commonplaces* frå engelsk mellomalder (Curtius, 1990), og omfattar alt frå faste uttrykk til referansar frå litteratur, historie, og andre delar av samfunnskulturen.

*Inferentiell* topikk er den tredje kategorien Gabrielsen opererer med, og i denne forståinga er topos ein konkret argumentativ storleik – *argumentative toposar* innordna retorikkens argumentasjonslære (2008, s. 46-62). Her blir toposar uttrykt som argumentasjonsprinsipp, som til dømes ‘analogi’, ‘kontrast’, ‘største og mindre (godar)’ og ‘meir eller mindre (sannsynleg)’.

Til slutt har ein den *kognitive* forståinga av topikken. Her blir toposar nytta for å modellere publikum inn i gitte tankemønstre (2008, s. 62-76). Toposar som dette vil kunne konkretisere det abstrakte, og binde saman idear ved å nytte til dømes kulturelle stadar som ‘nøklar’ til nye

heilskapar, og slik leie publikum mot ei intendert felles forståing. Metaforar er eit godt døme på ein slik nøkkel, gitt at det språklege bilete er forankra i mottakarkulturen.

Det er viktig å vere medviten at desse kategoriane overlappar. *Dugnad* er eit døme på ein typisk norsk topos, og dugnad har lenge hatt status som ein særnorsk aktivitet. I forståinga av *dugnad*, vil det difor vere nærliggjande å sjå på denne toposen som ein commonplace, ein ide nordmenn har for hand som ein del av ei felles kulturell arv og identitet. På anna hand ser ein at den same toposen har «til det beste for alle» som eit underleggjande argumentasjonsprinsipp, som peiker i retning av det inferentielle. Ikkje minst kan ein syne ein kognitiv funksjon i forsøket på å skape eit bestemt tanke- og omsynsmønster, ei forteljing som oppmodar til ein viss reaksjon og gitte assosiasjonar. I materialet skal me sjå at Regjeringa i stor grad nyttar seg av dugnadsomgrepet, og det er i slike høve at toposlæra blir relevant. Dei ulike retningane, som her følgjer Gabrielsen, vil gi høve til å drøfte toposane frå ulike perspektiv.

#### DEN RETORISKE SITUASJONEN

Sjølv om det no har blitt gjort greie for kva syn eg nyttar meg i høve til retorikken og topikken, er det ikkje slik at ein utan vidare kan gå desse nivåa i saumane. Ein føresetnad for at den retoriske strukturanalysen skal vere truverdig, er ei god forståing av rammene tekstane opererer innanfor. Ein må med andre ord byrje med å kartleggje situasjonen. I det følgjande vil eg difor gjere kort greie for kva ein kjenner som *den retoriske situasjonen*, som eit sentralt teoretisk bidrag.

Ein finn at *den retoriske situasjonen* langt på veg samsvarar med kontekstomgrepet, dette i forståinga av korleis alt av retorisk kommunikasjon opererer innanfor gitte omgjevnader. Omgrepet blei først gått i djupna på i artikkelen *The Rhetorical Situation* av Lloyd F. Bitzer i 1968. I artikkelen blir det lagt til grunn at all retorikk er situasjonell, og at ein difor må ha oversyn over den retoriske situasjonen for å skape eit fungerande forståings- og kritikkgrunnlag i arbeidet med retoriske tekstar (1968, s. 5–6).

Også i eige høve har det vore avgjerande å gjere greie for situasjonen rundt tekstane, og difor har eg teke føre meg situasjonsanalysar som ein førebuande del av RST-analysane. Situasjonsanalysane har utgangspunkt i kva Bitzer løftar fram som hovudkomponentane i ein retorisk situasjon: *det påtrengande problemet, publikummet og retoriske omgjevnader* (Bitzer, 1968, s. 6–8). I *Retorikk i skolen* greier Jonas Bakken ut om korleis perspektivet til Bitzer kan

nyttast som analytisk reiskap, og eg vil i stor grad følgje denne framgangsmåten (2020, s. 84-92).

I arbeidet med situasjonsanalysane er det nytta nokre teoretiske supplement. Blant anna visste eg frå byrjinga av at det ikkje ville bli høve til å utforske tekstforståing hjå faktiske mottakarar. Eit teoretisk perspektiv blei difor naudsynt.

## MEINING SOM FORHANDLING


Ein modell-lesar er ein tenkt lesar som av ein forfattar har blitt nedfelt i ein tekst gjennom ei rekkje kodar og toposar (Eco, 1981, s. 178–200). Desse kodane føreset ei rekkje kompetansar for å bli lesne som intendert. Ein forfattar vil difor vere i stand til å modellere kva form for meining ein faktisk lesar vil kunne hente frå teksten. Ein open og allmenn modell-lesar vil i hovudsak skape ein lukka tekst, kor ei viss meining er lett tilgjengeleg for dei fleste lesarar. Ein tekst med større grad av språklege bilete, abstrakte referansar eller tomme rom vil på annan side appellere til ei meir avgrensa lesargruppe, samt opne for større grad av subjektiv tolking.

Rom for tolking er avhengig av nærleiken mellom modell-lesaren og den empiriske lesaren av teksten. Meiningsskapinga skjer altså i ei forhandling mellom forfattaren og lesaren via teksten. I forhold til situasjonsanalysane vil modell-lesaromgrepet bli nytta i vurdering av kva modell-lesarar som er nedfelte i tekstane, men og i vurderinga av kva intensjonane til tekstane kan vere. Det er samstundes høveleg å utvide omgrepet noko, då premissane for meiningsforhandlinga har blitt fleire i nyare tid.

Ein vesentleg del av denne utvidinga finn ein i *autopoiesisen*. *Poiesis* har eit gresk opphav i betydning ‘å lage/danne/arbeide’, medan *auto* er ei forkorting av *autonom* frå greske *autonomos*, som tyder ‘leve under eigen lov/uavhengigheit’ («autonom», 2021; «erytropoese», 2021). Her blir ikkje meininga til berre mellom deltakarar, me skaper også meining med oss sjølve, i eit eige og til dels uavhengig arbeid med tekstane.

Teorien er grunnlagt i tanken om at ein treffer seg sjølv på same måten som ein treffer andre kommunikasjonspartnarar, og at eigne refleksjonar også har ei rolle i korleis ein legg meining i tekst. I følgje autopoiesisen vil ein avsendar tenkje som både avsendar og mottakar, nett som ein mottakar vil forhandle fram ei forståing undervegs i lesinga og i lys av tidlegare kunnskapar, erfaringar, nye oppdagingar og tolkingar av spor forfattaren har lagt igjen i teksten. I norsk samanheng er det naturleg å vise til Johan Tønnesson her, då han presenterer ein godt etablert

modell for autopoiesis (2002, s. 20–21). Visualisert som modell, redigert etter Nergaard og Seljeseth (2019, s. 8; 2013, s. 18), syner det seg slik:



FIGUR 1: MODELL FOR AUTOPOIESIS

Ein ser her at teksten ikkje er til stades i modellen, og dette er med på å understreke korleis meining alltid blir til i ei forhandling mellom avsendaren og mottakaren, medan teksten er eit medium mellom partane. Dette koplar modell-lesaromgrepet godt opp til det overordna perspektivet til situasjonsanalysane i avhandlinga, *den retoriske situasjonen*, som ein del av dei retoriske omgjevnadene tekstane opptre i.

Omgrepet flyttar seg også frå *lesar* til *mottakar*, som understrekar eit syn på semiotikk som går utover det tradisjonelle lesaromgrepet. Frå modell-lesar går eg difor til *intendert mottakar*, og vil nytte dette omgrepet i arbeidet med å syne kva type mottakarar som blir intenderte i tekstane prosjektet utforskar. Innhaldet i omgrepet er i stor grad det same, men *intenderte mottakarar* er etter mitt syn meir beskrivande, og gjer det enklare å skilje dei intenderte frå dei empiriske mottakarane av tekstane.

## RETORISK STRUKTURTEORI

Dei førre teoretiske perspektiva har i stor grad rolle som supplement til drøftingane av funn frå den overordna metoden, RST-analysen. Denne forma for tekstanalyse har grunnlag i kva ein kjenner som *retorisk strukturteori*, ein teori med opphav som reiskap knytt til produksjon av tekst på datamaskinar (Mann & Thompson, 1988, s. 2–3).

Sidan den gong har teorien blitt teken i bruk som reiskap for å avdekke retoriske strukturar i tekst generelt. I *Discourse description : Diverse linguistic analyses of a fund-raising text* blir strukturteori beskrive slik: «A theory of text structure describes what sorts of parts texts have, and the principles of combinations of parts into entire texts» (Mann & Thompson, 1992, s. 41). Teorien er etablert på ei forståing av tekst som ein samling relaterte delar, og føreset at relasjonane mellom desse delane ber med seg visse funksjonar som intendert overfor intenderte mottakarar av ein avsendar.

I norsk samanheng er det her høveleg å vise til *Tekststrukturens innvirkning på leseforståelsen: En studie av fire læreboktekster for ungdomstrinnet og sju elevers lesing av dem* av Anne Charlotte Torvatn (2004), som ein av dei første norske studia som nytta RST som metode. Ho beskriv føremålet med RST-metoden som: «(...) å beskrive hvilke funksjonelle enheter en tekst består av, og se på hvilke prinsipper som binder de ulike delene av tekst sammen» (2004, s. 73). Dette er ei god føremålsavklaring, som held stand også i dag, og Torvatn står seg framleis som eit førebilete i bruken av metoden, sjølv om det har skjedd endringar i modellframstillinga sidan rapporten hennar blei publisert. Hennar teoretiske utgreiingar har vore til særskild hjelp med å føre meg inn i metoden.

Det retoriske nivået i teorien blir uttrykt i ideen om korleis kommunikative funksjonar er intenderte av ein avsendar. Samstundes bidreg teorien til å gjere synleg den strukturelle ordenen i tekst, både over- og underordningar, og gjer det mogleg å vurdere i kva grad teksten kan sjåast på som ei heilskapleg og meningsfylt eining frå ståstaden til intenderte mottakarar. Her kjem også det klarspråklege perspektivet til syne, då vanskar med å definere ein relasjon indikerer at mottakarar vil oppleve dei same vanskanane. Fleire slike vanskar vil kunne leie til ei forståing av heilskapen som vanskeleg å oppfatte, og i slike høve vil ein kunne vurdere teksten som uklar.


I praksis må ein retorisk strukturanalyse byrje med å dele den aktuelle teksten inn i *segment*. Det finst det ikkje særskilde retningsliner for kva kriteria ein skal bruke i ei slik inndeling, anna enn at segmenta skal vere grammatisk fullverdige, teorinøytrale, og sjølvstendige på eit



semantisk nivå (Mann & Thompson, 1988, s. 6). I dei fleste høve vil det altså dreie seg om setningar og funksjonelle setningsledd.


Vidare må segmenta ordnast i såkalla strukturtre. Eit strukturtre er ein modell kor segmenta er ordna hierarkisk – ei visuell syning av relasjonane mellom tekstsegment. Desse relasjonane blir av Mann & Thompson (1988, s. 265-266) beskrive som ein del av ein *nuklearitet*. I dette omgrepet ligg ei forståing av korleis eit kvart tekstsegment har ein funksjon som er enten sentral eller underordna den heilskaplege meiningsdanninga. Dei underordna tekstsegmenta blir kalla *satellittar*, og har som oppgåve å byggje opp under heilskapen ved å stå i relasjon til dei sentrale elementa – *kjernane*.

Under eitt kan ein seie at kjernane utgjer den faktiske meininga i ein tekst, og at meininga skal kunne kome fram med kjernar aleine. Samstundes har også satellittane funksjonar. Desse kjem til syne i relasjonane til kjernane dei er kopla opp til, og vil i ein forståeleg og meiningsfylt tekst bidra til ei betre forståing av innhaldet og meininga kjernane formidlar. Figuren under er ei framstilling av korleis ein satellitt vanlegvis står i relasjon til eit kjernesegment. Satellittane kan stå både før og etter kjernen, og fleire satellittar kan vere kopla opp til same kjernesegment i same del av hierarkiet:



**FIGUR 2:** DØME PÅ RELASJON MELLOM SATELLITT OG KJERNE


Alternativet blir framstilt under, og er ei syning av kva ein kallar for ein fleirkjerna relasjon. Her er to kjernar kopla saman, men fleire kan også leggjast til. Under eitt tyder denne forma for relasjon at kjernane er likeverdige, men samankopla.



**FIGUR 3:** DØME PÅ RELASJON MELLOM TO KJERNAR

## 2.2 MATERIALET

Tekstane som er analyserte blei transkriberte frå tre pressekonferansar om koronasituasjonen frå våren 2020. Desse er: *A1 Landet stenger ned* frå 12.03.2020 (Statsministerens kontor, 2020a), *A2 Skjerpande tiltak* frå 19.03.2020 (Justis- og beredskapsdepartementet, 2020) og *A3 Oppmjuking* frå 07.04.2020 (Statsministerens kontor, 2020b). Dei blir alle analyserte i eitt og same analysekapittel. Grunnlaget for dette valet finn ein i den eine av dei to hypotesane blir konfronterte i arbeidet med tekstane, om at *dei kommunikative strategiane endra seg synleg i perioden 12. mars til 7. april, som følgje av endringar av situasjonen*. For å kunne gå denne påstanden i saumane er det føremålstenleg å stille tekstane opp som ein del av det same analyseperspektivet:



FIGUR 4: FRAMSTILLINGSMODELL, MATERIALKATEGORI A

Figur 3 viser korleis kvar pressekonferanse også er delt inn etter talarar. Å dele tekstane slik er med på å skape oversyn, men gjer det også enklare å syne ulikskapar i kommunikasjonsstrukturar- og strategiar mellom dei ulike helseaktørane. Det kan også nemnast at RST-analysar er uhandslege når strukturtrea blir for omfattande, og såleis er fininndeling også eit naudsynt val frå ein teknisk ståstad.

Det er ikkje tilfeldig at det er desse tre pressekonferansane som blei valde ut som analyseobjekt. Dei er alle ein del av den innleiande fasen av pandemien, og blei haldne under det ein i dag kallar for *nedstenginga*. Samstundes representerer dei forskjellige tids- og utviklingspunkt innanfor denne perioden: Landet stengde ned 12. mars, hytteforbod blei implementert 19. mars og dei første oppmjukingane blei introduserte 7. april.

Sagt annleis er det ein sterk samanheng mellom dei tre pressekonferansane, og saman utgjer dei eit ryddig utviklingsløp med ei bytjing, midtpunkt og ein slutt – gode føresetnader for ein analytikar.

## 2.3 TEKSTHANDSAMINGA

Innleiingsvis var det naudsynt å transkribere pressekonferansane. Dette blei gjort med hjelp av transkriberingsprogrammet NVivo 12 (*NVivo 12*, 2019), med lisens frå Universitetet i Stavanger. Alle pressekonferansane blei transkriberte, med unntak av den innleiande talen til statsminister Erna Solberg (A1.1), som var tilgjengeleg i skriven form på regjeringa.no.

Det kan nemnast at eg valte å transkribere til bokmål, då bokmål verka å ha høgast grad av samanfall med målet til dei fleste av talarane. Dessutan var den skrivne talen til statsministeren på bokmål, og eg såg på det som høveleg å vere konsekvent. NVivo blei berre nytta som hjelpemiddel, og den faktiske transkriberinga blei gjennomført av meg personleg. Det var lite problem med transkriberinga, anna enn tidsbruken, og med unntak av eit par døme på uklarheit kan eg trygt seie at dei skrivne tekstane er ei truverdig attgiving av talane.

Vidare måtte tekstane delast inn i fungerande tekstsegment. I mitt høve fann eg det føremålstenleg å operere med setningar som føresetnad for inndeling, men med rom for leddsetningar og listepunkt. Hovudkravet eg opererte med er at eit kvart segment skal vere funksjonelt, altså ha ein identifiserbar funksjon og eit meningsfylt tilhøve. Segmenta er skrivne ned i lister vedlagt dokumentet (vedlegg 1-11). For å kunne syne ulike uttrykk for kommunikative strategiar blei det vurdert som heilt naudsynt å samanlikne dei kommunikative

framgangsmåtene til dei ulike retoriske aktørane. Det er difor pressekonferansane er delte opp i mindre tekstar, basert på kven som er avsendar.

Etter inndelinga av segmenta handla det om å analysere tekstane med bruk av programvara RST-tool 3.45 (O'Donnell, 2003). Dette er ein av få programvarer ein kan nytte seg av for å ordne strukturtrea som er naudsynte i retoriske strukturanalysar, og den einaste som er ordentleg stabil. Ho har samstundes klare svake sider, som korleis det er vanskeleg å eksportere strukturtrea ut av programmet til bruk i andre medium. Resultatet er fleirsidige strukturtre som vedlegg til avhandlinga (sjå vedlegg 15), medan eg har nytta utsnitt av mindre delar der desse er av interesse i analysekapittelet. Det vil i enkelte høve vere vanskeleg å lese av strukturutsnitta i utskrift, men dei skal alle vere moglege å lese av gjennom ein PDF-lesar med zoom-funksjon, då bileta ikkje er komprimerte. Det hadde sjølvsagt vore føremålstenleg å fått integrert dei fullverdige strukturtrea i oppgåva, men dette viste seg å vere umogleg å få til. Dessutan er det ikkje alle delane som er av interesse, og relevante tendensar og uttrykk for kommunikasjonsstrategiar skal kome godt til syne gjennom utsnitta eg viser til i teksten. Strukturtra som heilskap ligg samstundes tilgjengelege som vedlegg, for dei som har høve og vilje til å sjå nærare på dei.

Eg analyserte tekstane i to omgangar. Første analyse fann stad over tre veker i løpet av ein avsluttande praksisperiode på hausten 2020, medan den andre gjennomgangen fann stad i byrjinga av januar 2021. Eg vurderte det som viktig å gå attende til analysane i ein revisjon av haustarbeidet, for å kvalitetssikre RST-analysane og sørge for å justere dei i samsvar med tilbakemeldingar eg sikra meg i tida mellom analyseøktene.

Analysearbeidet dreia seg i stor grad om å avgjere kva type funksjon ein kvar relasjon innehar. I dette arbeidet har eg operert med ei liste relasjonsdefinisjonar. Mann og Taboada (2005-2018) har kartlagt totalt 32 definisjonar av relasjonar på nettsida for retorisk strukturteori (<https://www-sfu-ca.ezproxy.uis.no/rst/01intro/definitions.html>), som eg har sett om til nynorsk med høvelege justeringar. Eg har kryssreferert overføringa med tidlegare norske definisjonar, deriblant av Nergaard (2019, s. 15–19) og Christine Lien Lütcherath (2019, s. 39).

Ein ser at kjerne-satellitrelasjonane er delte opp i to kategoriar; *presentasjonelle* og *tematiske* relasjonar. Skiljet er basert på kva type effekt relasjonane tenkjer å oppnå overfor ein mottakar. Presentasjonelle relasjonar intenderer å påverke lesarens syn på ei kjerne i positiv retning, medan tematiske relasjonar har som intensjon å gjere lesaren i stand til å kjenne att og forstå den gitte relasjonen (Mann & Thompson, 1988, s. 256–257). Vidare representerer kvar

definisjon ein intendert effekt på ein tenkt mottakar, og er såleis å rekne som funksjonsmarkørar til segmentrelasjonane:

Presentasjonell relasjon	Intendert effekt på mottakar
Antitese	Forståing av at ein ikkje kan ha eit godt inntrykk av både kjerne og satellitt. Inntrykket av kjernesegmentet blir betre av å forstå kontrasten
Bakgrunn	Betre forståing av kjernesegmentet
Vedgåing	Avsendaren erkjenner ein tilsynelatande kontrast mellom kjerne og satellitt, og vil betre inntrykket av kjernen ved å vise mottakaren denne koplinga
Istandgjering	Betring av evne til å utføre handlinga i kjernen
Bevis	Betring av tillit til kjernesegmentet
Rettferdiggjering	Auke i sjanse for at mottakarar aksepterer avsendars rett til å presentere kjernen
Motivasjon	Auke i ønskje lesaren har om å utføre handlinga i kjernesegmentet
Førebuing	Gjere klar for eller auke interessa av å lese kjernesegmentet
Gjentaking	Attkjenning av satellitt som ein gjentaking av kjernen
Oppsummering	Attkjenning av satellitt som ein kort gjentaking av kjernen

Tematisk relasjon	Intendert effekt på mottakar
Høve	Forståing av satellitt som rammeverket for tolking
Føresetnad	Forståing av korleis realisering av kjernen krev realisering av satellitt
Utdjuping gruppe :: medlem abstraksjon :: tilfelle heilskap :: del prosess :: steg objekt :: eigenskap generalisering :: spesifisering	Forståing av satellitt som informasjonstillegg til kjernen, og identifikasjon av tematisk element
Vurdering	Forståing av satellitt som ein vurdering av kjernen, og attkjenning av tildelt verdi
Tolking	Forståing av at satellitt skaper relasjon til eit rammeverk av idear som ikkje er ein del av innhaldet i kjernen
Middel	Forståing av at metoden eller reiskapen i satellitten skaper større sannsyn for at kjernen blir gjennomført
Ikkje-intendert årsak	Forståing av at satellitten skapte kjernen utan ein intendert handling.
Ikkje-intendert resultat	Forståing av at kjernen skapte satellitten utan ein intendert handling.
Viss ikkje...	Forståing av at realisering av kjerne eller satellitt er avhengig av den andre
Føremål	Forståing av at målet med kjernen er å realisere satellitten

Løysing	Forståing av at kjernen løyser problemet i satellitten
Sjølvtende	Forståing av at kjernen ikkje er avhengig av satellitten
Med mindre...	Forståing av at kjernen blir realisert berre så lenge satellitten ikkje blir det
Intendert årsak	Forståing av at satellitten er opphavet til den intenderte handlinga i kjernen
Intendert resultat	Forståing av at kjernen er opphavet til den intenderte handlinga i satellitten

<b>Flierkjerna relasjon</b>	<b>Intendert effekt på mottakar</b>
Konjunksjon	Forståing av at dei to kjernane høyrer saman, og at dei står i ein samanliknbar relasjon
Kontrast	Syning av lik- og ulikskapar som skapt av samanlikninga
Disjunksjon	Forståing av at kjernane er alternativ
Samankopling	Ingen
Liste	Syning av kva som kan samanliknast mellom dei to kjernane
Fleirkjerna gjentaking	Syning av gjentaking mellom dei to kjernane
Sekvens	Syning av ein suksessiv relasjon mellom kjernane

**FIGUR 5:** RETORISKE RELASJONAR, FØRT OVER OG DEFINERT ETTER MANN & TABODA (2005-2018)

Kor RST er effektiv i syninga av tekstlege strukturar, relasjonar mellom segment, og retoriske funksjonar, synte metoden seg snart som mangelfull i drøftingar av utanfortekstlege dimensjonar. Sjølv om RST i stor grad synte desse, blei det vanskeleg å drøfte verknadene av kulturelle referansar og toposar som ligg til dels utanfor dei tekstlege rammene RST føreset. Slik blei det naudsynt å reflektere over grensene til RST som metode, for vidare å finne ein måte å kompensere for desse manglane på.

## 2.4 METODOLOGISKE REFLEKSJONAR

Som alle metodar, har RST sterke og svake sider. Dette erkjenner eg. Når eg likevel har valt RST som forskingsmetode, er det viktig å gjere greie for kva vurderingar som ligg bak dette valet.

RST evnar å ta føre seg til dels store mengder materiale på ein strukturert og oversiktleg måte, og ein står fritt til å justere analysedjupna basert på prosjektkapasitet. I eit prosjekt som mitt eige, kor sidegrensa er låg, stod RST fram som eit praktisk alternativ. Samstundes legg RST til

rette for å fange opp tendensar på ein systematisk og visuell måte, og stod difor fram som føremålstenleg i høve til problemstillinga avhandlinga utforskar. Hadde eg til dømes valt å analysere materialet som ein fullstendig retorisk analyse, ville eg aldri vore i stand til å undersøkje tendensane over tid med same materialbreidd. Det same gjer seg i stor grad gjeldande for diskurs- og argumentasjonsanalysar.

Utover den praktiske dimensjonen bidreg RST med ein visuell modellstruktur, som er særskilt føremålstenleg i situasjonar kor komparative perspektiv er naudsynte. Med andre ord vil mange av dei overordna lik- og ulikskapane mellom tekstane kunne syne seg i det visuelle uttrykket aleine. Dette har eg vektlagt som ein særskilt positiv eigenskap, då det må vere ein premiss at analysane er tilgjengelege og moglege å avkode utan at orienteringsevner blir nemneverdig utfordra. RST opnar tekstane for mine føremål.

RST synte seg med andre ord som ein god reiskap for å kartleggje strukturar, og opna for å undersøkje korleis delane av kvar tekst står i relasjon til og bidreg til heilskapane. Ein slik innfallsvinkel tek dessverre lite høgd for andre faktorar som må reknast som relevante til problemstillinga.

Sjølv om RST har eit retorisk nivå, er det ein reiskap retta mot analyse av skriven *tekst*. Difor blir delar av dei retoriske dimensjonane, som til dømes *actio* (Bakken, 2020, s. 44–47), neglisjerte. Dette er ein veikskap eg har vore medviten, og som eg har kompensert for etter beste evne i kapittel 4. Fjerde kapittel har som mål å bidra til drøftinga av element frå RST-analysane som synte seg, men som RST ikkje hadde høve til å utforske i stor nok grad. Kapittelet tek difor steget ut av RST-metoden for å løfte fram mindre tekstlege dimensjonar av tekstane. Situasjonsanalysane i kapittel 3 bidreg med ein liknande kompensering, med å sjå forbi det skrivne til fordel for andre modalitetar, kontekstar, og dei retoriske situasjonane tekstane opererer innanfor.

Metoden i seg sjølv har også ei rekkje feilkjelder, og desse kjem godt fram av Mann & Thompsen i *Discourse description: diverse linguistic analyses of a fund-raising text* (Mann & Thompson, 1992, s. 59–61). Dei reflekterer her om korleis ein og same tekst kan bli tildelt fleire ulike analysar, og peiker på følgjande som moglege kjelder til feil:

- 1) Boundary judgements – results of forcing borderline cases into categories.
- 2) Text Structure Ambiguity – comparable to many other varieties of linguistic ambiguity.
- 3) Simultaneous Analyses – multiple compatible analyses [...].
- 4) Differences Between Analysts – especially, differing plausibility judgements.
- 5) Analytical Error – especially by inexperienced analysts. (Mann & Thompson, 1992, s. 60)

Samstundes vil eg understreke, som Mann & Thompson (s. 59), at det er heilt naturleg at analysar skil seg frå kvarandre på eit eller fleire område. Same kor objektiv og distansert ein prøvar å vere, vil det alltid vere ein grad av subjektivt skjønn i analytiske vurderingar. Rolla mi som forskar har difor vore å utøve virket mitt med opne og tilgjengelege drøftingar og analysar, kor også tvil og utryggje får plass.



### 3 ANALYSE AV PRESSEKONFERANSAR

I det følgjande vil eg gå gjennom og drøfte strukturanalysane eg har gjennomført av dei tre pressekonferansane (sjå figur 4). Som ein første del av analysane vil eg gjere greie for dei retoriske situasjonane tekstane må seiast å operere innanfor. Vidare vil eg ta føre meg kvar tekst for seg i ein «ovanfrå og ned»-tilnærming, kor kvar analyse byrjar med det globale nivået og arbeider seg stegvis nedover. Strukturtra vil ikkje bli gjeve att i heilskap, men bli delte opp og vist til gjennom utsnitt der desse er relevante opp til drøftingane. Det er fleire grunnar til dette.

For det første har det vist seg umogleg å implementere dei heile strukturane frå ein teknisk ståstad, då det er vanskeleg å få formatet på strukturanalysane overført dokumentet på ein god måte. For det andre er det tendensar og spor etter overordna kommunikative strategiar som er av interesse for oppgåva, og ei visualisering av modellane utover det som er naudsynt ville kunne motverka syninga av sentrale moment. Døme på område som vil vere av særskild interesse er relasjonar kor det er vanskeleg å bestemme relasjonstypene, noko som kan indikere uklart språk, men også døme på strukturar som går att både hjå den enkelte retoriske aktør og på tvers av alle tre, då som uttrykk for kommunikative strategiar. Strukturar og relasjonar som skil seg ut vil også vere av interesse.

Dei heile RST-analysane er samstundes vedlagte dokumentet i lag med segmentlistene (sjå vedlegg 15).

#### 3.1 DEN RETORISKE SITUASJONEN

Situasjonsanalysane har grunnlag i forslaget til analysestruktur som uttrykt hjå Bakken (2020, s. 115) etter Lloyd F. Bitzer (1968):

- a Hvilket påtrengende problem forsøker avsenderen å løse?
- b Hvem er publikum? (Med andre ord: Hvem har makt til å løse problemet?)
- c Hva er de viktigste tvingende omstendighetene som regulerer hva avsenderen kan gjøre?

Innleiingsvis er det høveleg å gjere ei avgrensing av kven eg ser på som *avsendarar* i utgreiinga av den retoriske situasjonen. På eit overordna nivå har ein tre institusjonar. Desse er: Regjeringa (med Statsminister Erna Solberg, justis- og beredskapsminister Monica Mæland,

helse- og omsorgsminister Bent Høie og kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby), Helsedirektoratet (med helsedirektør Bjørn Guldvog og fungerande assisterande helsedirektør Espen Nakstad) og Folkehelseinstituttet (med direktør Camilla Stoltenberg og avdelingsdirektør Line Vold). Det er desse (Regjeringa, HD og FHI) som er av hovudinteresse for oppgåva, noko som også kjem klart fram i problemstillinga. Difor vil eg i dei fleste høve kople drøftingane opp til institusjonane og korleis dei ulike tekstane og talarane deira gir uttrykk for overordna kommunikative strategiar. Med det sagt, vil også den enkelte retoriske aktør bli referert til kor dette syner seg som relevant.

Dei fleste vil sjå attende på 12. mars 2020 som byrjinga på pandemien i norsk samanheng, sjølv om det også var ein opptakt til dagen landet stengte ned. I den første delen av situasjonsanalysen er det pressekonferansen og situasjonen den 12. mars som er utgangspunktet, men mykje av det i den innleiande situasjonen er direkte overførbart til dei resterande pressekonferansane. Situasjonsanalysen vil difor gå i djupna på situasjonen den 12. mars, medan ein supplerande del vil peike på eit par vesentlege endringar av situasjonen frå ein pressekonferanse til annan.

## **PROBLEMET**

Kva er så det *påtrengande problemet* dei forsøkte å løyse? Frå ein overordna ståstad er problemet slående klart; koronapandemien. Målet til kvar av avsendarane er unekteleg å redde liv med tiltak dei håper vil hindre koronaviruset frå å spreie seg ytterlegare, etter aukande smittespreiing med til dels ukjente smittekjelder etter vinterferien nokre veker før. På anna side kan problemet spesifiserast, noko som også kjem godt fram i talen til Bjørn Guldvog:

Det har vært viktig for oss å finne det riktige tidspunktet for å iverksette slike omfattende tiltak. Vi har i det lengste håpet at det skulle være unødvendig, men vi har de siste døgnene sett en eskalering av situasjonen både i Europa og i Norge. (Vedlegg 3, #1-3)

Her blir det erkjent nett kor komplisert situasjonen var. Fram til no var nordmenn delte i oppfatninga av pandemien. Nokon ville stengje ned, medan andre såg på det heile som hysteri. Kor nokon ville slå ned, ville andre la viruset brenne gjennom over tid. Slik meinte dei befolkninga ville byggje opp immunitet. Lærarar var redde for å på arbeid, medisinfaglege personlegdommar tok til å debattere strategiar i media, og land som Italia stod plutsleg i knefall. Mangelen på eit felles syn må difor ha vore ein spesifisert del av problemet, og heller

ikkje noko det var vidare enkelt å finne ei løysing på. Under eitt er det liten tvil om at myndigheitene var veldig klar over at dei *måtte* få det store fleirtalet til å dra i same retning.

Sitatet frå helsedirektøren fortel også om kva rolle Helsedirektoratet hadde overfor problemet, som utøvande helsemyndigheit. Sjølv om Regjeringa er i ein føreposisjon, og øvste ansvarleg for norsk helsevesen, er det Helsedirektoratet som her er den utøvande vedtaksmakta. Det var helsedirektøren som hadde ansvaret for vedtaka, med støtte frå Regjeringa som politisk forankring, og med FHI som kunnskapsleverandør. Ein del av det retoriske problemet må difor seiast å vere korleis dei med naudsyn måtte syne seg som samde og på linje med kvarandre.

Det viste seg raskt at dette ikkje var tilfellet (Svaar, 2020a). Til dags dato slit koronakommisjonen med å få tilgang til enkelte av dei interne dynamikkane, og Statsministerens kontor står framleis på sitt med å halde att innsyn til delar av SMS-korrespondansen mellom helsemyndigheitene i den aktuelle perioden (Svaar, 2020b). Dette er sentrale poeng å ha med vidare, då nett konfliktane i kulissane, og kompromissa dei leidde til, sjølvsgd var med på å utforme dei kommunikative strategiane som oppgåva skal utforske. Å gi inntrykk av semje og ei felles linje, trass intern usemje og meiningsbryting, må difor seiast å vere nok ein del av det retoriske problemet – særskild for Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, som underordna Regjeringa.

## **PUBLIKUMMET**

Ved å spesifisere problemet slik, kjem det også fram kven publikummet var; det norske folk. Det er fort gjort å trekkje dette fram som sjølvsgd. Det blei trass alt kalla inn til pressekonferanse av statsministeren sjølv, og situasjonen som leidde fram til pressekonferansen gav inntrykk av at innhaldet kom til å vere viktig for alle og ein kvar. Det var i det heile vanskeleg å unngå pressekonferansen, då media-Noreg gjorde sitt beste for å både dekkje konferansen direkte og gi att innhaldet i ettertid.

Skal ein nytte omgrepet *intenderte mottakarar* her, har ein etter mitt syn to val. «Det norske folk» kan sjølvsgd sjåast som den eine mottakaren som blei intendert, og i eit slikt høve blir mottakaren ei usedvanleg vid og uavgrensa eining. Med ein slik intensjon til grunn vil det vere ein føresetnad at språket er enkelt og lukka nok til at ein kvar norsk borgar evnar gripe meininga. Eit argument mot å intendere ein slik mottakar finn ein i korleis delar av pressekonferansen ikkje rettar seg mot den typiske norske borgaren i det heile, som til dømes ved lov- og paragrafreferansar, som berre eit fåtal evnar å dra meining ut av. Det ville også

vore vanskeleg å skilje dei ulike retoriske aktørane om ein skulle operert med ei forståing av at dei alle intenderer den same mottakaren.

Alternativet er å føresetje at aktørane har *fleire* mottakarar intenderte i tekstane sine, og at desse rettar seg mot enkeltgrupper kor dette er naudsynt. Dette vil også vere heilt naturleg, då Noreg trass alt består av ulike grupper menneske. Utan å vere medviten desse gruppene, og forståingsgrunnlaget deira, vil det vere vanskeleg å treffe dei som intendert. Frå ein analytisk ståstad er det høveleg å vere viss desse skilja, og det er difor eg har fatta val om å opne for at fleire intenderte mottakarar kan kome til uttrykk i tekstane. Ein slik innfallsvinkel gir også høve til å sjå på ulikskapar mellom kven kvar helseaktør rettar seg mot, og dette er ein viktig føresetnad når ein først skal skilje mellom dei som retoriske aktørar.

Eit overordna døme på korleis ulike mottakarar blir intenderte finn ein i bruken av teiknspråkstolk, som slett ikkje er ein sedvane ved mindre pressekonferansar. Ein kan sjølvsgad seie at det var eit ufråvikeleg krav å føre innhaldet over til teiknspråk, men det er også snakk om ei medviten tilpassing overfor ei særskild mottakargruppe. Eit anna døme er juridiske og institusjonelle ytringar, som i referansar til lovverket. Dette er ytringar frå Regjeringa som forankrar vedtaka til Helsedirektoratet politisk, og er etter alt å dømme modellert etter deltakarar av Stortinget og domstolane. På same måte ser ein at FHI i all hovudsak greier ut om fakta-, statistikk- og informasjonsgrunnlag, som verkar å intendere ein kritisk mottakar, men også ein som evnar å nytte seg av desse talmateriala. Helsedirektoratet går lengst i kven dei intenderer som mottakarar, då HD på ei side talar til helsearbeidarane dei er ansvarlege for å drifte, medan dei på anna side intenderer heile det norske folket i utgreiingar, oppmodingar og erkjenningar rundt råd og tiltak dei er ansvarlege for. At HD må intendere mottakarar i eit vidt spenn må også sjåast i samanheng med korleis HD, gjennom Helfo, er den primære statlege deltakaren innanfor helsereelatert kommunikasjon med borgarar.

Her må det også presiserast at desse mottakartilpassingane må sjåast på som ein tvingande omgjevning, dette i lys av forventinga om at «alle» skal med, og at institusjonelle og formelle krav må takast til følgje. Omsyna understrekar også viktige poeng i seg sjølv; alle må få med seg dette, dette er ei krise, berre saman kan me finne ei løysing.

*Relasjonen* mellom myndigheitene og publikummet syner seg difor kompleks. Regjeringa er den øvste myndigheita, og er den einaste som er demokratisk forankra gjennom val. Det ligg difor mykje *makt* hjå Regjeringa. *Makt* blir av Max Weber definert som «(...) enhver sjanse til å gjennomføre sin vilje innanfor en sosial relasjon, også på tross av motstand, uansett hva denne

sjansen beror på.» (Engelstad, 2019), og denne definisjonen er god å ha som grunnlag når ein skal sjå nærare på relasjonen.

Regjeringa har sjølvsagd makt i forlenging av si demokratiske posisjon, men også direkte politisk makt gjennom at vedtaka hennar er forankra i Stortinget. Også Helsedirektoratet og FHI har makt, i forlenging av deira innleiande etos som helsefaglege institusjonar, og ytringane deira har *vekt* i kraft av desse. Samstundes er det aldri tvil om at Regjeringa har det siste ordet, og relasjonstilhøvet mellom helsemyndigheitene kjem også fram i rekkjefølgja til talarane: Regjeringa, Helsedirektoratet og til slutt FHI.

Saman står dei altså fram som ein heilskapleg og samstemt myndigheitstrio. Helsedirektoratet støttar opp om, vedtek og konkretiserer budskapet til Regjeringa, og FHI bidreg med å leggje fram informasjonen og det faglege grunnlaget som råda og tiltaka kviler på. Dei byggjer altså opp om kvarandre, og under eitt appellerer dei til publikummet som ein samd eining.

Med det sagt var det ikkje slik at myndigheitene kunne ta for gitt at publikummet kom til å sjå på tiltaka og råda som rettferdige. Dei var tvert om heilt avhengige av at publikummet retta seg etter råda deira, og at dei viste velvilje. Det ligg såleis også makt hjå publikum, som måtte ta til takke med eit relativt tynt informasjonsgrunnlag som «godt nok» for å forklare dramatiske vedtak og restriksjonar. Ideen om at myndigheitene var avhengige av allmenn mobilisering blir på eit vis bekrefte med Solbergs introduksjon av dugnadsomgrepet:

Og i Norge står vi sammen når det gjelder. Vi mobiliserer til dugnad og samarbeid i små og store lokalsamfunn. Nå er altså dette viktigere enn noen gang tidligere. Virusert er så smittosomt at vi ikke kan ta på hverandre, men vi skal ta vare på hverandre (Vedlegg 1, #50-54)

Relasjonen er mest dualistisk, kor myndigheitene viser veg framover gjennom vedtak og råd, medan dei same myndigheitene er heilt avhengige av at allmenta legg seg på linje og bidreg. Ein ser at bruken av dugnadsomgrepet går på tvers av toposkategoriane til Gabrielsen her. Dugnad er unekteleg ein commonplace, men samstundes ligg det ein klar argumentasjon i solidaritetsappellen: Ingen kjem nokon stad utan den andre. Ein ser også at teksten fører fram eit bestemt kognitivt mønster i den positive tolkinga av dugnadsaktivitet. Dugnadstoposen, med fleire, blir det vigd meir plass til i kapittel 4.

## TVINGANDE OMGJEVNADER

Ei rekkje *tvingande omgjevnader* har allereie kome til syne; usemja i synet på pandemien hjå innbyggjarane, eit utrygt kunnskapsgrunnlag, ulike mottakargrupper og eit komplekst relasjonstilhøve - både mellom institusjonane sjølv, men også mellom myndigheitene og publikummet. Når eg no går vidare inn på dei tvingande omgjevnadene, vil eg ta føre meg rolla til *feltet* og *medieringa*. Også desse dimensjonane av situasjonskonteksten har tvingande konsekvensar.

*Feltet* i denne situasjonen er «pressekonferanse» som ein sosial aktivitet eller sjanger (Halliday, 1998, s. 76). Pressekonferansar generelt har sine naturlege forventingar og krav; talarstolar, formelt språk, offisielle talspersonar, fjernsynsdekning, osv. Når det blir kalla inn til pressekonferanse frå Statsministerens kontor, er det all grunn til å tru at det er viktig å følgje med. Samstundes var ikkje pressekonferansen 12. mars ein vanleg pressekonferanse. Alle venta på at han skulle bli annonsert, særskild etter at Danmark stengde ned dagen før. Konferansen blei først annonsert på føremiddagen, kort tid før han tok stad.

Det er lett å dra parallellar til helsedirektøren att, om korleis det var viktig å treffe vedtaka til rett tid. Ut frå situasjonen verkar det som pressekonferansen trefte usedvanleg bra. Alle var klare, og lytta til det som blei sagt. Forventinga om ei løysing og omfattande grep var klar, og allereie før pressekonferansen låg det i korta at det dreidde seg om ein historisk augeblink. Desse forventingane måtte på eit eller anna vis bli møtte av myndigheitene, og såleis står *feltet* fram som tvingande både i generell forstand, men også som den spesifikke aktiviteten innanfor situasjonen.

*Medieringa* er også ein del av dei tvingande omgjevnadene, og omhandlar rolla til språket, men også til media som blir nytta i ytringane. Eg følgjer i stor grad Svennevig i forståinga av omgrepet. Ein nyttar alltid *hjelp* når ein formidlar noko. Ein kan nytte blyant, datamaskin, kamera eller malekostar, og alle desse hjelpemidla er uttrykk for ulik *mediering* av språk og kommunikasjon (Svennevig, 2020, s. 169). Ein kan godt seie at all kommunikasjon er mediert, og såleis vil eg peike på korleis sjanger, tekststruktur og retorisk framferd også er relevante døme.

Når det kjem til det språklege, er det *skrivne talar* som blir presenterte munnleg, og noko anna ville også vore eit grovt brot på kva ein forventar av pressekonferansar som eit felt. Det er også klare skilnader på språkføringa blant dei tre helseaktørane. Kor Regjeringa balanserer mellom eit forankrande og overtydande språk på ei hand, og det offisielle og myndige på anna, tek

Helsedirektoratet, ved Guldvog, i bruk eit konsist og formelt uttrykk. Til slutt har ein FHI, som i det heile formidlar fakta på ein så logisk og nøytral måte dei kan, og som speglar rolla deira som kunnskapsleverandør. Regjeringa syner klar politisk språkføring, blant anna med uttrykk for autentisitet og personlege appellar, som under eitt speglar noko av det utrygge som publikummet kjenner på.

Regjeringa refererer til den personlege sfæren, med vekt på å halde fast på verdien av familiære band, samhald mellom menneske og eit ønskje om å verne om liva til våre kjære. Kor FHI manglar informasjon var dei opne om dette. Det treffer ein å høyre Camilla Stoltenberg innrømme at FHI ikkje har trygg nok informasjon til å produsere prognosar, og at retningslinjene difor har eit manglande forskingsgrunnlag: «De tallene som vi har presentert i dette scenariet er ikke prognoser. Til det er usikkerheten om hva som er virkeligheten altfor stor.» (Vedlegg 4, #31-32). Samstundes har det ein unekteleg effekt å vite at FHI ber på noko av den same utryggleiken som publikummet, og denne samkoplinga er heilt på linje med dugnadstanken som statsministeren allereie har introdusert. Det er også trygt å vite at myndigheitene er opne om eigne manglar. Me er saman i krisa, og i utrygga. Når Regjeringa først valte å appellere til dugnadskjensle, er det naturleg å tolke ein slik kommunikasjonsstrategi som tvingande i retning av openheit og tyngd på det medmenneskelege og personlege, ikkje minst for FHI og HD som underordna aktørar i trioien. Ser ein til medieformatet, kan ein syne mykje av dei same tendensane, og som pressekonferanse ser ein at fleire modalitetar spelar inn. Skjermdumpen under illustrerer dette godt:



**FIGUR 6:** SKJERMDUMP FRÅ «KORONASITUASJONEN: PRESSEKONFERANSE OM NYE TILTAK FOR Å BEKJEMPE KORONAVIRUSET», HENTA 21.01.2021 FRÅ [HTTPS://WWW.REGJERINGEN.NO/NO/AKTUELT/PRESSEKONFERANSE-OM-NYE-TILTAK-FOR-A-BEKJEMPE-KORONAVIRUSET/ID2693286/](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/pressekonferanse-om-nye-tiltak-for-a-bekjempe-koronaviruset/id2693286/)

Ein ser med ein gong at situasjonen har stor tyngd. Talarstolane og riksteppet i bakgrunnen gir situasjonen ein formell og streng ramme, medan kleda til talarane er mørke og anonyme – lite distraherande. Dei mørke fargane og det statlege stiluttrykket er også med på å byggje opp under alvoret i situasjonen. Relasjonstilhøvet mellom aktørane er igjen tydeleg, med HD og FHI på kvar si side av Regjeringa. Samstundes ser ein journalistane som ein horde rundt talarstolane. Ein får inntrykk av at dette er ein viktig, alvorstung og dramatisk augeblink.

Mediet fangar alt dette, og har difor ein tvingande verknad på pressekonferansen. Fjernsynsmediet, særskild som direktesending, krev at deltakarane tek stilling til samspelet og heilskapen i det visuelle uttrykket. Multimodalitet må takast omsyn til.

Difor blir det også interessant når dei på slutten av pressekonferansen skilir ut. Skjermdumpen er frå augeblinken kor Bent Høie avbryt ei handhelsing mellom statsministeren og Camilla Stoltenberg. Eit uhell, sjølvsgd, og det er liten tvil om at Erna Solberg blei flau av det heile. Likevel står scenen att som menneskeleg og relaterbar.

Ser ein til uhellet til den nederlandske statsministeren Mark Rutte (Guardian News, 2020), og den negative dekninga han fekk i ettertid, er det interessant at nordmenn trekte på smilebanda som vitne til same feilskjær (Songar frå nyheitene, 2020). Høie, Solberg og Stoltenberg var akkurat som oss i denne augeblinken, og akkurat det veit nok den homogene norske borgarskaren å verdsetje. Me liker å sjå oss sjølv i leiarane våre, og dette er ein del av den kulturelle konteksten myndigheitene får god hjelp av i dette høvet.

Ein ser også at det er for mange journalistar i rommet, at dei står for tett, og at talarstolane burde hatt meir rom mellom seg. Etter pressekonferansen 12. mars kan ein sitje att med inntrykket av at myndigheitene må tilpasse seg på lik linje med borgarane, til dels grunna svikt i gjennomføringa av eigne tiltak. Skal ein nytte seg av kontekstomgrepa til Svennevig her, ser ein at det *tekstuelle* gir uttrykk for tiltak og retningsliner *situasjonen* ikkje står i samsvar til, og sjølv om den kulturelle konteksten bidreg til at mottakarane aksepterer dette spriket, er det sær sannsynleg at dei vil forvente ei forbetring ved neste høve. Det vil vere urimeleg av myndigheitene å forvente tilpassing av borgarane sine utan sjølv å stå fram som gode førebilete.

12. mars blir difor eit referansepunkt, og ein ufråvikeleg del av den retoriske situasjonen i pressekonferansane som kom etter.



## SITUASJONEN ENDRAR SEG: «SKJERPANDE TILTAK» OG «OPPMJUKING»

På eit grunnleggjande nivå er situasjonen i dei to følgjande pressekonferansane særskild lik den første, men med nokre klare skilnader. Det er desse eg vil gå fram med å peike på no. Innleiingsvis vil eg ta føre meg *Skjerpande tiltak* frå 19. mars.

Noko av det første som blir tydeleg er korleis kravet til *tilpassing*, som blei løfta fram som ein tvingande omgjevnad i første del av situasjonsanalysen, kjem til uttrykk under pressekonferansen:



**FIGUR 7:** SKJERMDUMP FRÅ: «KORONASITUASJONEN: PRESSEKONFERANSE OM HÅNTERING AV KORONAEPIDEMIEN» HENTA 21.01.2021 FRÅ [HTTPS://WWW.REGJERINGEN.NO/NO/AKTUELT/PRESSEKONFERANSE-OM-HANDTERING-AV-KORONAEPIDEMIEN/ID2694220/](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/pressekonferanse-om-handtering-av-koronaepidemi/id2694220/)

På dette tidspunktet var pressekonferansane daglege, og ein ser at den dramatiske bakgrunnen og tilhøyrande talarstolar er fjerna. Til forskjell frå 12. mars er det god avstand mellom folk, stor plass, og svært få journalistar i rommet. Igjen får ein inntrykk av at ein er på lag, og tilpassinga er heilt på linje med korleis nordmenn byrja å gå seg inn i ein heilt ny kvardag. Frå ein overordna ståstad er problemet framleis koronapandemien, noko som gjeld alle dei retoriske aktørane, men problemet til Regjeringa er også spesifisert inn mot frykta for smitte i hyttekommunar i forlenging av påskeferien. Det er under pressekonferansen 19. mars at «hytteforbodet» blir innført.

Difor er det også naturleg å tolke *hytteeigarar* som ein intendert mottakar frå ståstaden til Regjeringa, då dei blir retta eit særskild fokus på. Med det sagt, finn ein det same publikummet

som tidlegare låg til grunn, og mykje av pressekonferansen blir nytta som motivasjon og oppmuntring fram mot det vidare smittevernarbeidet.

Til slutt har ein pressekonferansen «Oppmjuking» frå 7. april. Ser ein til ein siste skjermdump, syner me nok ein gong eit offisielt visuelt uttrykk:



**FIGUR 8:** SKJERMDUMP FRÅ «KORONASITUASJONEN: PRESSEKONFERANSE OM KORONA-TILTAK» HENTA 21.01.2021 FRÅ [HTTPS://WWW.REGJERINGEN.NO/NO/AKTUELT/PRESSEKONFERANSE-OM-KORONA-TILTAK/ID2696977/](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/pressekonferanse-om-korona-tiltak/id2696977/)

Det er nærliggjande å forstå endringane av kulissane som ei slags markering, og dette er også høveleg då konferansen innførte dei første oppmjukingane av restriksjonane. Han står difor fram som enno ein augeblink – denne gongen i positiv forstand. Under eitt har tiltaka hatt gode verknader, og smitta er igjen under kontroll. Likevel ser ein at ting kjem til å halde fram som før, og til skilnad frå pressekonferansen 12. mars går talarane denne gong på talarstolen kvar for seg – sjølv om det er god plass mellom dei. Ingen tek sjansar, ikkje no lenger. Medieringa og det multimodale samspelet slår heim eit enkelt og viktig poeng: *Me har klart oss bra så langt, men er ikkje i mål enno.*


Problemet er, som før, koronapandemien. Spesifikt ser ein at det overhengande målet er å halde fast ved det samhaldet og samarbeidet som så langt har leidd Noreg til nokolunde trygg grunn. Det spesifiserte problemet myndigheitene prøvar å løyse er sikringa av det vidare arbeidet, i frykt av at innsatsen til folk flest skal skli ut som følgje av kontrollen og dei følgjande oppmjukingane. Pressekonferansen frå 7. april syner seg i det heile som ein balansegang mellom det åtvarande og det oppmuntrande.

Med situasjonsanalysane har me no kartlagt dei retoriske rammene tekstane opptrer innanfor. Me har sett på kva publikum dei ulike aktørane har modellert seg etter, kva problem dei forsøkte å løyse, og på nokre av dei sentrale tvingande omgjevnadene i dei retoriske situasjonane. Ikkje minst har situasjonsanalysen gjort greie for korleis tekstane opererer på tvers av tre institusjonar (Regjeringa, Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet), og peikt på korleis desse allereie frå ein kontekstuell ståstad må sjåast på som åtskilte retoriske aktørar med ulike retoriske føresetnader.

Vidare blei pressekonferansane analyserte. Kvar pressekonferanse vil byrje med det globale nivået, og sjå på korleis dei ulike tekstane i kvar pressekonferanse står i relasjon til kvarandre. Derifrå vil analysane ta føre seg tekstane for seg, og gå gradvis nedover frå eit nivå til eit anna. Kvar analysedel har ein avsluttande del, kor tekstane til kvar pressekonferanse blir sett under eitt i ei samanfatning.

### 3.2 A1 - STRUKTURANALYSE AV «LANDET STENGER NED»

*Pressekonferanse om nye tiltak for å bekjempe koronaviruset*, vidare referert til som *Landet stenger ned*, står seg som startpunktet til koronapandemien i Noreg. Konferansen blei invitert til av statsminister Erna Solberg og helse- og omsorgsminister Bent Høie, og blei halden på Statsministerens kontor kl. 14:00, den 12. mars 2020. Inndelinga av segmenta finn ein i vedlegg 1-4. Innleiingsvis vil eg sjå på det øvste nivået, for å syne korleis kvar retoriske aktør står i relasjon til dei andre:




FIGUR 9: GLOBALT NIVÅ (A1)

Den globale strukturen i A1 er tydeleg, og samstundes heilt på linje med rolleforståinga som blei etablert i situasjonsanalysen. Det er snakk om ein kjerne, talen til statsministeren. At A1.1 står fram som den einaste kjernen på eit globalt nivå kjem bra fram i korleis ingen av dei andre segmenta evnar å stå på egne bein. A1.3 og A1.4 syner seg som bevisførande, altså med funksjon å betre tilliten til kjernesegmentet. Det er heilt tydeleg at A1.3 og A1.4 har funksjon som supplement til støtte for A1.1. A1.2 har ein utdjupande funksjon overfor A1.1, noko som også blir eksplisitt uttrykt av statsministeren: «Helse- og omsorgsministeren vil komme tilbake til de øvrige tiltakene.» (Vedlegg 1, #45). Ein kan argumentere for at A1.1 førebear for A1.2, men under eitt er det lite *nytt* som blir innført av A1.2, då det meste av innhaldet er ei påbygging og formalisering av kva statsministeren allereie har innleidd med.

I alt var strukturen synleg og lett å definere. Han gir også eit godt bilete av hierarkiet mellom dei retoriske aktørane. Statsministeren er den leiande, helseministeren utdjupar innan sitt område, helsedirektøren legg fram eit forsvar av tiltaka han har vedteke, og direktøren for FHI legg fram informasjonsgrunnlaget (i dette høve også mangelen på informasjon) til dei resterande aktørane. Frå eit klarspråkleg perspektiv verkar strukturen heilt på linje med kravet stilt av noverande definisjon, om korleis tydeleg struktur må sjåast på som ein føresetnad for eit klart språk.

## STATSMINISTER ERNA SOLBERG (A1.1)

Den første delen av *Landet stenger ned* er talen til statsminister Erna Solberg. Talen har blitt transkribert til skrift, og deretter delt inn i totalt 66 segment (sjå vedlegg 1). Innleiingsvis vil eg rette merksemd på teksten frå ein overordna ståstad:




FIGUR 10: A1.1 - RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Teksten nyttar ein ukomplisert struktur som er lett å kjenne att, og som også var enkel å definere. Ein innleiande del dannar eit tolkingshøve til ein hovuddel (#3-25), medan ein meir eksplisitt førebauande del leier opp til innføringa av dei faktiske tiltaka (#26-35). Motivasjonssatellitten er såleis å rekne som ein avsluttande del (#47-66), og har som hovudfunksjon å byggje opp velvilje til hovudforløpet (#36-46). Under eitt ser ein at A1.1 er bygd opp gjennom ei rekkje ledd som alle er til støtte for eit hovudpunkt, som er målet om å sikre liv og helse og dei følgjande føresetnadene (smittevernstiltaka, #40-46).


Ein skal allereie no leggje merke til kor mykje *plass* som blir nytta i førebuinga til kjernesegmentet. Det er ikkje gitt at dette er ein høveleg framgangsmåte, og god klarspråkspraksis vil ha det til at hovudmeininga skal bli uttrykt så tidleg som råd. På ei anna side er det naturleg å nytte tid og plass for å grunngi dramatiske tiltak. Sett i samanheng med korleis myndigheitene med naudsyn måtte skape velvilje overfor tiltaka, verkar det føremålstenleg med sterke grunngivande strukturar i pre-posisjon.

Vidare tek me føre oss segmentforløpet 3-25, altså innleiinga til talen:



FIGUR 11: A1.1 - SEGMENTFORLØP 3-25

Teksten gjer greie for problemet allereie no (#3-7), og peiker med ein gong på ei løysing (#8). Eg har valt å føre 9-25 som ei rekkje samankopla kjernar, som kvar for seg for utviklar seg vidare. Ein kan like godt bruke *sekvens* som relasjon her, men det viktige er å syne at forløpet består av tre samankopla kjernar som kvar for seg har eigne segmentforløp. Til saman er desse med på å danne eit *høve for talking* overfor hovudforløpet i teksten (jf. figur 10). Dugnadsappellen er ein del av dette tolkingshøvet, og syner seg i detalj her:



FIGUR 12: A1.1 - SEGMENTFORLØP 15-25

Ein ser her at segment 15 står fram som premissen til dei vidare segmenta, altså påstanden som gjer resterande segment gyldige. Segment 24-25 synte seg som noko vanskeleg å definere funksjonen til, og eg veksle frå å vurdere funksjonen som vurderande, motiverande eller tolkande. Til slutt bestemte eg å vurdere 24-25 som ein *tolkingssatellitt*, nett fordi det skaper ein relasjon til ein kulturell kontekst som ikkje er ein del av innhaldet til kjernen (#23).

Kva er så desse eksterne ideane som blir referert til? Ein ser i forløpet 3-25 korleis *dugnadstoposen* blir innført. Ord som «vi», «sammen», «oss» og «solidaritet» er alle uttrykk for ei førestilling om nordmenn som ein homogen og solidarisk gruppe. Ordet “dugnad” rommar desse kvalitetane som ein enkelt topos, og bidreg her til å skape ein heilskap i biletet Solberg teiknar av nordmannen. Slik kan ein argumentere for at bruken av “dugnad” fører fram eit bestemt kognitivt mønster, og modellerer mot ei positiv tolking og pliktkjensle med å peike på ein kulturell stad dei veit å akte høgt. Ein slik toposbruk fell inn under den kognitive retninga av topikken, etter Gabrielsen (2008. s. 62-76). Ser ein til autopoiesisen her, vil ein kunne seie at dette er spor som modellerer lesinga etter ein intendert mottakar. I dette høvet ser ein spor av ein mottakar i teksten, som vil godta dugnadsappellen som sannferdig og etisk rett, eller i alle fall ein mottakar som er kjend med toposen som ein del av ein felles kulturell stad, ein commonplace han kan relatere seg til.


Frå ein empirisk ståstad er “dugnad” ein kjent aktivitet for mange nordmenn. Samstundes skal ein vere merksam på at den udefinerbare storleiken *vi*, som i dette høve siktar til *folket*, er uttrykk for ein tenkt lesar som ser på nordmenn som ei samansveisa kulturell eining. Dette er ikkje ei førestilling som held stand i verkelegheita, og det synte seg straks at kulturelle skilje også gjorde seg gjeldande i smittestatistikken.

Norsk-somaliarar var mellom anna kraftig overrepresentert i tidleg smittestatistik. I «91 norsksomaliere var innlagt for korona – nå er smitten nesten null» av Tormod Strand for NRK

(2020) blir utfordringa skildra godt, med blant anna ei innrømming frå FHI ved Thor Indseth: «Språkutfordringer er sannsynligvis en del av forklaringen, og at mange ikke leser norske nyheter. Vi ser at mange norsksomaliere kan ha tilegnet seg informasjon med en viss forsinkelse». Når det norsksomaliske miljøet fekk has på smitta, var det som følge av eigeninnsats og målretta kommunikasjon av kommunane (i hovudsak Oslo). Den same artikkelen konkluderer med det same, ved Said Mahamud Ali, som ein av grunnleggjarane av NorSom News: «Norsksomaliere er de beste til å informere norsksomaliere, Det er erfaringen som vi må bygge videre på».

Under eitt syner kulturkonteksten seg som kompleks, og det er høve til å løfte fram samhalds- og dugnadstoposen som ei forenkling. Sjølv om statsministeren nyttar ein klar og samlande kommunikasjonsstrategi, ser ein altså at den same strategien neglisjerer enkelte minoritetsgrupper gjennom tekstlege spor modellert etter ein mottakar som deltek i det norsk-etniske *fleirtalet*.

Vidare har ein forløpet 26-35, altså førebuingssatellitten:



FIGUR 13: A1.1 SEGMENTFORLØP 26-35

Relasjonane var enkle å syne, og funksjonane meir eller mindre klare. Ein ser også at argumentasjonsmønsteret er tydeleg, med ei innleiande presentasjon av problemet (#26-28, sjå vedlegg 1) og eit påfølgjande løysingsforslag med ein rettferdiggerande funksjon overfor hovudsegmentet. Dette er etter mitt syn eit døme på ein *heuretisk* topologi, eit argumentasjonsmønster med rettferdiggerande struktur i føreposisjon, som ein kjenner att som ein prøvd «tommelfingerregel» i oppbygginga av argumentasjonsrekkjer. Struktura verker å stå i samsvar med ein oppskrift for argumentasjon, som intenderte mottakarar har gode føresetnader å kjenne att.

Sagt annleis, kjenner ein med ein gong att argumentasjonslogikken i 26-31: Ein presentasjon av problemet, ei følgjande løysing. Det same mønsteret går att i mykje av det ein ser vidare, med utbreitt bruk av rettferdiggjjerande strukturar. Slik bidreg strukturen med å skape tydelegheit, eit klart spor for mottakarar å følgje, som igjen må sjåast på som eit teikn på at språket er klart.


Samstundes syner teksten eit anna uttrykk for kommunikativ strategi, nemleg openheit. Ein ser at kvart hovudsegment (#29 og 32) har ei vurdering knytt opp til seg. Solberg innrømmer at dei førre tiltaka ikkje lenger er gode nok (#30-31), og ein ser at statsministeren er heilt open om nett kor omfattande dei nye tiltaka kjem til å vere (#33-35), medan ho til slutt vurderer dei som strengt naudsynte (#35)

Det er nærliggjande å tolke vekta på openheit som eit uttrykk for ei positiv haldning, som igjen byggjer opp under talarens *etos*. Etos er også kjent som «talarens truverd», og er eit retorisk bevismiddel knytt til talarens oppfatta karakter. Hjá Aristoteles blei etos knytt til tre eigenskapar: «*Areté* (moralsk kvalitet), *phronesis* (sunn fornuft) og *eunoia* (velvilje)» (Grue, 2019a). Ein skil også mellom innleiande, avleidd og endeleg etos. Dette er altså etos talaren har frå før (gjennom tittel, rolle, utdanning, tidlegare talar osv.), etos som blir til i framføringa, og etos talaren sit att med ved slutten av den retoriske handlinga (Kjeldsen, 2015, s. 125–134).

At statsministeren har ein sterk innleiande posisjon er tydeleg, men openheita ein ser spor av i teksten er også eit uttrykk for ein høveleg moralsk kvalitet, med det utgangspunkt at publikummet ser på openheit som ein dyd. At statsministeren er open om konsekvensane og vurderingane av eigne tiltak vil difor vere med på å byggje opp truverdet hennar som talar. Truverdet vil vidare vere med å tryggje velvilje overfor tiltaka. Ser ein attende til dei førre segmentforløpa, ser ein tydelege spor av velvilje i formidlinga av sympati og forståing overfor frykt (#10-11), og i appellane til samhald (#21, 24, 25). Forstand og sunn fornuft blir til dømes uttrykt av dei solide argumentasjonsmønstra, og ei god føring av språket. Ein ser altså at teksten svarar til truverdskrava hjå Aristoteles.

Vidare har ein hovudforløpet, 36-46:






FIGUR 14: A1.1 SEGMENTFORLØP 36-46

I 36-38 rettferdiggjer statsministeren eit ønskje om å sikre liv og helse gjennom å gjere det tydeleg at ho har Stortinget med seg. Stortinget har som kjent vedtaksmakta, og at fleirtalet i Stortinget støttar opp om maktutøvinga til Regjeringa er difor ein viktig føresetnad. Ho viser her at ho har ryggdekning. Først etter rettferdiggjeringa presenterer teksten det overordna målet (#39) og føresetnadene for å kome målet i møte (#40-46). Også her er strukturen ryddig og føreseieleg, og tiltaka blir lista opp og greidd ut om i ein naturleg sekvens. Eg vil likevel kommentere frampeiket mot helseministeren (#45), som har blitt markert som «sjølvtendig». Referansen har unekteleg ein funksjon som ei førebuing til den neste talaren, men då funksjonen går på tvers av tekstane, blei det vanskeleg å synleggjere denne funksjonen i modellen.

Til slutt har ein den avsluttande og motiverande strukturen av teksten:




FIGUR 15: A1.1 SEGMENTFORLØP 47-66

Her er fleire kjernar sett som ein del av ein fleirkjerna sekvens, alle med mål om å oppmuntre og motivere til velvilje overfor tiltaka som blei presenterte i førre del. Teksten erkjenner enkelte grupper (#47-49 og #55-64), og støttar desse. Ein ser også at gode initiativ og løysingar blir løfta fram og nytta som gode døme (#55-64), medan samhalds- og solidaritetstematikken kjem attende som ein motiverande faktor (#50-54 og #65-66). 65 og 66 er også ei klar avslutning av teksten under eitt, og slutten på sekvensen spesifikt.

Ein ser at desse to segmenta gjentar budskapet i segment 39: «Det viktigste nå er å sikre liv og helse til landets innbyggere». Det er tydeleg at samhaldsappellen ligg som eit tydeleg spor frå byrjing til slutt, og strukturen er såleis å rekne som ein *sirkelkomposisjon*. Ein sirkelkomposisjon er eit litteraturvitskapleg omgrep om tekstlege komposisjonar kor slutten i ein tekst er knytt saman med byrjinga, som i dette høvet skjer i form av samanfall i tematikk («sirkelkomposisjon», 2021). I syninga av prioriteringane kan ein også spore ein argumentativ topos, i korleis liv og helse blir fremja som den *mest* sentrale premissen for smittevernstiltaka. Det er snakk som ein eksplisitt presisering av prioriteringane, men også ei kopling til den djupstijtjande ideen om at “mindre gode må vike for den største”, som ein underforstått argumentasjonsprinsipp med kulturell forankring.

## HELSE- OG OMSORGSMINISTER BENT HØIE (A1.2)

Vidare i rekkja har me A1.2, med helse- og omsorgsminister Bent Høie som talar. La oss sjå på teksten frå ein overordna ståstad:



FIGUR 16: A1.2 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Den utdjupande funksjonen blir med ein gong tydeleg, i den sekvensielle og mest oppramsande strukturen i hovudforløpet 11-54. Samstundes bruker også denne teksten noko tid på å byggje opp eit rettferdiggerande grunnlag, dette i segment 1-10:


1. Disse tiltakene som vi nå kommer med er noen av de aller kraftigste vi har i verktøykassen.
2. Og vi gjør dette i håp om å stoppe viruset.
3. Grepet vi nå tar vil oppleves som en belastning for mange,
4. og vil få store konsekvenser for det norske samfunnet
5. Men dette er en dugnad som vi er nødt til å ta, i fellesskap og på vegne av fellesskapet.
6. Noen vil sikkert si at de ikke er redde for å bli smittet, og dette er mitt budskap til dem:
7. Kanskje du ikke er redd for din egen del, men du må være med på å begrense smitte av hensyn til bestemor som er høyt oppe i årene, til lillesøster med astma eller til naboen som har kreft, og ikke minst for alle de tusener i helsetjenesten som nå skal inn i en krevende tid og trenger at vi alle sammen bidrar.
8. Grepet vi tar kan skape frykt hos noen.
9. Jeg håper at det vil skape trygghet hos de fleste.
10. For befolkningen kan føle seg trygge på at vi tar de grepene som trengs for å hindre smittespredning og sikrer at de som blir alvorlig syke skal få god helsehjelp når de trenger det.

Ein ser her at teksten vert innleidd med ein rettferdiggering av vedtaka gjennom bruk av den same samhalds- og solidaritetstematikken statsministeren innførte i førekant. Slik bind han også dei to tekstane saman, og den tematiske innleiinga samsvarar med allereie etablerte spor. Vidare ser ein korleis den *utdjupande* funksjonen til teksten kjem til syne, i korleis dei ulike tiltaka blir lista opp og gått i djupna på i eit skjematisk framlegg. Strukturen er ryddig, var enkel å syne på det overordna nivået, og teksten tek i hovudsak føre seg ei rekkje listepunkt som kvar for seg greier ut om ulike delar av ei tiltakspakke. Ein må også leggje merke til korleis han appellerer til ulike etiske omsyn. Familiemedlem, naboar og helsearbeidarar blir nemnde heilt spesifikt, som gode grunnar til å bidra, og som enkeltomsyn på sida av den overordna fellesskapstanken.

Vedtaka blir innleidd med referansar til lovparagrafar, og det er nærliggjande å vurdere desse vedtakstekstane som spor av ein mindre allmenn mottakar enn tidlegare, då dei svarar til sjangerkrav innanfor det juridiske og føreset ein viss grad av juridisk kompetanse for å bli forstått som intendert. *Sjanger* tyder ‘slekt, art’, og har sitt opphav frå franske *genre* og latinske *genus* (Svennevig, 2019). I dette høvet bruker eg sjanger om forskjellige *typar* tekst basert på fellestrekk i form, innhald eller funksjon. At ein juridisk kompetent mottakar blir intendert er likevel ikkje grunn til å avskrive ein meir allmenn mottakar, då referansane også står fram som eit sjangersignal i utvida forstand.

Den same mottakaren som i førre tekst, altså *vi*, kan difor seiast å bli modellert inn i ein overgang til ein meir presis og formell tekst gjennom bruken av lov- og paragrafreferansane som markørar for ein ny sjanger. Slik kan dei tenkjast å ha ein førebuande funksjon overfor ein intendert mottakar som treng å bli leidd frå ein tekst til ein annan, og som gjennom dei juridiske spora blir medviten ein slik overgang og justerer forventingane. Frå ein empirisk ståstad er dette også eit uttrykk for ein klar struktur, som ein faktisk mottakar truleg klarar å følgje.

I ein kommentar til RST-analysen vil eg peike på ein relasjon eg fann vanskar med å plassere. Innleiingsvis har ein følgjande førebuande presisering av tidsrammene for stenging av skular m.m.:



FIGUR 17: A1.2 SEGMENTFORLØP 11-22


I og for seg er dette forståeleg, men då teksten vidare avstår frå å følgje det same mønsteret blei det uklart. I staden for ein førebuande del i dei vidare vedtaka kjem tidsrammene til uttrykk i ein overordna satellitt heilt i slutten av teksten (sjå figur 16). «Alle tiltakene som jeg har snakket om gjelder fra i dag 12. mars kl. 18» verkar unekteleg å stå i ein utdjupande relasjon til alle vedtaka, medan ein på anna side ser at det første av vedtaka opererer med ei anna tidsramme. Her kan det tenkjast at det ville vore høveleg å operert etter døme frå segmentforløp 11-13. Slik ville det blitt enklare å differensiere tidsrammene for kvart av vedtaka, medan strukturen hadde vore konsekvent og føreseieleg – og språket klarare.

Under eitt gir teksten uttrykk for eit utdjupande framlegg av detaljane og den juridiske forankringa av tiltaka A1.1 allereie innleidde med å peike på. Rolla til Bent Høie som helse- og omsorgsminister kjem også godt fram, kor han som den politiske leiaren av norsk helsevesen

erkjenner vedtaksmakta til Helsedirektoratet. Ein skal leggje merke til at teksten brukar relativt liten tid på å rettferdiggjere tiltaka, og dette har nok å gjere med at A1.1 allereie har utøvd denne funksjonen. A1.2 går heller frå det generelle til det spesifikke, og greier ut om tiltaka i detalj og med ein formell og til dels skjematisk stil. Strukturen er i det heile tydeleg.

### HELSEDIREKTØR BJØRN GULDVOG (A1.3)

Helsedirektør Bjørn Guldvog er leiar for Helsedirektoratet, som er den utøvande helsemakta på mandat frå Regjeringa. I A1.3 gjer han greie for grunnlaget for vedtaka, og frå eit oversiktleg perspektiv syner RST-analysen seg slik:




FIGUR 18: A1.3 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Teksten skil seg ut med å vere kort til samanlikning med dei førre. Strukturelt er teksten også tydeleg og enkel. Førebuinga (#1) bind A1.3 saman med A1.2, og vekker på same tid interesse for kjernesegmenta som ein førebuande satellitt. Kjernen i strukturen er 2-3, og legg fram ein påstand om at situasjonen no krev at tiltak blir iverksett. Resten av teksten fører bevis til støtte for denne påstanden (#4-8), medan 10-11 vurderer grunngevingane ved vegg ende. Teksten er strukturert, var enkel å analysere, og er i alt eit uttrykk for klar språkføring; kort, konsis, og høveleg som eit framlegg med mål om å betre tilliten til dei framlagte tilleggga. Dette er helsedirektøren som legg fram saka si, og som er open om grunnlaget for vedtaka.

## DIREKTØR CAMILLA STOLTENBERG (A1.4)

Stoltenberg byrjar med å etablere eit rammeverk for tolking, altså eit *høve*, i segment 1-26. I eit neste steg stiller ho opp to likestilte segmentforløp. Ein del av konjunksjonen gjer greie for premissane for risikovurderinga, og den andre tek føre seg detaljane i den same publikasjonen. Strukturen står fram som analytisk og godt strukturert, og den innleiande satellitten gir god tilgang til tal og statistikk som er relevant i høve til dei førre tekstane og det vidare forløpet i A1.4:



FIGUR 19: A1.4 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Det er tydeleg at FHI ved Camilla Stoltenberg har ein bevisførande funksjon overfor Regjeringa, ved Erna Solberg og Bent Høie. Teksten presenterer i all hovudsak tall- og faktagrunnlaget tiltaka kviler på, men også manglane i dette grunnlaget. Det er lite patos å spore her, frå greske patos ‘smerte; lidning; lidenskap, affekt’ («patos», 2021), og frå ein retorisk ståstad ser ein at Stoltenberg har lagt seg på ein stoisk linje (sjå side 12-13).


Til skilnad frå A1.1 og A1.2 er det ingen spor av sofistisk retorikk i teksten. I staden for å *overtale* er det tydeleg at Stoltenberg lar kunnskapsformidlinga hennar *overtyde*. Ei overtaling er å få nokon til å gjere som ein tilrår, medan å overtyde er å få ein til å innsjå noko, og i dette høvet er det viktig å skilje dei to omgrepa. At Stoltenberg vektlegg overtyding er heilt på linje med det stoiske idealet om sjølvforsvar. Teksten har eit sterkt nok rasjonelt grunnlag til at saksframlegget er vanskeleg, om ikkje umogleg, å angripe.

Ho uttrykkjer ei informert uvisse, som blir truverdig i forlenging av den innleiande etosen til Stoltenberg, som ein av våre fremste ekspertar på medisin, epidemiologiske studium og helsestatistikk. Teksten gir uttrykk for ei oppriktig og nøktern framstilling av kor grensene for

forskinga går, og kva me ikkje veit. Stoltenberg spekulerer ikkje, ho seier ‘’sånn er det’’, og erkjenner situasjonen for det han er. Ho held seg roleg, og presenterer fakta og informasjon på ein presis, sindig og objektiv måte.

Med andre ord står Stoltenberg fram som open og trygg i formidlinga av forskingsgrunnlaget og utryggja omkring viruset. Med dette blir openheit igjen løfta fram som ein del av den kommunikative strategien, også frå FHI. Det stoiske sporet er også eit uttrykk for tydelegheit, då ein fast karakter innbyr færre distraksjonar og digresjonar. I eit moderne høve vil ein sindig retorisk aktør med sannsyn bli oppfatta som ein meir truverdige talar av ein intendert mottakar med blikk for sak og logikk. Spesielt i krisesituasjonar vil eit stoisk og konsekvent uttrykk bli vektlagt positivt. Nett difor kan ein argumentere for at den stoiske karakteren til Stoltenberg skaper positive kommunikative verknader, ikkje minst i lys av rolla til FHI som kunnskapsleverandør.

Strukturelt er nokre av segmentforløpa omfattande og lange, men grunnstrukturen er tydeleg, og progresjonen syner seg under eitt føreseieleg og enkel. Eit anna teikn på eit klart språk er bruken av presiserande segment, gjentakingar og oppsummeringar. Slik blir alle omgrepa hennar tydeleg avgrensa og definerte, og det er grunn til å tolke dette som klarspråkspraksis med positive kommunikative følgjer:



FIGUR 20: A1.4 - DØME PÅ OPPSUMMERING

## A1 UNDER EITT

Ser ein attende til problemstillinga, og dei to hypotesane eg har nytta i arbeidet med denne, er det høveleg å samanfatte kva ein kan syne av kommunikative strategiar i A1, og vurdere i kva grad hypotesane kan seiast å vere treffande. Under eitt, har det det synt seg ein overordna kommunikativ strategi på tvers av dei fire aktørane, som eg har valt å dele inn i tre prinsipp.

Openheit er etter alt å døme eit styrande kommunikativt prinsipp på tvers av dei retoriske aktørane. Dei informerer det dei kan, men er opne om at forskings- og informasjonsgrunnlaget er tynt. Dei argumenterer opent og kritisk, og er samstundes ærlege om utryggje og om kor alvorlege tiltaka og situasjonen er. Samstundes ser ein at politikarane er transparente i maktutøvinga, og viser attende til ei solid fleirtalsforankring i Stortinget.

Tydelegheit er eit anna kommunikativt prinsipp som kjem til syne. Ein kan syne prinsippet i alt frå den globale strukturen og rollefordelinga mellom aktørane (sjå figur 9), til dei føreseielege og kjente strukturane i dei enkelte tekstane. Sjølv kor det blir vanskeleg, og fagomgrep blir nytta, blir det teke i bruk presiserande og oppsummerande satellittar for å modellere ein intendert lesar mot best mogleg forståing (sjå figur 20). At strukturane er tydelege, og at dei fleste relasjonane og funksjonane har vore greie å definere, kan også tolkast som eit døme på korleis klar språkføring og klarspråksomsyn har hatt positive kommunikative verknader. Tekstane blir berre unntaksvis vanskelege å følgje (sjå figur 16 og 17), og kor det er tvil om relasjonen eller funksjonen til eit segment er det i dei fleste høve snakk å fatte val mellom liknande funksjonar.

*Mottakartilpassing* er eit siste prinsipp eg vil løfte fram, då ein ser at kvar tekst legg ulike intenderte lesarar til grunn. A1.1 appellerer til *vi*, og intenderer ein mottakar som vil reagere med ei kjensle av ansvar og plikt i møte med dugnadsappellen og ideen om nordmenn som ei homogen og solidarisk eining. A1.2 verkar å intendere ein mottakar med juridisk og politisk kompetanse, men også mottakarar med koplingar til dei særskilde gruppene vedtaka omhandlar. Både A1.1 og A1.2 nyttar dugnads- og fellesskapstoposar i arbeidet med å overtale om at tilrådingane deira er viktige å følgje. Ein kan allereie no syne byrjinga av ei forteljing frå Regjeringa, om korleis det norske *vi-et* reiser seg i møtet med nok ei utfordring, og handterer pandemien i lag. Dette er etter mitt syn starten på ein omfattande kognitiv topologi, med djuptsitjande kulturelle røter, som me skal gå nærare inn på i kapittel 4.

A1.3 og A1.4 er bevisførande, og har difor begge intenderte lesarar som treng å bli overtydd framfor overtalt. Spesielt Stoltenberg står fram som ein trygg og sindig aktørar, med ein sterk fagleg etos. Ho speglar ro og kontroll, men er samstundes open om grensene for forskinga og kunnskapane om viruset. Ein ser klare spor av ein stoisk retorikk, kor A1.4 erkjenner situasjonen for det han er gjennom eit objektivt framlegg, som verkar lite påverka av emosjonar.




Sjølv om ein veit at enkeltgrupper fell gjennom i kommunikasjonen, verkar A1 likevel å famne over eit breitt utval med intenderte mottakarar.

Når det gjeld hypotesen om at *medviten og klar språkbruk spelte ei rolle i korleis Regjeringa, HD og FHI stod fram som truverdige og samlande, trass usemje og utryggje i kulissane*, er det slett ikkje mykje usemje å spore. I alt verkar dei fire aktørane heilt samkøyrde. Sjølv om ein i dag kjenner til at FHI var usamd i vedtaket om å stenge barnehagar og småtrinna i skulen, kom ikkje dette fram i tekstane. Dei opererer med klart definerte roller (sjå figur 9), som i stor grad utfyller kvarandre, og står att som ein truverdig og godt samarbeidande plattform.

At medviten og klar språkbruk har ei rolle her, er det liten tvil om. Overgangane frå ein tekst til annan er alltid tydelege, og kvar talar held seg innanfor eigen rolleavgrensing. Statsministeren samlar og motiverer, helseministeren greier ut om vedtaka til Helsedirektoratet, Helsedirektoratet bekreftar vedtaka sine, medan FHI legg fram ei stoisk orientering om situasjonen. Slik får ein kombinert det politiske med det faglege, og alt tyder på at denne balansen og rollefordelinga evnar å overtyde *både* dei som føretrekkjer paternalistisk politisk leiarskap, og dei som føretrekkjer at fagpersonar -og institusjonar styrer innanfor områda sine.

### 3.3 A2 – STRUKTURANALYSE AV «SKJERPANDE TILTAK»

*Koronasituasjonen: Pressekonferanse om håndtering av koronaepidemien*, vidare referert til som *Skjerpande tiltak*, er midtpunktet til dei tre tekstane i materialet. Pressekonferansen blei invitert til av justis- og beredskapsminister Monica Mæland og helse- og omsorgsminister Bent Høie. Avdelingsdirektør i Folkehelseinstituttet, Line Vold, og fungerande assisterande direktør i Helsedirektoratet, Espen Nakstad, var også til stades. Konferansen tok stad torsdag 19. mars kl. 16:00, og som med A1, vil eg byrje med å gå den globale strukturen i saumane:



FIGUR 21: GLOBALT NIVÅ (A2)

Det første ein legg merke til er korleis FHI framleis har funksjon som ein overordna bevisførande satellitt. At FHI har etablert seg som ein bevisførande funksjon i pressekonferansane, stadfestar langt på veg rolla som rådgjevande helseorgan, underordna Helsedirektoratet.

Av skilnader frå A1 ser ein at justis- og beredskapsminister Monica Mæland har teke staden til statsministeren som regjeringas øvste talsperson, uttrykt i kraft av hennar innleiande posisjon. Til skilnad frå statsministeren 12. mars held Mæland seg likevel til eige ansvarsområde, og viser til helse- og omsorgsministeren i ein overgang frå det juridiske til det helsepolitiske. Eg har difor valt å definere A2.1 og A2.2 som ein tokjerna relasjon, då dei syner seg sterkt samanliknbare og jambyrdige. Ein annan skilnad frå A1 er korleis Helsedirektoratet, ved Espen Nakstad, har gått frå å ha ein kortfatta bevisførande funksjon (A1.3) til å ha ein utdjupande relasjon til helseministeren.


At HD står fram som eit utdjupande supplement til Regjeringa, er også med på å understreke ansvarsområdet til Helsedirektoratet som utøvande helsemyndigheit, som eit steg vekk frå det politiske, men likevel underordna Regjeringa ved Helse- og omsorgsdepartementet. Dette er ein naturleg funksjon for HD å inneha, då det er dei som *utøver* helsepolitikken på mandat frå Regjeringa, og difor også har best innsikt i dei faktiske detaljane innanfor norsk helsevesen.

Strukturen gir uttrykk for korleis dei tre aktørane samarbeider, og for makttilhøvet dei i mellom. Justis- og beredskapsministeren tek føre seg den justispolitiske framferda, helse- og omsorgsministeren fremjar det helsepolitiske, og Helsedirektoratet går inn for å utdjupe dei helsepolitiske vedtaka frå ein utøvande og praktisk ståstad. Samstundes står Folkehelseinstituttet att som ein kunnskapsformidlar, og byggjer opp under truverd det til dei andre aktørane med relevante opplysingar, statistikk og fakta.

Det kjem godt fram også i A2 at det er Regjeringa som er den styrande aktøren, medan HD og FHI framleis står i supplerande relasjonar. Samstundes er det tydeleg at HD i A2 har ei større rolle enn i A1, noko som blir synleg i den vidare analysen.

## JUSTIS- OG BEREDSKAPSMINISTER MONICA MÆLAND (A2.1)

Innleiingsvis har ein A2.1, kor justis- og beredskapsminister Monica Mæland er den retoriske aktøren. Frå eit overordna perspektiv syner strukturen seg slik:




FIGUR 22: A2.1 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Dette er ein struktur me har kjennskap til frå før, då han i stor grad samsvarar med den overordna strukturen til A1.2 av Bent Høie. Nokre skilnader er samstundes verdt å peike på, som korleis A2.1 nyttar den innleiande satellitten til å etablere eit høve for tolking i staden for å rettferdiggjere. Dette er også naturleg, då Monica Mæland er den første av dei fire talarane. Difor er det passende å innleie med å gjere greie for situasjonen og kople teksten opp til eit rammeverk som samsvarar med denne, ho koplpar teksten til situasjonen.

Ein ser også at det er to satellittar til støtte for den sentrale sekvensen i etterposisjon, kor ein har ein motiverande funksjon og den andre er ein istandgjøring. Både motivasjon- og istandgjeringsatellitten blir uttrykt på vegne av Regjeringa, og i ein del av den motiverande satellitten blir det referert direkte til eit tidlegare bidrag frå statsministeren, med same funksjon: «Som statsministeren sa i går er det noe helt spesielt ved Norge» (Vedlegg 5, #73). Dette er med på å gjere det tydeleg at justis- og beredskapsministeren er statsministerens utvida arm i dette høvet, og talspersonen til Regjeringa i Solbergs fråvær.

Ramma for tolking har ein kjerne, og to separate satellittar:



FIGUR 23: A2.1 SEGMENTFORLØP 1-8


Ein tolkende del (#2-4) tek føre seg ei positiv tolking av situasjonen. I tolkinga ser ein spor etter ein intendert mottakar, som har bidrege i dugnadsarbeidet og fortener skrøyt og oppmuntring i møtet med dei vidare arbeidskrava. Den andre delen (#5-8) er betrakteleg meir autoritativ, og ein ser spor av ein mottakar som vil respondere bra på alvor og trygg leiing frå myndigheitene. Ein kan difor argumentere for at innleiinga av talen har fleire lesingsmoglegheiter, og at ein kan tolke kjernen som positiv, myndig, eller i ein stad på eit kontinuum mellom ein intendert mottakar og ein annan. På ei side kan dette erfarast som uklart, men på anna side vil ein slik konflikt gi betre rom til å tilpasse lesinga etter eige høve. Ikkje alle responderer bra på gulrot, og heller ikkje alle på pisk. Difor kan det vere høveleg og hjelpsam å opne for tolkingsrom.

Sekvensen er også i kjent stil, og sjølv om ein ikkje har dei same vedtakstekstane som hjå Høie i A1.2, er det framleis eit mest juridisk listeforamt som syner seg, kor A2.1 tek føre seg ei rekkje sekvenserte detaljar:



FIGUR 24: A2.1 SEGMENTFORLØP 15-72

Å nytte lister og sekvensar har ein tydeleg kommunikativ fordel, då dette er eit uttrykk for eit kommunikativt mønster som er kjent og føreseieleg. Difor kan ein også seie at teksten er lukka, og at intenderte mottakarar blir avgrensa. Samstundes ser ein at særskilde mottakarar blir føreset i teksten sjølv, som *student* i 42-64 og *soldat* i 68-72. Hadde dette vore tilfellet i eit mindre sekvensielt segmentforløp, kunne desse lesingane stått i konflikt, medan dei no er avgrensa innanfor rammene til kvar enkelt segmentforløp. Under eitt syner strukturen seg som ryddig og tydeleg, og ein ser at det same mønsteret blir nytta, sjølv på lågare nivå i teksten:




FIGUR 25: A2.1 SEGMENTFORLØP 18-33

18-33 er den rettferdiggjørende satellitten som står i høve til introduksjonen av den nye loven presentert i 15-17, og samsvarer stort sett med det samme mønsteret som på nivået over. Kjernene står i ein sekvens, kor kvar kjerne utgjør eit tematisk argument som byggjer opp under den rettferdiggjørende funksjonen til satellitten under eitt. 18-22 gjer greie for funksjonen til loven, og peiker på problema denne skal forsøke å løyse. 18-22 er såleis *premissen* loven opererer med. 23-25 presenterer eit kritisk syn på loven, før det blir gjort ei vurdering av at krisa har gjort det naudsynt å gi Regjeringa denne fullmakta. Til slutt blir det politiske og demokratiske grunnlaget for loven gjort greie for, noko som også støttar ei forståing av at fullmakta opererer innanfor eit demokratisk rammeverk. Ein har altså ein premiss, ei kritisk drøfting, og ein tryggande forankring i demokratiske prinsipp.

Argumentasjonen er tydeleg og open. Ved å følgje det same mønsteret som på førre tekstnivå, syner teksten å avgrense dei intenderte mottakarane til ei lesing. I dette høve vil ein seie at dette er teikn på god klarspråkspraksis, då ein lukka tekst er ein tekst kor intenderte mottakarar truleg vil finne fram til same lesing og meining – noko som sjølvsgodt også er målet til Monica Mæland i ei utgreiing som dette.

## HELSE- OG OMSORGSMINISTER BENT HØIE (A2.2)


Bent Høie overtek som talar i ein overgang frå det juridiske til det helsepolitiske, og på det overordna nivået syner den retoriske strukturen seg slik:



FIGUR 26: A2.2 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Som i førre tekst ser ein at hovudforløpet er ein sekvens. Ein skilnad mellom A2.2 og A2.1 er likevel korleis A2.1 nyttar meir utfyllande satellittar til støtte både før og etter hovudforløpet. I talen til Høie er det snakk om ein kortfatta og sjølvstendig satellitt (#1-2), som i hovudsak er ei kondolansemelding som står fram som lausriven frå den resterande teksten. I den grad 1-2 har ein funksjon, er denne funksjonen ei styrking av Høies karakter, då han gjennom kondolansemeldinga gir uttrykk for medkjensle.

Sekvensen er interessant, då Høie presenterer ei rekkje positive nyheiter og punkt, før han til slutt innrømmer at han også har ein dårleg nyheit å dele, hytteforbodet:



FIGUR 27: A2.2 SEGMENTFORLØP 45-67

Førebuingsatellitten (#45-46) har som funksjon å føre ein intendert lesar frå positivt til negativt innhald, og ei slik førebuing står fram som både høveleg og strengt naudsynt. Førebuinga tek også føre seg ei vurdering, som på linje med A2.1 erkjenner hytteforbodet som uønskt, men naudsynt. Etter fem positive nyheiter blir kontrasten likevel stor, og ein kan her argumentere for at det kunne vore ein betre strategi å setje forbodet først i rekkja, for å gjere bot på den dramatiske og negative overgangen. Utydeleg er det likevel ikkje, då det i hovudsak er snakk om nok eit listepunkt.

Vidare har kjernen to satellittar i postposisjon, kor den eine er ei rettfærdiggjering og den andre utdjupar. Ein kan her lese spor av to mottakarar som begge er hytteeigarar. Ein av desse er hytteeigaren med sitt på det reine, som kjem til syne i eit lesespor kjenneteikna av urettferda som blir uttrykt i teksten (#48-56). Den andre er hytteeigaren som blir direkte råka av forbodet, som allereie er på hytta eller har planar om å reise dit. Ein slik intendert lesar kjem til syne i korleis han blir utpeikt som ein syndebukk, og i korleis han blir løfta fram som sjølv grunnen til at loven blei vurdert som naudsynt.

At teksten er open for tolking i ulike retningar, kan ha både positive og negative kommunikative verknader. Under eitt vil ein kunne argumentere for at ein lukka tekst med eit enkelt lesespor vil vere *klarare* enn ein tekst med fleire høve for tolking. Samstundes er det retoriske problemet til Høie å overtyde om at forbodet er naudsynt og nokolunde rettfærdig. For å hindre at loven blir lese som ei altomfattande maktutøving som innskrenkar fridomen til rørsle, som unekteleg var tilfellet, verkar det høveleg å peike på korleis loven i hovudsak har noko å seie for ei sær avgrensa gruppe menneske – hytteeigarar som ikkje høyrde på oppfordringa om å halde seg heime.

Høie går langt i å presisere kor dramatisk ei lov som dette er. Ingen politikar i godt fungerande liberale demokrati vil innskrenke fridomane til innbyggjarane på denne måten, med mindre dei ser på det som naudsynt for å sikre tryggleiken til dei same innbyggjarane. I Noreg er det dessutan ein sterk tradisjon for frivilligheit, noko som så langt har kome godt fram i korleis det i hovudsak er snakk om *råd* og *dugnad* i møte med pandemien. A2.2 står fram som eit steg vidare frå råd og solidaritetsappell, og er eit første døme på korleis myndigheitene handterer situasjonen når dugnadsanda sviktar.

Slik syner det seg også ein motsetnad mellom dugnad og smittevern, kor smittevernet byrjar å krevje tvang og makt medan førestillinga om dugnad er forankra i frivilligheit og sosiale

rørsler. Sagt annleis kan ein argumentere for at A2.2 syner grensene for kor langt dugnadsappellen kan bere.


Nett difor er det også høveleg å peike på *kor det* svikta og *kven* som svikta, både for å syne forbodet som truverdig, men også for å minne om at det har konsekvensar å vere egoistisk i krisetid. Noko av denne rettferdigginginga skjer også i form av underforståtte argument, inferentielle toposar i forståinga av korleis ‘val har konsekvensar’, ‘det går ei grense’ og ‘det lønar seg ikkje med egoisme’. Ein skal heller ikkje leggje skjul på at hytteproblematikken var betent. Saka hadde blant anna stor plass i mediebietet i tida opp mot forbodet (Holestøl, 2020; Ojala, 2020). Debatten raste dessutan i sosiale media, og uroa var stor. Det var ein situasjon som med naudsyn måtte handterast, særskild frå ein politisk ståstad kor opinionen er sentral.

Til slutt kan ein nemne korleis Høie viser til kommunane i utgreiinga av loven. Det blir ikkje referert til Helsedirektoratet eller FHI, og hytteforbodet står difor fram som eit initiativ frå Regjeringa sjølv, om enn forankra i ønsker frå kommunane. Ein lærte snart at hytteforbodet aldri var ein del av tilrådingane til FHI (Aronsen, 2020). Det blir ikkje uttrykt usemje eksplisitt, men i motsetnad til i A1 er Helsedirektoratet og FHI heilt fråverande i rettferdigginginga av lovvedtaket. Det ville vore meir transparent hadde Regjeringa vore eksplisitt i mangelen på støtte frå HD og FHI, og ein kan her argumentere for at A2.2 går på akkord med prinsippet om openheit som ein del av den kommunikative strategien som har synt seg.



## FUNGERANDE ASSISTERANDE DIREKTØR I HELSEDIREKTORATET, ESPEN NAKSTAD (A2.3)

Nakstad byggjer bru mellom seg sjølv og helseministeren med å følgje opp med utkastet til retningsliner Høie refererte til i førre tekst, og frå det øvste nivået syner den retoriske strukturen seg slik:




FIGUR 28: A2.3 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Strukturen slår ein med det same som ryddig og enkel å tyde, og tek vidare eit mønster ein kjenner frå tidlegare tekstar. Etter ei innleiande utgreiing av bakgrunnskunnskapar tek teksten føre seg ein usedvanleg konsis gjennomgang av utkastet i første del av sekvensforløpet (#7-21). Ein ser at 7-21 blir uttrykt med ein sekvens også på eit lågare nivå i teksten, men her kunne ein like gjerne nytta *liste* som namn på den fleirkjerna strukturen.

Grunnen til dette er korleis Nakstad mest konsekvent held seg unna utdjupingar, og evnar å presentere mest kvart punkt av utkastet med kjernesegment som står fint på eigne bein. Når eg likevel valde å nytte meg av *sekvens*, har dette å gjere med korleis det utartar seg ein viss progresjon i framlegga av detaljane. Under eitt hadde det same poenget synt seg i ei *liste*: Nakstad er presis, kortfatta og opererer med ein mal i utforminga av punkta han greier ut om. Teksten tek føre seg *kven* eller *kva* punktet handlar om (‘Barn og unge med alvorlig psykisk lidelse’) før det blir greidd ut om *kva* utkastet har å seie for subjektet (‘skal fortsatt prioriteres’).

A2.3 opererer med eit todelt innhald. 7-21 tek føre seg utkastet til retningsliner for helsetenesta, og her er det intendert mottakarar som er ein del av helsevesenet. Dette kjem fram i innhaldet, som refererer direkte til diverse delar av norsk helsevesen, men også i

korleis teksten skifter lesespor i overgangen frå ein kjerne til neste (#7-21 til #22-29): «Det er to råd til vi vil kommunisere i dag som er av en litt mer generell karakter og som ikke har noe ved utkastet til råd som jeg nettopp gikk gjennom» (Vedlegg 7, #22-23). Teksten går med dette over til å intendere ein heilt annan mottakar, noko som også syner seg i korleis strukturen endrar seg, og i korleis teksten blir meir utdjupande:



FIGUR 29: A2.3 SEGMENTFORLØP 24-29

Dette er eksemplarisk tilpassing. Teksten går frå ein intendert mottakar med helsebakgrunn og eit godt tolkingshøve, til ein intendert mottakar som manglar det same høvet og med fordel treng utdjuping i fleire ledd. Samstundes ser ein at kjernane har den same logiske oppbygginga, kor teksten er presis i formidlinga av *kven* dei følgjande utdjupingane gjeld for. Ein skal også merke seg korleis ordlyden i språket med eitt blir meir dagleg og talenært, og står fram som naturleg og flytande frå ein del av resonnementet til anna. Dette har Nakstad uttalt seg om, etter å ha motteke klarspråkpris frå Språkrådet på Språkdagen 3. november 2020:


- Men ja, eg snakkar som eg pleier å gjere, som eg snakkar til pasientar på sjukehus eller i andre samanhengar. Det gjeld å ha med flest mogleg lengst mogleg. Det er ein fordel å ha folk med gjennom heile resonnementet. Eg snakkar berre som eg brukar å gjere, seier Nakstad (Haugtrø, 2020)

Her kjem godt fram at Nakstad har erfaring frå kommunikasjon med pasientar frå før, og sjølvsgd også med helsefagarbeidarar. Dette er erfaringar som også syner seg i teksten. Ein

mottakar vil sannsynlegvis følge talenære strukturar og ordlyd lettare enn framande. Segmenta har subjektet i front, og verbalet rett etter. Meininga i kvart segment kjem difor godt fram allereie innleiingsvis. Ein kan difor trygt vurdere dei som presise og klare. Kva Nakstad har hatt å seie som retorisk aktør skal me kome tilbake til i neste kapittel, men ein ser allereie tydelege teikn til positive kommunikative verknader.


## AVDELINGSDIREKTØR I FOLKEHELSEINSTITUTTET, LINE VOLD (A2.4)

Til slutt har ein A2.4, kor Line Vold talar for FHI. Oversynet av den retoriske strukturen ser ein her:



FIGUR 30: A2.4 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

A2.4 vidarefører rolla til FHI som bevisførande aktør, og gjer greie for situasjonen gjennom formidling av tal- og fagkunnskapar. Dette syner seg også i den retoriske strukturen. Under eitt er A1.4 og A2.4 slåande like. Ein finn ein skilnad i korleis *høve*-satellitten frå A1.4 er fråverande, og det same kan seiast om *vurdering*-satellittane (sjå figur 19). Tek ein det ned eit nivå, kan ein derimot syne fleire skilnader i nyansane:



FIGUR 31: A2.4 SEGMENTFORLØP 24-28

Segmentforløpet er eit døme på korleis A2.4 skil seg frå A1.4, og i forlenging korleis Stoltenberg skil seg frå Vold. Strukturen er framleis tydeleg, og relasjonane var enkle å syne og definere, men ein del verkar lite naudsynt og mindre persist enn kva ein såg i førre tekst frå FHI.

Allereie i segment 24 blir det det lagt til grunn at ekstramarginen er på sju dagar, som intenderte mottakarar veit er ei veke. Vidare blir dette presisert, men som *omtrent* ei veke. I ei avsluttande oppsummering blir det forklart at det er snakk om seks til åtte dagar, som berre bidreg til gjere meininga mindre konkret enn innleiingsvis. Frå eit teoretisk perspektiv er dette eit teikn på at teksten er meir open enn høveleg, med fleire lesespor tilgjengelege. I motsetnad til den elles objektive og stoiske framstillinga, syner dette segmentforløpet seg som upresist og mindre kontrollert enn kva ein forventar. Ein kan lett sjå føre seg at empiriske mottakarar kan bli forvirra her, eller i verste fall setje lit til feil tidstilhøve i samband med friskmeldinga.

Også den tolkande satellitten (#28) skil seg frå den førre teksten frå FHI, med å prøve å etablere sympati gjennom ei erkjenning av kva dei negative assosiasjonane "kvardag" ber med seg. Her er det intendert ein mottakar med kjennskap til den nye koronakvardagen, og funksjonen til satellitten er å gi uttrykk for medkjensle. Dette er døme på patos som ikkje blei nytta av Stoltenberg, og ein kan argumentere for at dei stoiske kvalitetane er mindre til stades i A2.4.

Under eitt er dette likevel nyansar, og peiker meir på skilnadene mellom Vold og Stoltenberg som retoriske aktørar enn i kva grad tekstane skil seg i bruken av kommunikative strategiar.

Frå ein overordna ståstad er dei to tekstane mest identiske i struktur og innhald, og begge svarar til den klart etablerte rolla som bevisførande og rådgjevande helseorgan. Sjølv om ein kan seie Stoltenberg er meir stoisk og presis enn Vold, syner begge tekstane seg som klare i utgreiingane sine.

Det er i A2.4 at ein finn høgast grad av samsvar mellom A1 og A2. Dette samsvaret frå den eine talaren til det andre må med naudsynt sjåast på som eit uttrykk for tydelegheit, som eitt av dei kommunikative prinsippa som har synt seg. Dette er også ein indikator på god klarspråkspraksis, då strukturen er lett å kjenne att og nyttar føreseielege og allereie etablerte lesespor og strukturar. Ikkje minst er samsvaret eit teikn på at FHI er konsekvent i utføringa av rolla som kunnskapsleverandør, frå ein kommunikativ ståstad

## **A2 UNDER EITT**

Ein ser at A2 i all hovudsak legg seg på same kommunikative linje som i A1, med openheit og tydelegheit som dei øvste kommunikative prinsippa. Samstundes har det synt seg ulikskapar, og det er desse det er høveleg å ta føre seg i det følgjande samandraget.

Første skilnad finn ein i korleis det retoriske problemet har endra seg, og difor også noko av den kommunikative strategien. I A1 handla det i stor grad om å mobilisere til dugnad og innsats, medan det i A2 er eit meir todelt problem. Ein del av problemet er å skape vidare motivasjon hjå intenderte mottakarar som allereie har bidrege. Ein andre del er å utøve makt overfor intenderte mottakarar som ikkje har teke råda på alvor, og å overtøve om at maktutøvinga er rettferdig.

Ein ser at både A2.1 og A2.2 intenderer fleire mottakarar i dette høvet. Den eine er ein som har gjort alt rett, og spor av denne finn ein i korleis Regjeringa står fram som oppmuntrande og takksame overfor "dei som har høyrte på råda deira". Den andre finn ein i tildelinga av skuld hjå Høie i A2.2. Ein kan syne ei forståing av at "det går ei grense" i korleis dei intenderte mottakarane står i konflikt med kvarandre. Ein kan rekne dette for ein underforstått argumentativ topos, eit kjent argumentasjonsprinsipp, som her gjer tydeleg ein føresetnad om korleis dugnad og frivilligheit berre er funksjonelt når råda blir teke til følge i tilstrekkeleg grad.

Alternativet er maktutøving og tvang, og A2 vitnar om at Regjeringa evnar å nytte makt kor det trengst. Det er framleis snakk om *mottakartilpassing* som eit kommunikativt prinsipp, men


her ser ein at dei intenderte mottakarane står i konflikt med kvarandre. Dette er ei vesentleg endring, særskild viss ein ser attende til "vi-et" statsministeren strevde med å etablere i A1.1, og som den skuldige mottakaren i A2.2 syner seg å stå i konflikt med. Det er nærliggjande å tolke endringa i lys av situasjonen, og korleis den gjer det høveleg å rettferdiggjere forbodet gjennom konstruksjonen av ein trugsel mot vi-et, dugnadsanda og fellesskapen.

Ein annan skilnad finn ein i korleis Helsedirektoratet har ei utvida rolle. A2.3 har eit todelt innhald, kor den første delen er ei stoisk framstilling av diverse detaljar om utkastet til retningsliner for helsetenesta, og den andre er ei meir forteljande og allmenn utgreiing av generelle råd til folket. Det er altså ikkje snakk om ein bevisførande funksjon, som i A1.3, men ein utdjupande funksjon overfor framlegget til helse- og omsorgsministeren.

At Helsedirektoratet tek ansvar for å formidle desse råda er også særst høveleg, då det er dei som er den utøvande helsemyndigheita på vegne av Regjeringa ved Helse- og omsorgsdepartementet. Ein kan også argumentere for at Espen Nakstad passar godt i rolla som bindeledd mellom helsemyndigheit og folket, blant anna grunna erfaringane han har med seg frå kommunikasjon med pasientar. Han formidlar informasjonen på ein forståeleg, presis og talenær måte, som igjen er uttrykk for ein intendert mottakar med manglande kjennskap til helseterminologi. Dette står i kontrast til mottakaren som er intendert i første del av framlegget, som føreset ein mottakar med bakgrunn i helsevesenet. Slik står Nakstad fram som eit godt døme på korleis *mottakartilpassing* kjem til syne også her, og han er unekteleg tydeleg i skiftet frå å intendere ein mottakar til å intendere ein annan.

### **3.4 A3 – STRUKTURANALYSE AV «OPPMJUKING»**

*Koronasituasjonen: Pressekonferanse om korona-tiltak*, vidare referert til som *Oppmjuking*, står fram som eit avsluttande punkt i dei tre tekstane prosjektet mitt tek føre seg (sjå vedlegg 3). Pressekonferansen blei halden av statsminister Erna Solberg, kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby og helse- og omsorgsminister Bent Høie. Helsedirektør Bjørn Guldvog frå HD og direktør Camilla Stoltenberg frå FHI var også til stades, men tok berre del i spørjerunden etter konferansen, og er såleis ikkje inkludert i materialet. Konferansen tok stad tysdag 7. april kl. 16:00 i Marmorsalen ved Klima- og miljødepartementet. Som med dei førre tekstane, er det høveleg å byrje med det globale nivået:




FIGUR 32: GLOBALT NIVÅ (A3)

Ein legg først merke til korleis FHI og HD ikkje er til stades som aktørar. I staden er Regjeringa representert i tre ledd, kor statsminister Erna Solberg nok ein gong innleier med å presentere ein meiningsberande kjerne. Høie og Melby står i ei samanliknbar stilling, kor kvar av dei har ein utdjupande funksjon til hovudsegmentet statsministeren allereie har innleidd. Også her kjem maktilhøvet til uttrykk, då rekkjefølgja på talarane er på linje med forståinga av regjeringshierarkiet.


### STATSMINISTER ERNA SOLBERG (A3.1)

Det innleiande framlegget blei halde av statsminister Erna Solberg. På det høgaste nivået syner teksten seg slik:



FIGUR 33: A3.1 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Satellittane i pre-posisjon syner seg mest identiske med kva ein kjenner att frå førre tekst av Solberg (sjå figur 10). Som tidlegare har dei klare førebuande funksjonar, som byggjer opp eit høve for tolking i førekant av hovudsegmenta. Det kan og nemnast korleis teksten nyttar mykje plass til å greie ut om situasjonen, og dei to innleiande satellittane går langt i å binde A3.1 opp til ein større samanheng. Mykje av denne samanhengen kjem til syne i tilbakeskodande, vurderande og tolkande relasjonar på dei lågare nivåa, som til dømes når dugnadsanda blei appellert til i A1.1 blir vurdert i 5-13:



FIGUR 34: A3.1 SEGMENTFORLØP 5-13


Segment 5 blir lagt fram som eit utgangspunkt, og blir vidare vurdert og tolka i positiv retning. Dette er spor etter ein intendert mottakar som har ofra mykje under stenginga av landet, men også ein som høyrte på solidaritetsappellen til statsministeren ein god månad tidlegare. Dette er heller ikkje tilfeldig. A1.1 var startskotet for dei inngripande tiltaka, medan A3.1 er uttrykk for eit førebels slutt punkt. Eit slutt punkt må avslutte noko, og dette *noko* må med naudsyn ha hatt ei byrjing.

Å vise attende til denne byrjinga er uttrykk for standard sirkelkomposisjon, men ein kan også løfte det fram som eit godt døme på *intertekstualitet*. Dette omgrepet kjem frå litteraturvitskapen, og er henta frå Julia Kristeva (Skei, 2019). Omgrepet tek føre ei forståing av tekst som ein stad kor fleire ulike tekstar treffer kvarandre og skaper potensial for meining i eit samspel. Dette kan skje direkte, ved til dømes sitat, men også indirekte gjennom bruk av gamle strukturar, referansar, lån og allusjonar. I dette høvet ser ein korleis dugnadstoposen blir drege opp att i ein tydeleg referanse til når omgrepet blei innført i A1.1. Ein del av meiningspotensialet til A3.1 føreset difor kjennskap til A1.1, og den opphavelige dugnads- og solidaritetsappellen. Koplinga mellom A1.1 og A3.1 er difor sterk, og under eitt syner samanhengen seg tydeleg. Ein skal også hugse på at solidaritetstematikken har vore ein




vesentleg del av mest kvar pressekonferanse så langt, og difor er ein etablert topos også utover A1.1. Dette er altså ein topos som no er godt forankra i dei førre tekstane, og A3.1 intenderer ein mottakar som er toposen viss.

Vidare frå bakgrunnsatellitten legg teksten fram eit høve for tolking:



FIGUR 35: A3.1 SEGMENTFORLØP 14-20

Den innleiande strukturen skaper her ein kontrast. På ei hand peiker segment 14 attende til dei den positive vinklinga frå bakgrunnsatellitten. På anna hand tek 16 føre seg ei erkjenning av dei negative verknadene til viruset. Vidare, frå segment 16, syner det seg eit bevisførande forløp til støtte for 16 som påstand:




FIGUR 36: A3.1 SEGMENTFORLØP 17-20, 21-24

Ein ser at beviset har to delar, kor tapet av menneskeliv har ein føreposisjon. Slik blir omsynet til liv og helse gitt tyngd, meir tyngd enn næringslivet, som blir erkjent i annan del av den

bevisførende konjunksjonen. Som tidlegare er det altså omsynet til liv og helse som står fram som ein aristotelisk premiss for den vidare framferda, sjølv no, og alle andre omsyn syner seg underordna. Dette er ein argumentativ topos me kjenner frå før, knytt til argumentet om ‘den største og minste goden’, og forankra i ‘motsetnad’ som eit underliggjande argumentasjonsprinsipp. Det syner seg som ryddig og føreseieleg, og blir samstundes tildelt eit tolkingshøve i 23-24. 23-24 intenderer ein mottakar som er råka, og høvet som blir etablert er forståinga av korleis myndigheitene skal hjelpe til det dei kan. Høvet er eit løfte, noko som intenderer ein mottakar som treng hjelp og kan bli motivert av ein slik lovnad.

Å byggje opp ein kontrast som dette har openberre kommunikative verknader. Han er trass alt skarp, synleg og til dels dramatisk. At viruset framleis har store følgjer, sjølv om me har oss tilsynelatande bra (sjå figur 34), går langt i å understreke alvoret. Det same alvoret peiker også framover mot kva som kjem, og førebur intenderte mottakarar på at ein ikkje kan senke skuldrene.

Sekvensen som følgjer går direkte vidare frå høve-satellitten, og tek under eitt føre seg nett kva som skal skje i den vidare framferda:



Figur 37: A3.1 Segmentforløp 25-92


Sekvensen blir innleidd med å peike på samarbeidet mellom Regjeringa og Stortinget i arbeidet med støtteordningane. Det blir vedgått at ordningane kostar pengar, medan kostnadene vidare blir rettferdiggjort med ein referanse til andre land. Denne referansen er nytta som eit døme på kva som kan skje om viruset får herje fritt:



FIGUR 38: A3.1 SEGMENTFORLØP 27-29


Ein vil i dag peike på denne samanlikninga som noko unyansert. Land som blei hardt råka, som Italia, hadde heilt andre føresetnader enn Noreg, og mange vil framleis seie at ei samanlikning som dette er eit sidespor. Nett difor er det viktig å peike på korleis A3.1 opptrdde i ein situasjon som framleis bar preg av mangel på trygg informasjon, og det som var å hente var i stor grad basert på nett dei landa som her blir referert til. Dessutan ligg det ein intendert mottakar til grunn, som kjenner til situasjonen i desse kriseramma landa, og som difor veit å ønskje seg vekk frå ei utvikling i slik retning. Samanlikninga gjer dessutan målet særst tydeleg i ein situasjon kor det elles kunne vore vanskeleg å sett føre seg nett *kor* gale det kan gå.

Neste steg i sekvensen gir eit innblikk i det dåverande situasjonsbiletet, og står fram som grunnlaget dei faktiske tiltaka og oppmjukingane er fatta på. Ein kan faktisk syne noko av rolla til FHI i denne delen av sekvensen, med fremjing av informasjon om tal, analysar og tendensar:



FIGUR 39: A3.1 SEGMENTFORLØP 30-50

At noko av bevisføringa må bli ført av Regjeringa er heller ikkje overraskande, med tanke på at FHI og HD faktisk er fråverande som aktørar i A3. Ein ser samstundes at Solberg skil seg frå den stoiske og nøytrale bevisføringa ein kjenner frå FHI, då segmentforløpet har eit uttrykk som er mykje meir verdiladd og patos-orientert. A3.1 gir oss også eit første språkleg bilete:



FIGUR 40: A3.1 SEGMENTFORLØP 38-50

Her har eg gitt 39-50 ein bevisførande funksjon overfor kjernen, då eg tykkjer det er klart at bruken av samanlikninga intenderer ein auke i truverdet til 38. Med det sagt, er språklege bilete, metaforar og andre abstrakte språklege verkemiddel vanskelege å plassere med RST. Eit døme på dette finn ein i korleis ein også kan sjå på det som *motiverande* å vise til ein fotballkamp, om ikkje anna fordi eit slik bilete er med på å ta teksten til eit nærare og meir personleg nivå. Abstrakte segment, som 39-40, krev tolking før ein kan plassere den intenderte funksjonen. Kva ein tolkar inn i segmentet vil med naudsyn vere subjektivt, og kunne variere frå analytikar til analytikar.


På ei anna side er det ikkje slik at abstrakte segment tyder at teksten er lite klarspråkleg. Ser ein på kva intendert mottakar som ligg til grunn for samanlikninga, syner det seg ein mottakar med kjennskap til den todelte strukturen til ein fotballkamp, som jo er ein ganske allmenn føresetnad. Sjølv om ein faktisk mottakar ikkje har kjennskap til fotball, er dei tilhøyrande segmenta så klare og utdjupande at det nok er vanskeleg å ikkje finne fram til noko av den intenderte meininga. I tilfelle kor fotballreferansen kjem til kort hjå enkelte mottakarar, syner meininga seg likevel klar nok til at samanlikninga i verste fall blir tolka som redundant. Ein positiv verknad av det same verkemiddelet finn ein i korleis det gir teksten eit forfriskande avbrekk frå ein elles stiv pressekonferanse, ikkje minst positive assosiasjonar hjå dei som kjenner til og verdsett fotballen spesielt, eller lagspel generelt.

Det siste steget i sekvensen (#51-92) har både ein førebuande pre-satellitt og ein oppsummerande post-satellitt. Dette skil 51-92 frå 25-29 og 30-50, og fremjar den siste delen av sekvensen som den viktigaste. Forløpet følgjer eit etablert mønster, og presenterer endringane av tiltaka i eit suksessivt listeforamt. Det er lite med satellittar i høve til listepunkta, men med enkelte unntak kor teksten brukar tid på å utdjupe, vurdere eller peike framover til dei neste aktørane.

Av vidare interesse kan nemnast korleis 51-92 greier ut om tidstilhøvet til justeringane i byrjinga av kvar kjerne. Dette skil A3.1 frå kva som synte seg i A1.2 (sjå figur 16 og 17). Endringa har eg valt å vurdere som positiv, då A3.1 har tidsrammene i føreposisjon av kvar kjerne, og unngår den same mønstervekslinga som blei problematisert i A1.2. Dette går langt i å gjere informasjonen tydelegare, og i motsetnad til i A1.2 er det ingen tvil om kva tidsramme som gjeld for kvart tilfelle.

Under eitt ser ein vidare teikn til dei same kommunikative prinsippa som tidlegare, og A3.1 er både tydeleg, mottakartilpassa og open. Av skilnader kan likevel nemnast den tilsynelatande rolleoverlappinga, kor statsministeren formidlar informasjon og bakgrunnsfakta i fråværet av FHI som retorisk aktør. Til forskjell frå kva ein kjenner frå FHI, er den stoiske og nøytrale formidlinga lagt til sides. I staden ser ein at A3.1 alltid er motiverande og vurderande, med ein meir patos-orientert retorisk framtoning til grunn.


Dette er i takt med kva ein forventar av ein samlande statsleiar, og såleis er det også høveleg at A3.1 nyttar dei positivt ladde bevisa til å motivere og samle intenderte mottakarar mot vidare innsats. Det er likevel ei kraftig åtvaring å spore gjennom teksten, og framlegget blir avslutta med å vise til det norske *skippertaket* som ein trugsel. Statsministeren er her heilt tydeleg i appellen til folket om ikkje å ta lett på tida og omsyna framover, medan ho også fremjar ei tru på at folket held stand også vidare:



FIGUR 41: A3.1 SEGMENTFORLØP 85-92

## HELSE- OG OMSORGSMINISTER BENT HØIE (A3.2)

A3.2 skjer som ei utdyping til A3.1, og tek i hovudsak føre seg dei ulike endringane og justeringane i detalj. Frå eit overordna perspektiv syner den retoriske strukturen seg slik:




FIGUR 42: A3.2 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Det er ikkje mykje nytt å peike på når det gjeld strukturen på eit overordna nivå, då mønsteret som syner seg er kjent og tydeleg. Ein skal likevel leggje merke *graden* av støtte kopla opp til kjernen (#33-58). Til saman seks satellitt-forløp står i støttande relasjon til hovudsegmentet, noko som indikerer ei endring i kva omsyn som har blitt teke til følgje. Ser ein attende til A1.2, som hadde eit mest identisk sekvensielt kjerneforløp, er det berre nytta to satellittar – ein i føre- og ein i etterposisjon. Spørsmålet er difor kva som har endra seg frå A1.2 til A3.2, og kva verknader desse strukturelle endringane fører med seg.

Allereie no skal ein leggje merke til korleis A3.2 blir innleidd i ei direkte vidareføring av den åtvarande tematikken A3.1 blei avslutta med. Eit klart tematisk samanfall mellom dei retoriske

aktørane må reknast som positivt, og eit teikn på tydelegheit. Det intenderer også ein mottakarar med kjennskap til denne tematikken frå før, til dømes frå tidlegare pressekonferansar. Samankoplinga skjer gjennom eit komplekst språkleg bilete, knytt til toposen om nordmannen som fjellvandrar. Til skilnad frå fotballreferansen til Solberg i A3.1 er dette bilete mykje meir omfattande, og strekkjer seg utover heile 12 segment innleiingsvis, før det same bilete blir plukka opp att i det siste satellittforløpet (#78-82). Høie både innleier og avsluttar framlegget sitt med denne metaforen:




FIGUR 43: A3.2 SEGMENTFORLØP 1-12

Som ved førre dømme på eit språkleg bilete, er også denne funksjonen vanskeleg å definere med RST. Forløpet blei til slutt vurdert som ein *bakgrunnsfunksjon*, men det er heller ingenting i vegen for å argumentere for at 1-12 har ein førebauande eller ein motiverande funksjon. Det heile er avhengig av korleis ein tolkar det språklege biletet. Det er difor naudsynt å vie det eit nærare blikk.

Metaforen intenderer ein mottakar som er busett i Noreg, og som liker å gå i fjellet. Samstundes appellerer biletet til *førestillinga* av nordmenn som fjellvandrarar, som ein sterkt etablert og kulturell topos. Det er ei slags kulturell sanning at nordmenn er glade i å gå i fjellet, som A3.2 nemnar heilt eksplisitt i segment 2. Sjølv om ein ikkje er ein reel turentusiast, vil ein truleg kjenne til den kulturelle førestillinga om nordmenn som glade turfolk, og difor også kople opp til metaforen, sjølv utan eit reelt erfaringsgrunnlag. Ein kan dra ein parallell til fotballbanemetaforen frå A3.1, som intenderte mottakarar med kjennskap til fotballsporten, men også mottakarar med ei meir generell forståing av *ideen* om lag- og omgangsspel.

Me kan altså snakke om intenderte mottakarar på to nivå. Den eine mottakaren har eit reelt erfaringsgrunnlag, og kan nytte dette som eit tolkingstilhøve. Den andre har eit kulturelt forståingsgrunnlag, og vil tolke meining inn i biletet basert på meir generelle kunnskapar omkring toposen som ein del av vårt felles kulturelle inventar. Begge har til felles at teksten modellerer dei mot ei positiv tolking gjennom ein rekkje assosiasjonar; natur, fjell, nasjon, uthald, glede. Slik kan metaforen sørge for at intenderte mottakarar tolkar meininga i eit meir positivt og oppmuntrande lys enn kva ein meir konkret tilnærming ville fått til. Difor kan ein seie at metaforen har positive kommunikative verknader, sjølv om strukturen er vanskeleg å definere med RST.

Vidare syner seg ei klar endring frå tidlegare tekstar i den følgjande *høve-satellitten*:




FIGUR 44: A3.2 SEGMENTFORLØP 13-19

13-19 har som funksjon å gi kjernesegmentet eit tolkingstilhøve, og går langt i å greie ut om korleis HD, FHI og Regjeringa har ei felles forståing av situasjonen, og i hovudsak er samde om justeringane som er i ferd med å bli presenterte. Dei er her *opne* om samarbeidet, og om dynamikkane mellom dei. Openheita blir uttrykt heilt eksplisitt, og med stor grad av tydelegheit. Slik skaper A3.2 eit bilete av ein sunn og i stor grad konstruktiv dialog, som eit overordna tolkingstilhøve overfor kjernen som kjem etterpå. Slik intenderer teksten ein mottakar som skal føle seg trygg på at institusjonane arbeider bra og effektivt i lag, sjølv om det er usemje å spore på enkelte område. For usemje var det, og til skilnad frå A1 blir usemja greidd ut om.



Kontrasten mellom semje og usemje blir i første omgang tydeleg i den påfølgjande rettferdigginga av sekvensen. Her kjem det fram at Regjeringa har valt å sjå vekk i frå dei faglege råda på nokre område, og det er desse tilfella 23-32 søkjer å greie ut om og rettferdiggjere:




FIGUR 45: A3.2 SEGMENTFORLØP 23-32

Kontrasten kjem også til syne i den retoriske strukturen, uttrykt med ein utdjupande funksjon overfor kjernen. I staden for å rettferdiggjere dei faktiske justeringane, slik ein tilsvarande satellitt rettferdiggjorde tiltaka i A1.2, er 23-32 i første rekkje ei rettferdigging av dei tilfella kor det er usemje mellom aktørane. Frå A1.2 til A3.2 syner det seg altså ei stor endring i korleis denne usemja kjem til uttrykk i tekstane. A1.2 gav inntrykk av at aktørane var samde, og gav ingen teikn til at noko anna var tilfellet. Når det i ettertid synte seg konfliktar mellom dei, fekk aktørane plutseleg eit forklaringsproblem. A3.2 verkar å vere medviten den tidlegare blemma, og her syner det seg ein mykje sterkare grad av openheit i korleis usemja blir lagt fram.

At A3.2 syner refleksjonane og grunngevingane som ligg bak, er også viktig å merke seg, då det er ein føresetnad for transparens å løfte fram politiske vurderingar. Slik er Regjeringa også heilt open om at dei har politiske omsyn å ta stilling til i elles faglege spørsmål, dette til skilnad frå FHI og HD som er fritatt den politiske byrda, og som i hovudsak forankrar sine råd i dei faglege og innanfor rammene til helsesektoren.

Ein kan sjølvsagt argumentere for at vektlegginga av openheit går utover tydelegheita, men då strukturane har synt seg som enkle å definere, er det liten grunn til å vurdere dette som tilfellet. Det blir sjølvsagd vigd meir plass og tid til støttande strukturar, men heilskapen syner seg framleis som tydeleg, og med ein klar progresjonen.


Hovudforløpet intenderer no ein mottakar som forstår at aktørane er samde i det meste, men at Regjeringa har valt å ikkje ta råda til følge på enkelte område. Dette er ein intendert mottakar teksten sjølv har vore med på å skapt, nett ved bruk av dei førre satellittane. Satellittane i preposisjonar har modellert dei intenderte mottakarane inn i eit klart spor, og eit sterkt tolkingstilhøve. Det er interessant korleis openheit held fram med å bli uttrykt i teksten, som eit sentralt kommunikativ prinsipp:



FIGUR 46: A3.2 SEGMENTFORLØP 33-41


Dette er det første leddet av sekvensen, men 33-41 er også eit uttrykk for korleis sekvensen utviklar seg vidare. Det blir gjort heilt tydeleg kva råd Regjeringa fekk, korleis Regjeringa stiller seg til dette rådet, samt ei bevisføring overfor valet deira. Frå eit kommunikativt perspektiv blir det ikkje meir opent enn dette, og resonnementa er enkle å følge. Dette er eit døme på korleis usemje ikkje med naudsyn har negative kommunikative verknader. Teksten føreset ein intendert mottakar som veit å verdsetje refleksjonar og gode argument, og som difor vil sjå på denne forma for kritisk og drøftande tekst som truverdig. Her skal ein også dra inn situasjonen, då ein visste at dei ulike institusjonane ikkje var samde i alt. Hadde ikkje Høie lagt seg opp til denne forståinga, ville han blitt oppfatta som lite truverdig, og i verste fall som ureieleg.

Sjølv om lesarsporet er positivt, kjem det også ein *føresetnad*-satellitt etter sekvensen. Her blir det gjort greie for kva som krevst for at samfunnet skal opnast att:



FIGUR 47: A3.2 SEGMENTFORLØP 59-69


«Over tid og kontrollert» er nøkkelord, som også står seg som ein direkte referanse til kva Erna Solberg presiserte i førre framlegg. Ein ser det blir lagt fram eit klart tolkingstilhøve; ei forståing av at kontrollen kan forsvinne raskt, og lett. I ei vidare utdjuping blir det gjort greie for nett korleis kontrollen skal utspele seg i praksis, og forklart korleis ein ikkje vil syne utviklingstendensar før fleire veker etter tiltaksjusteringar. Til slutt blir kjernen, sekvensen, avrunda med ein oppsummerande satellitt, kor dette med å ‘lytte nøye’ til råda frå fagmyndighetene blir løfta fram som sentralt:



FIGUR 48: A3.2 SEGMENTFORLØP 70-77

Den oppsummerande funksjonen er eit teikn på tydelegheit, og ein ser at fleire viktige moment blir drege fram att i strukturen: Kva det har kosta å etablere kontroll, og erkjenninga av at det er lite som skal til for at kontrollen skal forsvinne (#70-71), ei repetisjon av dei viktigaste prioriteringane i det vidare arbeidet med pandemien (#73-75) og enno ei oppsummering av nøkkelorda som har vore styrande for diskursen i pressekonferansen så langt – «gradvis og kontrollert» (#76-77).

Frå den oppsummerande satellitten går teksten vidare til ein avsluttande og motiverande del. Her vender Høie attende til fjellturen som metafor:



FIGUR 49: A3.2 SEGMENTFORLØP 78-82

Nok ein gong syner det seg ein sirkelkomposisjon, kor slutten på framlegget legg seg opp til det same språklege biletet som introdusert i byrjinga. Slik intenderer 77-81 ein mottakar med høve til å finne attende til dei same positive assosiasjonane som ved den førre bruken av same metafor. Sjølv om det her også blir uttrykt ei åtvaring, er appellen positiv og optimistisk. Det er tydeleg at Høie uttrykkjer ei tru på at *vi*, den intenderte mottakaren, skal klare å gå ned fjellet att, og vende trygt heim.

Denne landskapsmetaforen er bygd på ein grunnleggjande norskulturell topos, som støttar seg til eit utal litterære verk, populariteten til DNT, fjellvettreglane og ikkje minst den norske frivilligheita i drifta av rundt fem hundre turisthytter. Toposen vil raskt tolkast med positive føreteikn, men ein skal heller ikkje underdrive korleis metaforen ber med seg ein sterk respekt for naturen, og farane som høyrer med. Metaforikken byggjer difor på ein topos som i seg sjølv manar til respekt og varsamheit, og som i stor grad forsterkar budskapet.


Under eitt ser ein at endringane mellom A1.2 og A3.2 er store. Ein kan argumentere for at A1.2 prioriterte tydelegheit og ein enkel struktur framfor legitim transparens omkring samarbeidet i høve til tiltaka, medan A3.2 har korrigert denne prioriteringa og gått langt i å setje openheit som ein berande kommunikativ føresetnad.

Dette er ei tydeleg endring av den kommunikative strategien, og ein sit att med eit bilete av at dei tre aktørane samarbeider og driv ein sunn og kritisk dialog i arbeidet med smittevernframferda. Dei er opne om usemja her, med det resultat at intenderte mottakarar får eit meir legitimt innblikk i kva bakgrunn dei ulike tiltaka er fatta på, og kva vurderingar som ligg til grunn for at nokre val skjer trass motstridande faglege råd. Også frå ein empirisk ståstad

er det grunn til å tru at denne justeringa var høveleg, då ein slik grad av openheit gav lite rom for angrep og kritiske røyster. Det er all grunn til å tru at Regjeringa kunne spart seg for mykje kritikk hadde dei lagt seg på den same kommunikative linja i A1.

### KUNNSKAPS- OG INTEGRERINGSMINISTER GURI MELBY (A3.3)


I A3.3 greier kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby ut om korleis skulane og barnehagane skal opne att. Dette er hennar ansvarsområde, og difor er det også passande og føreseieleg at det er ho som utdjuar her. Rollefordelinga er såleis klar, som også har vore tilfellet i alle dei førre tekstane. Frå ein oversiktleg ståstad syner den retoriske strukturen seg slik:



FIGUR 50: A3.3 RETORISK STRUKTUR (OVERSYN)

Strukturen på det øvste nivået er langt enklare enn i A3.2. Dette har truleg å gjere med korleis mange av dei kommunikative verknadene frå førre tekst blir ført over til neste, og at noko anna difor ville vore overflødig. Kva ein ser i A3.3 er me kjende med frå før, frå blant anna A1.2, A2.1 og A2.2. Strukturen syner seg difor som eit etablert mønster, og er følgjeleg også tydeleg i korleis ein satellitt er til støtte for hovudforløpet på i både føre- og etterposisjon.


Også A3.3 ber med seg teikn på dei same kommunikative prinsippa som allereie har synt seg i dei førre tekstane, som uttrykt ved stor grad av tydelegheit og gjennomgåande bruk av funksjonar som vurdering, bevis og vedgåing som uttrykk for openheit. Ein finn desse kommunikative spora allereie i den innleiande og rettferdiggjerande satellitten:



FIGUR 51: A3.3 SEGMENTFORLØP 2-7

Segmentrekka er ukomplisert og enkel, og eg hadde ingen vanskar med å definere verken relasjonar og funksjonar. Dette er i seg sjølv eit teikn på at teksten er klar og tydeleg, med ein funksjonell heilskap. Ein ser også at teksten intenderer ein mottakar som treng forsikring, og eit løfte om tryggleik, som er tydeleg i korleis forløpet fremjar ei forståing av helse som øvste prioritet. Samstundes kjem teksten attende til åtvaringa om at ting kan snu, som også har kraft som ein referanse til kva både A3.1 og A3.2 har formidla allereie.

Også hovudforløpet ber med seg same grad av tydelegheit, og er sett opp i kjent sekvensformat med ein høve-satellitt i pre-posisjon til kvart sekvensledd. Her har ein første ledd av sekvensen:




FIGUR 52: A3.3 SEGMENTFORLØP 8-17

Sekvensleddet er strukturert som ei liste, og går tydeleg gjennom dei aktuelle punkta. Høvet er også tydeleg og konsist; tryggleik. Ein ser korleis segment 9 viser attende til statsministeren i A3.1, medan den førebuaende satellitten opp til segment 14-17 gjer ein god jobb i å vidareføre rettferdigginginga frå førre listepunkt. Det er effektiv kommunikasjon å nytte allereie etablerte

spor på denne måten, og gir ein oppsummerande og repeterande effekt som eit tillegg til den førebuande relasjonen til kjernen. Å binde framlegget til dei som kom før, og eit listepunkt med eit anna, er også med på å teikne opp klare samanhengar i teksten. Dette er små grep, men er også effektive i å syne heilskapen.

Dei resterande ledda i sekvensen følgjer det same trygge og føreseielege mønsteret, og det er i alt lite som syner seg som utydeleg i presentasjonen av justeringane. Ein skal leggje merke til at også A3.3 presenterer tidsrammene som ein del av dei aktuelle segmenta, i staden for i ein overordna satellitt som i A1.2. Dette er heilt i samsvar med kva ein såg i A3.1.

A3.3 blir avslutta med ei vedgåing:



FIGUR 53: A3.3 SEGMENTFORLØP 58-60

Vedgåinga går attende til åtvaringa om korleis det er ei reell fare for at det blir naudsynt å stenge ned att. Dette er ein budskap som har fått stor plass i A3, og som går som ein raud tråd gjennom alle tre tekstane. At åtvaringa går att i framlegga, og fleire gonger i kvar av dei, gjer det nærmast umogleg å ikkje ta ho innover seg. Det blir knapt tydelegare enn dette, og mykje tyder på at appellen om å ikkje senke skuldrene heng høgare enn det positive sporet om korleis ein har sikra ein førebels kontroll. Som hjå Høie og Solberg er det ein reservasjon mot å slappe av som blir den avsluttande nota på framlegget til kunnskaps- og integreringsministeren.

### A3 UNDER EITT

A3 held seg til kjente kommunikative prinsipp, nett som A1 og A2, med ei primær tyngd på openheit og tydelegheit. A3 skil seg likevel mykje frå dei to førre tekstane i materialet.

Til dømes ser ein at språklege bilete, metaforar, blir nytta for første gong. Kvar metafor er forankra i djuptsitjande kulturelle toposar, og A3 går langt i å danne bilete av nordmenn som

ein homogen eining med positive verdiar og motivasjonar. Dei språklege bileta uttrykkjer ein til dels dramatisk kontrast mellom det *positive* og det *åtvarande*: ‘Ein har kontroll no, men som i ein fotballkamp kan alt skje i neste omgang’, ‘me har nådd toppen, men med skjelvne kne kan det raskt gå gale om me ikkje er forsiktige på veg ned att’, ‘nordmenn er kjende for skippertak, men skippertak fungerer dårleg i det lange løp’.

Tematikken er såleis todelt. Ein del er oppmuntrande, og positiv i høve til korleis intenderte mottakarar har klart å slå ned viruset. Her blir det peikt framover, med tru på at mottakarane skal klare seg også framover. Den andre delen er klar på at alt kan skje, og gjer det tydeleg at nye tiltak kan varte naudsynte om ein blir uforsiktige. Kontrasten i tematikken bidreg til at begge sidene blir tydelege i lys av skilnadene, medan tekstane også gis ein god balanse mellom motivasjon og realisme.

Det er ikkje gitt at abstrakte språklege bilete skaper positive kommunikative verknader, og fram til A3 har tekstane vore konkrete. I ein krisesituasjon er det ofte eit poeng å vere så presis som mogleg, og mange vil seie at tekst som krev stor grad av tolking vil vere lite føremålstenleg i slike situasjonar. Grunnen til at det likevel står seg som høveleg, finn ein i den retoriske situasjonen, og forventingane han skaper.

7. april 2020 stod nemleg fram som ein merkedag, ein førebels slutt på ei langvarig og utfordrande stenging av landet. Ein har fleire kulturelle førestillingar knytte til merkedagar, toposar. Jul, 17. mai og nyttår er døme på merkedagar som står fram som referansegrunnlag, alle kopla til feiring og positive kjensler. Det er heilt naturleg at dei same forventingane blir ført over til 7. april, og difor ville det kunne blitt oppfatta som eit brot på forventingane om dei retoriske aktørane hadde halde fram med den same stoiske og konkrete formidlinga. Situasjonen kravde altså ein meir patos-orientert retorikk, då det var dette dei intenderte mottakarane forventa og trengte i lys av situasjonen. Difor blir det også heilt høveleg å ta delar av framlegga til eit meir abstrakt og kjensleladd nivå. Som nemnd bidrog også bileta til å synleggjere kontrasten mellom ros og åtvaring. Slik kan ein argumentere for at endringa hadde positive verknader, og altså var føremålstenleg som eit svar på kva den retoriske situasjonen kravde.

Eit anna spor av endring ser ein i korleis prinsippet om openheit blir utøvd. Det er lett å vurdere auka i openheit som ei korrigering etter kritikkane som følgde A1, kor dei retoriske aktørane stod fram som samde om tiltaka, trass usemje i kulissane. A3 heilgarderer seg mot liknande kritikkar, og er eilt eksplisitt på *kva* råd dei har fått frå HD og FHI, *om* dei blir teke til følgje,



og på *kvifor* Regjeringa har valt å sjå vekk frå, eller strekkje seg lenger, enn dei blei tilrådde. Ein kan sjølvsgd argumentere for at noko av dette er redundant, og viss ein samanliknar strukturane frå A1 med strukturane frå A3, er det tydeleg at tekstane frå A1 er enklare i strukturen. Likevel er tekstane i A3 aldri utydelege, og sjølv den meir kompliserte strukturen til A3.2 har ein tydeleg heilskap. Difor er det grunn til å tolke dei meir transparente utgreiingane rundt faglege råd som ei positiv kommunikativ endring, som sikrar at openheita blir oppfatta som legitim, til skilnad frå situasjonen som utarta seg etter A1.

Samstundes har ikkje RST høve til å gå særleg nærare inn på nivå og omgjevnader som ligg utanfor det tekstlege. Det same kan seiast om til dømes dei etos-orienterte retoriske dimensjonane til enkeltaktørar, og metaforikk med ein mindre konkret karakter. RST har synt heilt tydeleg at dugnadstoposen blir nytta som ein raud tråd og eit bevismiddel, men nett kva som ligg i denne toposen er det vanskeleg å drøfte med RST som rammeverk. Difor vil eg i det følgjande kapittelet drøfte enkelte element som ligg utanfor det tekstlege, med å løfta drøftingane ut av RST.



## 4 FORBI RST: DUGNAD OG HELTAR

RST har vist seg som ein sær s nyttig reiskap for å syne strukturar, argumentasjonsmønster, og korleis dei ulike tekstane står i relasjon til kvarandre og eigne interne forløp. Ein ser også retoriske figurasjonar, toposar og metaforikk, som til dømes fjell- og fotballmetaforane i A3. Sjølv om metoden har *synt* desse, har RST i mindre grad opna for ei vidare utforsking av dei. Til det ligg RST for nære det tekstlege, og dei metodiske rammene gir ikkje eit godt nok høve til å utforske desse utanfortekstlege dimensjonane av materialet. Nett difor vil eg no løfte drøftinga ut av RST-analysen, og gi desse områda eit nærare blikk, utanfor dei tekstlege rammene RST opererer med.

### 4.1 DEI «NORSKE» FØRESETNADENE

Det er vanskeleg å overdrive kva tillit har å seie, særskild i krisesituasjonar. Nett at myndigheitene stolar på borgarane, og borgarane på myndigheitene, er ein heilt sentral føresetnad for at ei krise skal bli handtert godt. Difor er det heller ikkje overraskande at nett *tillit* blir løfta fram som ein stor positiv verknad i rapporten til koronakommisjonen (NOU 2021: 6, 2021, s. 23–24)<sup>2</sup>. Meir enn noko anna er den nordiske modellen tufta på ei forståing av at ein er i lag om noko større enn ein sjølv, og på ei vilje til å ofre litt av eigen velstand for å tryggje dei som treng det. Samfunnsmodellen i Noreg er fellesskapsorientert, og reflekterer eit samfunn kor *vi-et* står sterkare enn *eg-et* (Christensen & Berg, 2019).

Dei analyserte tekstane tyder blant anna på at Regjeringa har gått langt i å nytte seg av dei kulturelle føresetnadene. Ein ser at toposane og metaforane, som har synt seg i analysearbeidet, i stor grad har rot i *det norske*. Utnyttinga av dei kulturelle omgjevnadene verkar å ha utgjere ein vesentleg del av den kommunikative strategien til myndigheitene. Det er liten tvil om at det norsk-kulturelle gav myndigheitene rom å spele på, og spørsmålet vidare blir: På kva måte nytta dei seg av dette spelerommet?

---

<sup>2</sup> *NOU 2021: 6: Myndighetenes håndtering av koronapandemien* blei levert av koronakommisjonen til statsminister Erna Solberg 14. april 2021. Kommisjonen bestod av 12 kommisjonsmedlem, med Stener Kvinnsland som leiar, og med Siri Halvorsen som sekretariatsleiar for ytterlegare åtte. Kommisjonen blei oppnemnd ved kongeleg resolusjon 24. april 2020.

## DET STORE VI-ET

Noreg er me glade i *vi-et*, som er ein effektiv reiskap for å syne eit i dag mangfaldig folk som ei enkel eining (sjå side 45). Ein skal samstundes vere medviten nett kor djuptsitjande det norske *vi-et* er, og kva toposar som gjer seg gjeldande.

Ein kan syne spor av fellesskapstanken allereie i kjelder om norrøn tid. I til dømes Håvamål er venskap, brorskap og familie gjennomgåande tema (Mortensson-Egnund, 1981). Kristendommen gir oss andre, men liknande spor å følgje. Ein skal vere glad i og bry seg om nesten sin, ein skal gjere mot andre som ein vil dei skal gjere mot deg, og den minste goden må kunne vike for ein større. Alle desse er kollektive toposar, djupt forankra i det norske samfunnet. Dei er delar av vår felles kulturelle arv, og eit uttrykk for noko av kva det vil seie å vere norsk. Nett dette verkar Regjeringa å ha vore viss.

Liv og helse er den største goden, og mindre godar, som arbeid og skule, måtte vike. Ein skal bry seg om nesten sin ved å halde avstand. Ein må leve med avstand til andre for å bidra til fellesskapen – *vi-et*. *Vi* er på lag, og eit lag dreg i same retning, saman. Desse er toposar som grensar mellom det kollektive og det argumentative, og står fram som legitime argument, som forankra i ein kollektiv kulturell kontekst. Sagt annleis, er fleire av dei argumentative toposane underforståtte, som ein del av den overordna appellen til samhald, solidaritet og dugnad, som alle er uttrykk for positivt ladde, norske ideal.

Andre toposar er meir konkrete, som i korleis lagtanken kjem fram i A3, kor fotballkampen blir nytta som metafor. Også landskapsmetaforen til Høie i A3.2 forsterkar fellesskapstanken, med å stå i ein klar relasjon til den særnorske kjærleiken for fjellet, fjellturen og naturen. Det er *vi* som er glade i å gå fjellturar, det er *vi* som veit at ein må vere varsam i møte med naturen, og det er *vi* som har nådd Høies metaforiske fjelltopp – i lag. Slik ser ein at metaforane, og toposane dei spelar på, har som funksjon å binde saman ulike samanhengar, og å skape nye. Fjellturar og fotballkampar er konkrete og kjende aktivitetar, medan utfordringane i samfunnet er ny grunn. Ser ein til Gabrielsen (2008, s. 62-76) er desse metaforane forankra i den kognitive topikken, då dei nyttar kjende og etablerte tolkingsrammer til å gjere ein elles abstrakt fellesskapstanke konkret og heilskapleg. Metaforane leier oss til ei viss forståing og ei bestemt tolking, med å byggje bru mellom ein ny situasjon og aktivitetar og idear ein kjenner frå før.

I A2.2 kan ein til og med argumentere for at illojale hytteigarar blir viste til som truslar mot dei flinkare og meir fellesskapsorienterte. Ikkje berre blir samarbeid, dugnad og laginnsats løfta fram som sentrale, samlande ideal, egoisme blir også sett fram som ein synd med konsekvensar.

Under eitt ser ein at Regjeringa har nytta seg godt av dei dei kulturelle omgjevnadene for å etablere ei forståing av eit breitt *vi*, forankra i ein omfattande norsk-kulturell topologi. Ein kan godt seie at me har vore heldige med å inneha slike kulturelle føresetnader, men ein skal samstundes erkjenne at Regjeringa bidrog aktivt med å aktivisere og appellere til desse underliggjande toposane, også i grunngevingane og rettferdiggjeringane deira. Ein skal likevel vere medviten veikskapen med denne strategien (sjå side 45), om korleis «vi» med naudsyn neglisjerer «dei andre», noko som også koronakommisjonen har peikt på som eit kritisk område i ein elles funksjonell krisekommunikasjon frå myndigheitene (NOU 2021: 6, 2021, s. 186–187).

## VELFERDSPREMISSEN

Folket gir litt meir til myndigheitene, men får attende eit løfte om tryggleik, som går langt utover det som er vanleg i demokratiske land ein kan samanlikne med. Berre når dette løftet blir erfart som innfridd, blir velferdsstaten opplevd som legitim. Difor er det ikkje overraskande at Regjeringa var tidleg ute med lovnader om støtte, her frå A1.1 segment 62-65:

Vi må håndtere denne krisen uten å skape store varige problemer på norsk næringsliv.  
Vi kommer tilbake til de mest akutte tiltakene for dette i morgen.  
Men også næringslivet er tjent med at smitten ikke sprer seg slik at enda flere må være hjemme enda lenger.  
Nå må vi uansett sette liv og helse først

Ein ser samstundes at løftet har ein premiss liggjande til grunn, ein føresetnad om at næringslivet er tente med å sjølv bidra. Det er altså ikkje snakk om eit grenselaust løfte om kompensasjon. Det ligg også nedfelt eit underliggjande poeng, om at ein sjølv ikkje Noreg vil vere i stand til å kompensere for økonomiske tap om smitta blir verande over tid. Med andre ord, kan ein tyde ein begynnande reservasjon frå Erna Solberg, og slik blir det danna eit bilete av situasjonen som *ekstraordinær*.

Ein slik situasjonskarakter gjer det mogleg å argumentere for kvifor velferdspremissen ikkje blir møtt i full grad, og gir rom for ei framtidig rettferdiggjering av støtteavgrensingar. Koronakommisjonen peiker på at dei økonomiske konsekvensane er, og blir, langt større enn kva nokon kunne førestilt seg i perioden materialet mitt omhandlar (NOU 2021: 6, 2021, s. 426). Likevel kan ein sjå spor av at Regjeringa forsøker å balansere mellom å love velferdstrygge og å reservere seg. Dei viser vilje til omsyn og politisk handlekraft, men er ein forstår også at offentlege støtteordningar berre kan bere byrda til eit viss punkt.

Slik koplar Regjeringa premissen om velferdstryggleik til den overordna fellesskapstanken, som også har stor plass i den norske samfunnsmodellen. Kort sagt oppmuntrar Regjeringa næringslivet til å bidra det dei kan, med å understreke at ingenting er viktigare enn liv og helse. Sagt annleis vil næringslivet berre tene på å «vere med på dugnaden», ikkje minst frå eit økonomisk perspektiv. Forståinga av at «det beste for alle er til det beste for deg» syner seg som ein viktig argumentativ topos i dette tilfellet, der solidaritet blir fremja som den mest *effektive* løysinga. Slik argumenterer Regjeringa for at det er føremålstenleg for dei meir individualistiske å støtte opp om fellesskapen, og om dugnadsstrategien.

### **KVIFOR VAR DUGNADSAPPELLEN SÅ EFFEKTIV?**

I «Språkleg unntakstilstand» av Lars Ivar Nordal (2020), i andre publikasjon av Språknytt i 2020, uttalte Ida Seljeseth seg om korleis ho oppfatta dugnadsomgrepet i samband med koronadiskursen til myndigheitene, nett med eit klarspråksperspektiv til grunn:

– Det å oppfordre til dugnad har vore effektivt. Det er eit ord me alle har eit forhold til: Innvandrara lærer det på norskopplæringa, og mange har sterke kjensler knytte til fenomenet *dugnad*, både positive og negative. Så det er eit godt ord når ein skal aktivisere innbyggjarane. Ein dugnad er jo ein eigeninnsats til beste for ein sjølv og for fellesskapet. Og det er akkurat det dette handlar om, seier ho.

Her set Seljeseth ord på nett kor effektiv dugnadstoposen er, og korleis dugnadsappellen hadde føresetnader for å verke inn på intenderte mottakarar i eit vidt spenn: Dei som blir motiverte av kva som er best for seg sjølve, dei som vil bidra til fellesskapen, dei med positive assosiasjonar til dugnad frå før, og dei med negative. Sjølv negative kjensler er kjensler, og ein aktivisert mottakar er betre enn inga merksemd i det heile. Å vinkle ei løysing som positiv for både seg sjølv og andre, syner seg også som eit effektivt kommunikativt grep. Slik kan dugnadsomgrepet appellere til eit stoisk ideal, men også fellesskapsorientert pliktetikkk, med tyngd på kva etiske prinsipp som gjer seg gjeldande i situasjonen (Sagdahl, 2020). Uavhengig av kva som appellerer til den enkelte, vil dugnadsappellen ha oss til å erkjenne ei enkel situasjonsforståing: Det beste for fellesskapen, er også det beste for individet.

Ser ein attende til denne perioden, tyder alt på at oppmodinga til dugnad var ein god strategi, og ein appell folket i stor grad tok til følgje. Den 11. mars 2021 rapporterte SSB om at 2020 bar med seg ein liten *nedgang* i dødsfall i Noreg, til skilnad frå mest alle samanliknbare land

(Sønstebø, 2021). Noko må altså ha fungert, også i den kommunikative framferda. Det same har no blitt konkludert med av koronakommisjonen, som peiker på generelt god krisekommunikasjon frå myndigheitene (NOU 2021: 6, 2021, s. 185–187). Denne framferda var dugnadsappellen ein del av, og det kan vere liten tvil om at dugnadstoposen skapte positive kommunikative verknader, som ein del av den overordna kommunikasjonsstrategien til myndigheitene.

## **DUGNADENS ETTERSPEL**

Det er likevel noko som skurrar. Ein dugnad er eit arbeidstiltak kor ein arbeider saman om noko ingen klarer aleine. Når denne forståinga blir nytta som metaforikk i møte med pålagde tiltak, forbod og straff, blir det konflikt mellom appellen og den kollektive forståinga av dugnad, som ein kollektiv topos. Innleiingsvis var det i stor grad snakk om ein open appell til det frivillige, og til å hjelpe andre, men over tid blei det nytta fleire pålegg, restriksjonar og forbod. Den aukande graden av regulering var jo ei indirekte erkjenning av at frivilligheita og dugnadsinnsatsen ikkje var god nok. Frivilligheit og regulering er motsetnader, noko som peiker på at dugnadstoposen har heilt klare avgrensingar.

Sagt annleis kan ein stille spørsmålet: Har dei overvurdert dugnadstoposen? Dugnad har aldri vore meint som ein heiltidsaktivitet. Det er dessutan noko grunnleggjande paradoksalt med å oppmode til ein dugnad som avgrensar sosiale samlingar, som sjølvsgd er ein av dei mest givande delane av tradisjonell dugnadsrørsle. Tidstilhøvet kan heller ikkje ha vore heldig, då dei færreste såg på det som sannsynleg at «vegen ned frå fjellet» skulle vere ein pågåande prosess i over eitt år etter at Høie serverte metaforen. I dag syner språkspellet til Høie seg for litt komisk, og alt for optimistisk. Difor er det heller ikkje overraskande at dugnadsappellen er mindre synleg når landet i dag går inn i ein tredje runde med nasjonale restriksjonar før påskeferien, eit godt år etter byrjinga på pandemien. Ein ser at dugnad, både som metafor og topos, berre strekkjer seg så langt.

Det ville vore interessant å sjå på nett kva endringar som har funne stad i den kommunikative framferda til FHI, HD og Regjeringa frå første til (førebels) siste fase av pandemien, men dette fell ikkje innfor rammene og materialet denne avhandlinga tek føre seg. Ein skal derimot ikkje sjå vekk i frå at den innleiande kommunikasjonsstrategien kan ha hatt effekt, som ein tvingande omgjevnad overfor seinare endringar i krisekommunikasjonen. Det kan godt hende at den

opphevelege dugnadsappellen er ein av grunnane til at det har synt seg til dels store sprik i den seinare krisekommunikasjonen.

## 4.2 HELTANE, OG KVA SOM SKAPTE DEI

I kriser finn ein heltar, overmenneskelege personar, som går utfordringar i møte med tapperheit – uredde («helt», 2021). Heltetoposen er med truleg blant dei mest djupstijande kulturelle førestillingane me har, ein commonplace dei fleste har ein relasjon til. Ein har dei sterke og kjempande, som ur-helten Herakles (seinare Herkules), og Marvel-heltane frå teikneseriar og dei tilhøyrande samlebandsfilmane. Ein har også dei anonyme og audmjuke, som reiser seg til heltestatus frå stakkarslege kår, frå Askeladden i eventyra til Frodo og Sam i Ringdrotten. Ein har kvardagsheltar, ein har krigsheltar, ein har dei i teikneseriar, i venskap, i politikken og i alle litterære sjangrar.

Ein finn dei vanlegvis som protagonistar i forteljingar. Ein helt må ha ei utfordring å løyse, og helst ein skurk å motsetje seg. På vegen mot målet skal helten også nytte seg av gode ideal, og stå att som eit døme på kva det er å vere eit godt menneske, eit førebilete. Helten er sjeldan aleine, og har som oftast med seg ein hjelpar eller to.

Ser ein attende til tekstane, ser ein klare spor av ei slik forteljing, i første rekkje i oppmodinga til statsministeren om å utøve sentrale norskulturelle ideal, som ein del av løysinga på eit uvanleg problem. Det er solidaritet, nestekjærleik, dugnadsand og frivillighetsrørsle som skal ta oss gjennom pandemien, i følge Regjeringa. Blant anna, ser ein at Solberg er raskt ute med å setje situasjonen i relasjon til tidlegare kriser av liknande karakter: «Vi har greid å komme oss gjennom tøffe tider før – jeg er helt sikker på at vi skal klare det også nå» (Vedlegg 1, segment #24-25). Dei tidlegare helteforteljingane blir ikkje nemnde eksplisitt. Kor nokon vil kople inn forteljinga om korleis hat blei møtt med kjærleik etter terroren 22. juni 2011, vil andre sjå attende til tida i krig og okkupasjon. Det er likevel snakk om norske helteforteljingar, kor *folket* var heltekarakteren, og kor *vi-et* kom gjennom tøffe tider.

Spørsmålet som vidare er verdt å stille, er kva roller talspersonane hadde i helteforteljinga om folket som slo tilbake viruset med solidaritet og dugnadsrørsle. Mykje tyder på at ein kan syne talspersonane som dei typiske hjelparane, som med ulike eigenskapar bidrog til at helten kom godt utav situasjonen. I det følgjande vil eg sjå litt nærare på desse særleine eigenskapane. Eg



vil vie eit blikk på kva roller dei ulike retoriske aktørane har spelt, i forteljinga om korleis Noreg kom godt utav den første bølga av koronapandemien.

## HAN SOM SNAKKAR SAKTE

«Han snakkar med så korte setningar», var kommentaren til ein ven av meg om den retoriske framferda til Bent Høie. Ja, han snakkar med korte setningar, men dette er eit poeng som berre delvis kjem fram i RST-analysen. Ein ser at segmenta til Høie er korte, avgrensa og presise, men dette er han jo ikkje aleine om. Kvifor er det slik at det er nettopp han som blei forstått som ‘han som snakkar med korte setningar’, når det same eigentleg kan seiast om alle dei retoriske aktørane?

*Actio*, framføringa, er nøkkelen her (Grue, 2018b). Til skilnad frå dei andre aktørane, bruker Høie langt meir tid på å framføre setningane sine. At dei blir framførte sakte, og i eit overkant tydeleg format, vil raskt oppfattast som at setningane også er kortare og meir avgrensa enn om dei hadde blitt presenterte i eit raskare tempo. Dei blir også skilt tydelegare frå setningane før og etter. Det har blitt eit aldri så lite kjenneteikn at Høie snakkar sakte, og dette er eit godt døme på ein kommunikativ verknad RST ikkje evnar å gripe direkte, men som er viktig å løfte fram i utforskinga av den kommunikative strategien til Høie, som ein av dei retoriske aktørane avhandlinga tek føre seg.

Ein kan argumentere for at han senker tilgangskrava, og gjer det mogleg for mest alle å hente ut informasjonen. Det er trass alt snakk om omfattande og detaljert informasjon, som intenderte mottakarar kunne hatt vanskar med å oppfatte med ein meir normal talefrekvens. Høie tek seg difor ned til eit nivå alle heng med på, som igjen tek stor grad av omsyn til mottakarar som elles ville hatt vanskar med å fange opp detaljane. Eit slik omsyn tyder på stor grad av språkmedvit. Skal ein følgje definisjonen for klart språk, er det også heilt naturleg å tolke den retoriske framferda til Høie for klarspråkleg, i kraft av tydelegheita han utøver. Ein kan argumentere for at den låge talefrekvensen får han til å verke keisam, og for nokon vil nok dette vere tilfellet, men det skal godt gjerast å verke underhaldande i utgreingar av vedtaksdetaljar i utgangspunktet. Høie er han som tek tida som trengst for å forsikre seg at alle som vil høyre på, får med seg det han seier.

Sagt annleis syner Høie seg som ein politikar som vil ha folk med seg, og som intenderer mottakarar som elles ville hatt vanskar med å fange opp sentral informasjon. Slik teiknar han

også eit bilete av å vere genuin i utøvinga av sitt politiske ansvar, og som oppreist og fokusert i møte med store utfordringar. Den retoriske framgangsmåten tek heller ikkje meir plass enn kva som er naudsynt, og han er heilt konsekvent i å vise omsyn og støtte overfor helsearbeidarane han er øvste ansvarlege for. I «Høie løfter fram helsearbeiderne i nytt kunstverk: – De fortjener det» kommenterer Høie det no ikoniske kunstverket av Pøbel med å seie: «Jeg tolker det slik at kunstneren mener at vi skal løfte frem de som jobber i helsetjenesten og få frem hvor takknemlige vi er for den jobben de står i, spesielt under pandemien» (Haugland, 2021). Kunstverket til Pøbel illustrerer godt korleis mange vil vurdere Høie som ein helse- og omsorgsminister som har teke ansvar, også for at helsearbeidarane blir erkjente, og vigd takksemd og støtte.

## ANDLETET PÅ EIN PANDEMI

Til skilnad frå Høie framfører Nakstad tekstane sine med ein mest daglegdags actio, og Nakstad har langt på veg status som eit reelt bindeledd mellom helsemyndigheitene og folket, som blir understrekt av korleis han blir aktivt nytta som intervjuobjekt av Helsedirektoratet.

Til motsetnad frå til dømes helsedirektør Bjørn Guldvog, er ikkje Nakstad ein helsebyråkrat, men henta frå akuttmedisinsk avdeling på Oslo universitetssykehus. Han står difor fram som ein legitim representant frå helsevesenet, som veit kor skoen trykkjer, og som har erfaring med kommunikasjon med helsearbeidarar som leiar, og med pasientar som lege. «Ingen» visste heller kven han var, før han plutselig blei andletet på pandemien. Her er det nærliggjande å vise til Askeladden, *han vanlege*, som ein dag tok steget opp og fram. Eit mindre synleg innleiande etos kan i dette høvet ha spelt inn som noko positivt, og gitt Nakstad rom til å vise seg sjølv som truverdig i kraft av kva han legg fram, og i mindre grad av forventingar.

Også Nakstad viser fram ro, men uttrykkjer i større grad ein daglegdags normalitet. Ein kan her tenkje at intenderte mottakarar reagerer positivt på ein talar som høyrest normal og kvardagsleg ut i ein unormal situasjon, og som skil seg ut blant aktørar som verkar meir førebudde, og mindre naturlege. Nakstad står fram som truverdig i kraft av autentisitet, og ein har lett for å tolke han som ekte når han ytrar seg. Dette er ein særskild positiv kvalitet i det lange løp, noko som blir bekrefta av korleis Nakstad enno er fast inventar i medielandskapet. At ein enno ikkje har gått lei han, etter over eitt år med faste intervju, seier mykje om graden av truverd han har opparbeidd seg.

Dette med å stå fram som ekte er ein vesentleg del av å etablere eit truverdig etos, særskild i moderne retorikk. I motsetnad til i antikken, som «(...) hadde et større skille mellom personen og talaren, mellom mennesket og den offentlige rollen» (Kjeldsen, 2015, s. 122), vil ein i eit moderne, liberalt og demokratisk samfunn krevje at politikarar og embetsmenn står fram som ekte og medmenneskelege. Dei skal vere av, og for oss, og til sjuande og sist skal dei ikkje stå fram som verken betre eller mindre menneskelege enn det me er. Nakstad treffer oss som ein ekte person, og høyraet også ut som ein. Ein har lettare å finne trøyst hjå sine eigne, og Nakstad har det med å stå fram som «ein av oss».

I *Retorikk i vår tid* peiker Kjeldsen på fleire krav til autentisitet, som han meiner må vere oppfylte for at ein talar skal bli vurdert som *ekte* (2015, s. 122–123). Blant anna skal talaren stå fram som minst mogleg førebudd, altså spontan og utan retorisk utsmykking. Talaren må også verke personleg, og uttrykke ekte engasjement for temaet og publikummet. Som eit tredje punkt peiker Kjeldsen på korleis det er viktig å vere konsekvent i uttrykket over tid, og å ikkje gå på akkord med seg sjølv og biletet ein har opparbeidd. Nakstad treffer desse punkta i stor grad. Han står fram som daglegdags og engasjert, som konsekvent over tid, og med eit reelt engasjement for publikum og sak.

Ein ser at hans retoriske framferd også byggjer på ei utstråling av ro og fred, trass ein kaotisk og forvilt situasjon. Han er alltid avmålt og rasjonell, og lar ikkje kjensler stå i vegen for utgreiingane sine. I boka *Seneca*, om den stoiske filosofen med same namn, blir følgjande skrive om den menneskelege rasjonaliteten: «Human rationality, in Stoicism, is manifested in the individual's exercise of control over his or her own disposition towards the world» (Fitch, 2008, s. 89). Ein ser at Nakstad oppfyller kravet til stoisk rasjonalitet. Han erkjenner situasjonen for det han er, og lar seg ikkje påverke av irrasjonelle instinkt, som frykt. Slik sikrar han eit bilete av kontroll, og står fram som eit førebilete intenderte mottakarar kan strekkje seg etter. Han er også konsekvent og stødig over tid. Dette er eit trekk som står i motsetnad til den opportunistiske sofistiske retorikken (sjå side 12), kor ein endrar strategi og uttrykk alt etter situasjonen.

Nakstad er ikkje åleine i utøvinga av ein stoisk rasjonalitet. Talspersonane står under eitt fram som stødige og stoiske i møtet med ein uavklart og spent situasjon, men ein av dei står framleis fram som særleg stoisk i det retoriske uttrykket; Camilla Stoltenberg (sjå side 47-48).

## DEN STOISKE KUNNSKAPSFORMIDLAREN

Til skilnad frå Nakstad og Høie, kom dei personlege retoriske kvalitetane til Stoltenberg godt fram allereie i RST-analysen. Grunnen til dette er at hennar retoriske actio har ei akademisk framtoning. Ho verkar å operere med ei forståing av korleis til dels komplisert informasjon skal formidlast på ein god og forståeleg måte. Ein ser dette i analysen av A1.4, kor skal ein leggje merke til korleis Stoltenberg, meir enn nokon annan, nyttar oppsummerande og gjentakande satellittar etter kvart faguttrykk. Med ein slik framgangsmåte blir det intendert ein mottakar som har vanskar med å forstå dei helsefaglege omgrepa, og teksten tek såleis føre seg opp til fleire forklaringar, definisjonar og gjentakingar, alt med mål om å modellere intenderte mottakarar til ei forståing av informasjonen generelt, og omgrepa spesielt.

Stoltenbergs evne til å gjere informasjonen tydeleg og forståeleg er jo interessant nok i seg sjølv, men ein skal også vere medviten korleis ein slik retorisk framferd er passande til rolla FHI innehar i materialet. Det er høveleg at talspersonen for FHI, som bevisførande og forskingsorientert kunnskapsleverandør, formidlar fagkunnskapar på ein stoisk og sindig måte. Ho er den som snakkar fag, på same måten heile tida. Slik står ho fram som urokkeleg, i kontroll, og lite påverka av kor utrygg situasjonen er.

For det andre er det utøving av ein sterk etos å formidle dette innhaldet på ein måte som tek omsyn til intenderte mottakarar som står utanfor det helsefaglege. Formidlinga slår ein som kyndig. Å verke kyndig og forstandig er sjølvsgd sentralt for å verke truverdig i utføringa av rolla til FHI som kunnskapsleverandør, og materialet gir inntrykk av Stoltenberg som ein tung, truverdig og forståeleg fagrøyst.

Ein kan her argumentere for at det ville vore mindre høveleg av Stoltenberg (eller Line Vold for den saks skuld) å leggje seg opp på ei daglegdags kommunikative linje, då dei tener ein direkte bevisførande funksjon overfor råda og vedtaka som blir fremja av Regjeringa og Helsedirektoratet. Sagt med andre ord er det ikkje oppgåva til FHI å byggje bru mellom myndigheitene og folket, og heller ikkje å ha ein motiverande eller overtalande funksjon. Oppgåva til FHI er å leggje fram det faglege grunnlaget dei andre aktørane byggjer vedtaka og råda sine på, og det er nett det FHI gjer, i både A1.4 og A2.4 .

